Det norske språk- og litteraturselskap/bokselskap.no, 2013
Jon Klæbo: *Nordlandsliv : Tekstar frå Nordland*, utgave ved Hans H. Skei, 2013.
ISBN: 978-82-93134-03-9
Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

---

Jon Klæbo

# Nordlandsliv
# Tekstar frå Nordland

Utgåve ved Hans H. Skei

2013

FORORD

JON KLÆBO – LIV OG DIKTNING

- Innleiing: Om forvaltinga av Jon Klæbos biografi og dikting
- Jon Klæbos biografi
- Utvalet av dikt og forteljingar

DIKT

- For Nordland
- Nordland
- Nyttårshilsen til Helgeland
- Ho mor får lofotfolket sitt heim
- Innmed land
- Borte frå heimen
- Gleinssongen
- Nordlandsliv
- Til min mor

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Til pastor Dometius

FORTELJINGAR

To dagar i Nordland

Ho Dun-Sesel

Til jul

På reina – over fjorden

«NYE» TEKSTAR AV JON KLÆBO

Ei rispe frå Nordland

Brev frå Nordland (1)

Brev frå Nordland (2)

Brev frå Lofoten

TILLEGGSMATERIALE – TEKSTAR *OM* JON KLÆBO

Eit minneblad (Olaf Lofthus)

Jon Klæbo i Hardanger (Margreta Lutro)

Noko om Glein – fødestaden til Jon Klæbo (Hans B. Klæboe)

SAMLA OVERSYN OVER TEKSTAR AV JON KLÆBO

LITTERATURLISTE

# FORORD

Arbeidet med denne utgåva av utvalde tekstar av Jon Klæbo tok eigentleg til i 1974, men blei den gongen ikkje til meir enn ein oversynsartikkel over liv og dikting i vekeavisa *Dag og Tid* (9. mai 1975). Eg tok så smått tak i materialet att då eg fekk med meg at arbeidet med Blix-biografien gjorde at *Anders Aschim* kom over nytt materiale som galdt bondestudentane frå Nordland i Christiania på 1860-talet. Jon Klæbo var ein av desse. Eg kom så i gang med det gamle prosjektet – som i hovudsak hadde som mål å samle, modernisere og gje ut dei tekstane Klæbo hadde skrive frå eller om Nordland.

Eg har gjort dette arbeidet ut frå ei overtyding om at dei beste tekstane Klæbo skreiv, er gode nok til å bli tatt vare på, og det kan vi berre gjere ved at dei blir tilgjengelege i ei moderne form. Når tekstutvalet blir lagt fram no, har det ikkje så lite å gjere med at nettutgjeving er blitt mogleg. Det norske språk- og litteraturselskap driv nettstaden bokselskap.no, og det har heile tida vore meininga å gje ut denne tekstsamlinga der og ikkje som vanleg bok.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Eg takkar særleg Anders Aschim for velvilje og hjelp, og takk går òg til Gudmund Harildstad ved Norsk Ordbok 2014 for hjelp med gamle nynorske kjelder, og til kollega Jon Haarberg ved Universitetet i Oslo som har lese heile manuskriptet.

Oslo, januar 2013

Hans H. Skei

# JON KLÆBO – LIV OG DIKTNING

# Innleiing: Om forvaltinga av Jon Klæbos biografi og dikting

Det er noko nesten uverkeleg over Jon Klæbos korte liv, slik det er noko merkeleg og ubestemmeleg over korleis livet hans er blitt framstilt, og korleis litt av diktinga hans fekk ein plass i den tidlege landsmålslitteraturen. Vi kunne sjølvsagt gjere det enkelt og seie at det var særlege evner, eit godt hovud, diktargåva, som slo seg fram trass umoglege føresetnader. Vi kunne sjå på Klæbos veg frå ytste utkant av landet til studiar og skrivearbeid i hovudstaden som ei klassereise som på grunn av sjukdom og død blei avbroten altfor tidleg. Vi kunne seie at ein mann som valde å vere anonym i det meste han skreiv, og som knapt var kjent som diktar for andre enn ein liten krins av studentar og målfolk, ikkje kunne vente anna enn tidleg gløymsle. Men det blei gjort heilhjarta forsøk på å samle og gje ut det meste han hadde skrive så tidleg som i 1888, og eit nytt og smalare utval – som samla landsmåltekstane – kom ti år seinare. Elles fann eit enkelt dikt og ei novelle – helst i sterkt nedkorta form – vegen til fleire lesebøker og antologiar. Klæbo var utan tvil ein av landsmålsdiktarane som skulle og måtte med i lesebøker for nynorskelevar etter at vi hadde fått jamstellingsvedtaket. Eit par tekstar blei så å seie kanoniserte ved å bli tatt opp i ei lesebok Arne Garborg og Ivar Mortensson Egnund gav ut, og ved å vere med i tidlege nynorskutgåver av Nordahl Rolfsens leseverk for folkeskulen så vel som i andre lesebøker. Ei lita samling med dikt kom i 1934 – seksti år etter at diktaren døydde. Men å finne bruk av tekstane hans seinare, er vanskeleg – anna enn i nokre få artiklar om diktaren, og ut frå lokal interesse. I forkorta utgåver (frå Garborg/Mortenson-boka) finst «Ho Dun-Sesel» og «Ho mor får lofotfolket sitt heim» på nettet – lagt ut av Ivar Aasen-tunet (http://www.aasentunet.no).

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Ein liten merknad om stavemåten av namnet: Dei første tekstsamlingane hadde båe forfattarnamnet *John* Klæbo, og slik finst det skrive i fleire antologiar, lesebøker og liknande. Men Anton Chr. Bang brukar konsekvent Jon i *Erindringer*; det same gjer Ove Bakken i *Håløygminne*, 2, 1933 og i *Dikt* frå 1934, og med eit unnatak eller to, gjer alle andre som seinare har skrive om han, det same. Det må difor vere både rett og rimeleg å bruke Jon Klæbo her, utan vidare spekulasjonar.

Nokre få tekstar av Klæbo levde altså vidare gjennom fleire tiår, men i dag må ein seie at dei er gløymt og borte. Dei som først samla og tok vare på eit nokså omfattande utval av det han hadde skrive, tok også ansvaret for å skrive livshistoria til mannen. H. G. Heggtveit er det viktigaste namnet her, sjølv om ein også må nemne Klæbos fetter, Anton Chr. Bang som både skreiv eit kort forord til 1888-boka, og er innom Klæbo mange gonger i sjølvbiografien sin frå 1909, *Erindringer*. Ein må kunne seie at dei laga eit glansbilete av mannen, samstundes som dei vurderte forfattarskapen i høgste laget. Dessutan er diktarportrettet Heggtveit gir oss, heilt i tråd med ein tradisjonell kunstnarmyte der Klæbo blir sjuk og taper i livsens strid på grunn av at han såg med mismot på framtida for dei sakene han stridde for. Vi har med eit hagiografisk minnebilete å gjere, og det er kanskje ikkje til å undrast over når det er nære vener som teiknar biletet.

Ein må likevel ta H. G. Heggtveit på alvor og forstå teksten hans både i høve til at han var ein nær venn av Klæbo, og at han freista å fremje ein forfattarskap han sette pris på, men visste var så godt som ukjent. Det oversynet han gjev av Klæbo både som menneske og diktar, skriv seg inn i ein særeigen sjanger der det knapt kan ventast kritiske merknader. Litt uventa, men typisk for tida og for korleis målfolk ofte måtte gjere, er den biografiske skissa om Klæbo på riksmål i 1888-utgåva, medan ei nynorsk omsetjing er sett inn som etterord i samlinga med tekstar på landsmål som kom ti år etter. Ein kan berre spekulere over kvifor det blei slik, men det er sjølvsagt viktige år for framveksten og utbreiinga av landsmålet som ligg mellom dei to utgjevingane.

Ein annan viktig skilnad mellom dei to bøkene er at Klæbos fetter, Anton Chr. Bang, skreiv eit forord til første boka – og det er til og med reklamert for forordet på framsida av boka sjølv om Bang enno ikkje var blitt biskop, men berre er

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

«Professor Dr. A. Chr. Bang». Det vesle forordet er interessant på mange måtar, både fordi det er ein autoritet og ein nær slektning som her vurderer Klæbo høgt som menneske og diktar, og fordi Bang seinare skulle skrive utførleg mellom anna om oppveksten han delte med Klæbo. Dei to ser ut til å ha vore nære venner heile livet; i alle fall er det slik Bang både i forordet frå 1888 og i *Erindringer* frå 1909 framstiller det. Vi skal gå nærare inn på dette litt seinare og sjå at det kanskje ikkje var fullt så enkelt.

I forordet til 1888-utgåva av Klæbos skrifter skriv A. Chr. Bang mellom anna:

> For det store Publikum vil vistnok Forfatteren saa omtrent være ubekjendt. Det meste og bedste af hans literære Produktion foreligger trykt paa yderst forskjellige Steder i en Sprogform – Landsmaalet, – som hidtildags kun faa inden vor Nation er bleven fortrolig med. Min afdøde Fætter og Barndomsven var dybt grebet af Maal-Tanken; det er fuldt stemmende med Virkeligheden og overmaade træffende, naar Udgiveren i sin biografi siger om han, at han gik tilgrunde under sin Stræben for at realisere sine Idealer i national Retning. Hans Livs Kraft opbrugtes og forbrændtes under Begeistring og Arbeide og – Mishaab med Hensyn til Maalsagen. Under dette slog imidlertid hans vistnok betydelige Digter-begavelse ud og afsatte Frugter af varigt literært Værd. [ …] Mange vil i Samlingen opdage en før ukjendt Digter. Enkelte vil maaske være enig med mig i at se i ham en Lyriker av Rang.
>
> Men naar jeg tænker paa det bedste ved den bortvandrede Forfatter, det som var hans Kraft i Livet og Lys i Døden, da vil det ogsaa være passende at slutte disse Linier med det skjønne Ord, der saa ofte møder os i de gammelkristelige Indskrifter: Vivas in deo! Lev i Gud! (Klæbo 1888, 1).

Bang har skrive forordet heilt i tråd med diktarportrettet Heggtveit gjev i innleiinga, og som blir avslutta med følgjande dom:

> Med Hensyn til hans Personlighed rammer man Hovedsagen ved at sige, at han var en komplet Lyriker. Allerede fra Barndommen var han et Stemningsmenneske, og uagtet han besad grundige Kundskaber og kunde tænke baade klart og dybt, saa blev Følelsen og Stemningen mer

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

> og mer det overveiende hos ham. I Omgang var han livlig, ofte pirrelig, et stort Barn igrunden, men altid af en meget nobel og elskværdig Karakter, og «faa Mænd har vistnok levet et saa rent Liv som han» (Heggtveit 1888, 11).

Det som er merkeleg, er at ingen seinare har stilt spørsmål ved det første portrettet av denne unge døde diktaren, for det har trass tidleg gløymsle vore nokre spreidde bidrag som skulle sikre at han ikkje blei heilt gløymt. Det kan kome av mangel på kjeldemateriale; det har vore svært lite ein kunne finne ut om Klæbos liv utan å gå vegen om andre og sjå kven han var saman med, og kva ein frå denne fellesskapen kunne få ut om Klæbo sjølv. Ein skal kanskje heller ikkje gløyme at Klæbo var ein smålåten mann som sjeldan tok ordet i forsamlingar, og som altså skreiv det meste under mange forskjellige pennenamn, og at han med andre ord korkje var ein sentral aktør eller ein stor og produktiv diktar. Minneordet som redaktøren i *Bergens Tidende* – der Klæbo trykte det meste han skreiv dei to–tre siste åra av livet sitt – sette på ein måte endeleg sluttstrek for eit liv i strev og motgang, med litt framgang på diktingas område – ved å slå fast at Klæbo kunne ha blitt ein viktig mann i kampen for målsaka, og at «mann som han, vart sjeldan funnen / hjartevarm og god til grunnen» (Lofthus 1874). Ein kan seie at dette minneordet sette ein tidleg standard, som Heggtveit og Bang sementerte med det dei skreiv om Klæbo i 1888.

Dei fleste freistnadene som etter 1900 og gjennom meir enn hundre år er blitt gjort for å halde minnet om Klæbo levande, har som nemnt anten skjedd ut frå omsyn til lokal forankring (Helgeland, Hardanger), eller er grunna i den innsatsen han gjorde som ein tidleg brukar av det nye skriftspråket vårt. Det har kome lite eller inkje nytt, og hovudtrekka i det Heggtveit skreiv, er ført vidare, om ikkje som direkte avskrift, så i alle fall i same ånd. Når det gjeld kva Klæbo sto for og kva han kjempa for, er det kanskje ikkje så mykje å klage på. Det går tydeleg fram av det han skreiv at han hadde ei sterk tru på folket, og på framgang og vokster i landet vårt om vi tok vare på det beste i arven frå forfedrane. På sett og vis kan dette seiast å ha blitt godt ivaretatt og vidareført i det frilyndte ungdoms- og norskdomsarbeidet som hadde stor framgang langt inn på førre hundreåret. Klæbo hadde ei sterk kristentru og gav ofte uttrykk for at han var redd for kva som ville skje om trua blei borte, og det førte til mismot og til brot med folk han

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

elles såg opp til når det galdt målsak eller større politiske saker i landet vårt. Men det tok ikkje livet av han, og han dikta kanskje meir på minnet om «mor og heim» enn dei sakene han kjempa for. Så sjølv om det er forvitneleg at Kristoffer Uppdal kallar ein av sine «Håløygske sonettar» for «John Klæbo», er forståinga av kva som ligg bak diktinga til Klæbo, og kva som knekte han, på innfløkt vis samanfallande med den vi har sett hos Bang og Heggtveit. Det er òg vanskeleg å sjå korleis biletbruken i sonetten faktisk kan vise tilbake til Klæbos dikting, men sjølve det faktum at Uppdal valde seg Klæbo for ein av sonettane, seier litt om plassen han trass alt hadde i landsmålsdiktinga – ei kort stund.

Ein morgon skyver fram si solhjul-vogn
mot væra millom berg og røysestein.
Og bu-røyk brenn, det syng frå rokk og tein,
det luktar oljeplagg og fiskar-gogn.

Og alt er ysmevårblå solskins-logn
og fugl på reir og egg langs gråberg-lein,
og lamm og killing smakar grasvarm rein,
og fivreld løyser duft or hegg og rogn.

Og barnål-bakken under gran og toll
– der hender samlar egg ved solskjels-poll –
er varm som hendene på mose-stryet.

Hans skalde-sjel or solvår-groren glødde.
Men kuldenæter brende sjele-hyet
– og store sumar, dømd, i hel seg blødde.

Det einaste «nye» som eigentleg har kome fram etter 1900 er noko av det Ove Bakken henta fram og trykte i eit nummer av *Håløygminne* i 1933. Det gjeld den fine forteljinga om Klæbos år i Hardanger, og i litt mindre grad den heller tynne skildringa av Klæbos fødestad, Glein. Båe tekstane er tatt med som «ekstramateriale» til slutt i denne tekstsamlinga, saman med minneordet til Lofthus. Det Ove Bakken sjølv hadde å seie om Klæbo både i *Håløygminne* og i forordet til den vesle samlinga med Klæbodikt han gav ut (Bakken 1934), er heilt

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

ut i tråd med dei tidlegaste minneteikningane. Andre, mindre bidrag om Klæbos liv og virke – til dømes av Ole Løkås, Halldor O. Opedal, Hans H. Skei og Johannes Gjerdåker (sjå litteraturlista) – kjem sjeldan vekk frå dei enkle sanningane som dei har frå Heggtveit og frå Klæbos eigne tekstar. At Klæbo blir nemnt i ei bok som *Det nynorske skriftlivet* (Stegane 1987), skulle vel eigentleg berre mangle, men det er eine og åleine Klæbos frykt for at målfolka var i ferd med å grave vekk grunnen under kristendommen som blir tatt opp. Frykta var ikkje grunnlaus på 1870-talet, men dette endra seg til det betre seinare – ikkje minst på grunn av Blix og den rolla han kom til å spele på fleire område.

Spørsmålet ein må stille seg, er om det let seg gjere å finne ut meir om livet både i det ytre og indre – korleis han levde, og kva han gjorde, men også kva han tenkte, ønskte, vona, drømte om. I tillegg til det materialet eg har nemnt ovafor og Klæbos eigne skrifter, er det særleg dei mange breva frå Klæbo til Anton Chr. Bang som kan tene til å kaste nytt lys over mange ting i livet hans gjennom dei ti siste leveåra, slik nokre få brev til andre også kan gje eit bidrag. Her står eg i stor gjeld til Anders Aschim som har skrive den strålande biografien om Elias Blix, *Ein betre vår ein gong* (2008). Aschim kom borti mange «bipersonar» i Blix sitt liv. Mange av dei var bondestudentar frå Nordland i Kristiania. Ein av dei var Jon Klæbo, og eg har fått lese ting han har skrive om nordlandsstudentane i Christiania på 1860-talet, sjølv om eg her berre så vidt er innom nokre av dei fordi Klæbo kjende dei eller hadde med dei å gjere.

Men lat det samstundes vere klårt at eg ikkje tar sikte på ein heildekkande biografi på grunnlag av nytt kjeldemateriale. Eg ser det berre som rett og rimeleg å utvide, nyansere og problematisere det vi så langt har visst om Jon Klæbo, og har elles – via breva – vore så heldig at eg har kunne føre prov for at Klæbo har skrive fleire tekstar vi før ikkje visste var av han.

# Jon Klæbos biografi

## Av godtfolk vera fødd

Klæbo blei fødd på Glein på Dønna den 15. september 1839. Foreldra var styrmann Peder Johan Klæbo og Marit Kathrine Bang. På farssida har familien

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

etter alt å dømme røter attende til ein Peder Hanssøn som var prest i Klæbo soknekall ved Trondheim. Slekta til mor hans skal ha innvandra frå Jämtland. Jon Klæbo skal ha likna mest på henne, ei streng kvinne som var «inderlig gudfrygtig paa gammeldags Vis» (Heggtveit 1888, 5). Mest utførleg informasjon om dette får vi kanskje frå Bangs *Erindringer*, for det er ikkje berre slik at Anton Chr. Bang og Jon Klæbo var søskenbarn – dei to slektene er svært nært knytt til kvarandre slik at mor til Bang også var søskenbarn med Jon Klæbo. Det kan òg vere verdt å nemne at namnet Ole Edvard går att i slekta, og at diktaren med etternamnet Rølvåg er nært i slekt. Når Bang gjev så utførleg greie for slekta han kjem frå, er det ut frå ei vanleg forståing av at det er slekt eller ætt som avgjer kven du er, og at det er stor hjelp og trøyst i det som Vinje – i langt meir allmenn tyding – kalla «av godtfolk vera fødd». På Dønna ser det ut som slektene Bang og Klæbo har vore busett på Solfjell; bestefar til Jon Klæbo på morssida, Anders Bang, hadde gard der. I Klæboslekta kom tre brør til å bu i Våg; den eine av desse var Hans Karl Klæboe som busette seg på Sigerstad, og som med Margrete Mikkelsdatter Hafstein fekk tre døtrer – den eine av desse, Mariane, er mor til Anton Chr. Bang. Den andre av brørne var Peder Johan Klæbo, far til diktaren, gift med Marit Kathrine, og busett på Glein (Gleinsgarden eller det som seinare blei heitande Moen gård). Den tredje broren, Jon, er altså onkel til diktaren og busett i kårstua på Sigerstad. Han var gift, men barnlaus. Bangs ungdomsminne krinsar mykje omkring gamle Jon Klæbo som dei to gutungane, Anton og Jon, hadde stor glede av å vere saman med.

Bang skriv tidleg i sine erindringar litt om foreldra til Jon Klæbo, og det er nok vanskeleg å kome dei nærare eller få meir kunnskap om kven dei var og korleis dei levde enn det vesle vi får her. Om far til Jon Klæbo, Peder Johan, heiter det at «Gaardsbruget gav han sig ikke af med, da han om Vinteren drev Fiske i Lofoten og om sommeren var Skipper, det vil sige Fører – Kaptein og Lods – af en Nordlandsjægt, tihørende Hans Mørch på Hestad» (Bang 1909, 7). Om mor til Jon Klæbo, Marit Kathrine, stadfester Bang det Heggtveit skriv i den biografiske skissa i *Digte og Fortællinger*: » – en sjelden Kvinne, af et dybt og varmt Gemyt, yndig og harmonisk i al sin Færd» (Bang 1909, 8). Ho fekk mange barn, men Bang nemner så vidt ein eldre bror, Ole Edvard Klæbo, som var evnerik, men hadde hug til sjølivet og fann si grav på havet, men har heller ikkje stort meir å seie om «Digteren Jon Klæbo, min Fætter og Barndomsven», sjølv

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

om han kallar han «denne sensible, poetiske Natur med sin fremtrædende lyriske Begavelse» og lovar at «Om ham vil der senere ofte blive Tale» (Bang 1909, 8). Det løftet held Bang vel eigentleg ikkje, anna enn når det gjeld det dei to delte av leik og skulegang medan Jon Klæbo budde hos onkelen sin, gamle Jon Klæbo, på Sigerstad gjennom vinteren etter at lofotfolka var farne nordover.

Både i kommunal og kyrkjeleg samanheng var den nordre delen av øya (det som frå 1888 blei Dønnes kommune) knytt saman med Nesna. Såleis hadde Dønnes og Nesna felles heradsstyre frå 1838 til og med 1887, og konfirmasjonen var lagt til Nesna. Men det var både kyrkje og skule på Nord-Dønna (Dønnes), og mangt i Jon Klæbos dikting er prega av orienteringa nordover og utover frå Glein. Det er heilt klårt slik at så lenge sjøen var beste og enklaste vegen å kome seg frå stad til stad, var folk på den nordlege delen av Dønna orientert nordover og innover gjennom Ranafjorden. Det organisatoriske samarbeidet med Nesna drog i same retning, men det er båtruter og handelsstader og kommunikasjonsvegar som gjer at vi ikkje må sjå det som altfor urimeleg at Dønna i lang tid var delt i to kommunar – Nordvik (eigen kommune frå 1916, skild frå Herøy) og Dønnes – og at dette varte heilt fram til 1962.

## Barndom og ungdom

For Jon Klæbo er det Glein og Sigerstad og skulen i Snekkevika som er stadene på Dønna, men Glein står i ei særstilling. Han tenkte nok som ein annan diktar på denne plassen som der «mor og far sin hugnad fann / og sleit og livde vel». Kanskje bør vi legge til at eit strevsamt liv, ofte i einsemd og under fattigslege kår, kunne få sjølve Barndomslandet til å skine med ekstra glans. I dette som nesten er ein hildringsheim står Mor som det einaste faste punktet som ein kan orientere seg etter. Det gjeld for Bang som for Klæbo at mor har ein einestående posisjon i minna deira; Bang mista faren på Vestfjorden då han var sju år gamal; Klæbos far døydde i 1859, noko som i alle fall gjorde at berre mor sat igjen heime etter at Jon drog heimafrå for alvor nett det året – for å ta lærarutdanning i Tromsø. I tunge stunder er det minnet om «den kjære smil av mor» som lyser mot mørketid og mismot.

Heimen til Klæbo har nok vore prega av det strenge og gudfryktige liv som var typisk for slike heimar den gongen, og Klæbos biograf, Heggtveit, seier mellom

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

anna at hans «hjem havde noget vist gammeldags og troskyldigt ved sig». Frå han var seks–sju år gammal og fram til konfirmasjonsalderen budde Klæbo om vinteren på garden Sigerstad, ikkje så mange kilometrane frå Glein, hos onkelen sin som han var oppkalla etter. Her leika og las og kappast dei to evnerike gutane Anton og Jon i vinterdagar som får ein dåm av noko draumeaktig over seg slik det blir skildra både hos Heggtveit og hos Bang. Dagane på Sigerstad skal dei ha fått til å gå slik etter det Heggtveit skriv, og som vi langt på veg kan få stadfest om vi går til Bangs *Erindringer*:

> Dagen begyndte de med, at Morgenbøn blev læst turvis af en af dem; derpaa sang de en Salme eller aandelig Sang, hvorefter de tog frem sin «Garnbinding» og bandt Fiskegarn under den Gamles Tilsyn. Efter Middagen stod de enten paa Ski, agede Kjælkebakke eller gik i «Grandestuerne» og saa paa, mens Folk arbeidede. Naar Lyset tændtes, læste de skiftevis hver sin Aften af «Tusind og en Nat», «Holger Danske» eller af «Kongebøgerne» (Sagaerne) til langt paa Kvelden (Heggtveit 1888, 6).

Sidan Heggtveit kjende Klæbo, skulle ein tru at han hadde denne informasjonen frå han, og i så fall hugsar han det same – med same detaljar og same lite morosame anekdotar – som Bang gjer tjue år seinare. Det meste tyder på at Bang er informanten, ikkje Klæbo. For vi veit eigentleg ikkje kor godt Heggtveit kjende Klæbo. Han seier sjølv at han møtte han ein «Septemberdag i 1869» (Heggtveit 1898, 117), og at han sidan var «oftare saman med honom». Likevel er det berre vel halvtanna år seint i Klæbos liv at Heggtveit har med Klæbo å gjere, for sommaren 1871 flyttar Klæbo til Hardanger. Medan Heggtveit samla og så fekk gjeve ut Klæbo-tekstar i to omgangar, er det utan tvil Bang som er fremste informanten, og difor set sitt preg på den biografiske skissa Heggtveit skriv. Det faktum at Heggtveit-arkivet mellom anna inneheld Klæbos brev til Bang, peikar i same retning – Heggtveit har fått breva frå Bang – kanskje for å vere til hjelp nettopp med livshistoria til Klæbo. Det vesle vi veit om barndom og oppvekst, og som vi ikkje kan vere for kjeldekritiske til, sjølv om vi må ta omsyn til avstanden i tid, minneforskyving og/eller det ein vil oppnå med det ein skriv, har vi frå Bang, og det vi har frå Heggtveit, har nok han frå Bang. Vi kunne ønskt oss betre, men har det ikkje. Så her er nokre detaljar frå vinterlivet på Sigerstad

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

slik Bang skriv om det i 1909:

> Jeg ser tilbake til det personlige Samvær med Jon Klæbo Vinter efter Vinter som den lyseste og lykkeligste Side ved min Ungdom. Formiddagen tumlede vi os i Sneen, gik paa Ski eller Skøiter og levede et friskt og herligt Friluftsliv. Baade Skøiter og Ski lagede vi os selv. Til en Begyndelse nyttede vi Tøndestave, som det var let at gjøre Skier af; siden gik vi så til Bord, som vi høvlede til, gav fornøden Bøining, indsmurte med tjære og Talg og forsynede med Paabinding. Jern til vore Skøiter fik vi af udbrugte Ljaaer, som vi hug til og slibede og satte ind under Træverket. Saaledes var vi selvhjulpne, og vor barnslige Idræt kostede ingenting. Om Eftermiddagene samledes vi hos gamle Jon Klæboe, naar det var blit saavidt mørkt, at Lyset maatte tændes og «Kveldsseta» kunde begynde (Bang 1909, 69).

Vi veit så godt som ingenting om korleis Klæbo hadde det gjennom oppvekståra på Glein, og det er stort sett berre allmenne utsegner og nokså fri dikting om vi freistar finne ut korleis han hadde det på skulen. Vi veit at han gjekk på skule i Snekkevika og hadde Andreas Paulsen som lærar, og vi kunne gå til Bangs *Erindringer* igjen for å sjå korleis han vurderte læraren og det dei lærte. Men eg er ikkje sikker på at vi kjem nærare Jon Klæbo og det som kan ha vore avgjerande faktorar i utviklinga hans. Ein kunne spekulere vidare på ei nokså merkeleg utsegn som Klæbo kjem med i eit brev til fetteren (15.12.1870). Klæbo drøftar spørsmålet om å ta i bruk meir av eigen dialekt i bruken av landsmålet og seier at han kanskje ein gong skal prøve seg på dette – «jeg har adskilligt Stof ifra Glein og det omtumlede Liv jeg havde at gjennemleve i Barneaarene». Dette «omtumlede Liv» veit vi strengt tatt ingenting om. Kva har Heggtveit å seie om oppvekståra til Klæbo ut over det vi alt har sett på?

Ingenting. Ut over det vi alt har nemnt, er Heggtveit innom skulegangen og seier det same som Bang skal skrive seinare, og som handlar om lærar Paulsen og korleis han tok seg særskild av dei to evnerike fetrane og førte dei lenger fram i kunnskap enn ein skulle vente. Skulegangen var berre fem veker om året, og Klæbo var om lag åtte år då han byrja skulegangen. Både Bang og Klæbo kom frå heimar som sette si ære i å lære ungane å lese før dei kom på skulen, i ei tid då

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

mange meinte skulegang var bortkasta tid – mellom anna fordi skulen heldt barna borte frå arbeid som kunne vere avgjerande for om ein familie klarte seg gjennom onnearbeid, fôrknipe eller den lange vinteren med dei vaksne karfolka i Lofoten. Jon Klæbo var i og for seg heldig, sidan han var fødd i 1839, og skulen i Snekkevika blei bygd i 1836 (påbygd 1852). Han var også heldig som fekk ein kvalifisert lærar – dvs. ein med seminarutdanning – som såg evnene hans og tok ekstra omsyn til dei. Det same må ein ut frå alle vitneprov, same kor udokumenterte dei er, kunne seie om konfirmasjonssommaren hans på Nesna i 1856. Her fekk han opplæring i seks veker av sokneprest Dometius, og sommarvekene «stod for ham som en saare lykkelig Tid» (Heggtveit 1888, 7). Det er fullt mogleg at undervisninga hos Dometius var med på å stake ut livsvegen for Jon Klæbo, i alle fall om vi samstundes tar omsyn til at fetter Anton Chr. Bang, sjølv om han var året yngre, gjekk føre og gjorde dristige val som Jon Klæbo knapt ville ha våga om han ikkje hadde eit førebilete. Han meinte nok òg at han kunne klare det same som fetteren gjorde. Bang er sjølvsagt ikkje i tvil om at det var han som fekk Klæbo på tanken om å gå skulevegen: «Efter mit Raad og vistnok ogsaa ledet ved mit Exempel lod han sig optage som Elev av Seminariet [i Tromsø] i 1859. Her fik da hans ypperlige Evner Adgang til at begynde at udfolde sig» (Bang 1909, 106).

Men før Klæbo gjer slike val, gjer han det same som så mange gutar i hans alder – han blir fiskar og ror i eit par år etter konfirmasjonen lofotfisket saman med den eldre broren, Ole Edvard. Han såg ut til å velje det yrket og den levevegen som var mest nærliggande for nordlandsgutar flest den gongen. Røynslene frå Lofoten og frå livet med båt og sjø i det heile tatt har utan tvil sett merke på det meste i den skjønnlitterære forfattarskapen – sjølvsagt aller mest det som omhandlar liv og levevis i Nordland. Detaljkunnskapen om båtar og segl og havstykke og reiskap er viktig i mange tekstar, men det er likevel haldninga til materialet og den stemningsskapande evna Klæbo har, som gjer dei til meir enn høvesdikt eller heimstaddikting.

## Seminarist og lærar

Klæbo kom til Tromsø seminarium i 1859, året etter Bang. Etter to år der tok Klæbo eksamen med utmerking; 1,50 i hovudkarakter og gåve for flid fekk han

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

med seg: «et pragtfuldt indbundet Eksemplar af P. A. Munchs Nationalverk, 'Det norske Folks Historie', som Hs. Majestæt Kongen havde ladet tilstille Seminarierne til saadant Brug» (Heggtveit 1888, 7). Straks etter blei han huslærar hos lensmann Oxaas i Lyngen. Heggtveit og fleire (som vel har det frå Heggtveit) slår fast at han var der i to år, og frå brev veit vi at lensmannen lånte pengar til Klæbo slik at han kunne kome seg sørover og ta til med å studere. Dersom han arbeidde her to år etter eksamen i Tromsø i 1861, høver det godt med at han kom til Christiania og tok til å arbeide og lese der i 1863. Ingen har stilt spørsmål ved den enkle og tilforlatelege forteljinga om at Bang var begynt å studere i Christiania, og han var den som skaffa Klæbo eit vikariat som lærar ved Haugerud skole i 1863. Men ein skuleprotokoll frå Aars & Voss skole – der Klæbo kom til å arbeide i mange år – står det at han «1862–63 var vikarierende Lærer ved en Almueskole i vestre Aker» (Aschim, upub.). Det at Klæbo gjekk opp til artium i august 1864 og klarte seg godt, mellom anna etter privatundervisning i gresk og latin hos fetteren, høver betre med at Klæbo kom sørover i 1862 og ikkje året etter. Det må ha vore stridt nok å klare det han gjorde på to år, og nesten utenkeleg å klare det på eitt år. Det er også klårt at den han vikarierte for, tok artium i 1863, og då må året 1862 vere rett.

Same korleis vi ser det, og same kva krefter og påskundingar og tildriv vi kan finne fram til, har Jon Klæbo sett ut på ei reise som ein sikkert kan kalle «klassereise», men som òg er mangt anna og mykje meir enn ei rørsle frå periferi mot sentrum eller ei sosial rørsle oppover. Vi må også hugse at Klæbo gjorde all sin innsats på folkeleg grunn og til opplæring og oppfostring av nye slekter. Han visste kven han skulle tene. Med grunnlag i ein djup, men frilyndt kristendom og folkeopplysning som rettesnor, kom han etter kvart til å streve for eit folkeleg opplysningsarbeid og for å skape – eller reise opp – eit nytt norsk skriftspråk. Det er nesten ikkje til å tru at Tromsø alt på 1850-talet kunne fostre så mange landsmålsbrukarar – frå Blix via Bang til Klæbo for å halde oss til dei mest opplagte – og alle desse fekk tru og framtidsvoner styrkte når dei i Christiania møtte folk som Vinje og Christofer Bruun. Blix og Bang blei kalla dei to nordlysa, noko Bang ikkje let vere å nemne i sine *Erindringer*. I motsetning til mange andre bondestudentar frå Nordland var dei ikkje berre evnerike, men makta å fullføre lange studium ved sida av arbeidet som lærarar. Seinare nådde dei langt – Blix var både professor, statsråd og stor salmediktar; Bang var ei kort tid

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

professor, var også statsråd, og toppa karrieren som biskop i Oslo. Vi kjenner til andre unge menn frå Nordland frå same tida som fullførte utdanninga og fekk prestekall, men vi kjenner òg til dei som gjekk seg vill på den lange vegen frå fjordbygd eller øy til byliv, fattigdom og slit for å kome seg opp og fram i Christiania på 1860– og 70-talet. Jon Klæbo var ein av dei – sjølv om vi kan hevde at han gjorde eit litt ubestemt val etter å ha laga dei første skriftstykka sine og difor ikkje gjorde ferdig universitetsutdanninga. Skrivinga kom frå då av – 1868 – heilt klårt i vegen for teologistudiet som Klæbo likevel ikkje vil gje heilt opp. Breva til fetteren syner at han lenge held fast både på arbeidet som lærar ved Aars & Voss og følgjer utvalde forelesingar i teologi og filosofi – mellom anna ei forelesingsrekke over Kierkegaard.

## Haugerud og dei første åra i Christiania

Men lat oss vende attende til Haugerud og det miljøet Klæbo kom inn i då han var vikarlærar ved skulen der, og samstundes skulle lese til artium (som den gongen var inngangs-eksamen til universitetet og ikkje avgangseksamen frå gymnaset).

Alt før Klæbo kom til Haugerud, hadde fleire av nordlandsstudentane for vane å dra dit etter kyrkjetid om søndagane. Bang fortel nokså detaljert om dette, og det var nettopp Bang som fekk Klæbo til Haugerud som vikar for Johan Olsen som han kjente frå Tromsø (Bang 1909, 120). For Klæbo må dette første året som lærar og student ha vore lærerikt og inspirerande, og ein må kunne seie at han var uvanleg heldig som kom inn i krinsen kring verkseigar Brandt på Haugerud gard. Mellom dei menn Klæbo her kunne møte og bli kjent med, var m.a. Elias Blix og A. O. Vinje. Bang seier rett ut at Haugerud for Vinje var «et annet hjem», og det kom ikkje minst av at «der lyste Husets Døtre op for ham» (Bang 1909, 121). Klæbo var mykje heime hos familien Brandt og sette nok også pris på dei fire døtrene – Anne, Trine, Bertha og Jenny – «Haugerudfuglarne» som Vinje kalla dei. «Omgangen med Husets Døtre blev af ikke ringe vækkende Betydning for hans Digterliv», skriv Bang og hevdar det er alminneleg kjent at fleire av dei vakraste dikta har funne inspirasjon på Haugerud. Bang vil ikkje vere indiskret nok (!) til å gå nærare inn på dette, men det synest klårt at Klæbo har hatt eit godt auge til Bertha, som var jamaldrande med han. Det er ikkje

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

mogleg å prove det Bang her seier om at fleire Klæbo-dikt har blitt til på Haugerud; einaste dømet måtte vere «Ei gjenta». Det er dessutan klåre indikasjonar både på forelsking og fortviling over det som ikkje blir til noko – og som kanskje aldri kunne bli til noko – i fleire av breva Klæbo skriv til fetteren i 1869 og 1870. I april 1869 fortel han at han har vore på Haugerud berre ein gong sidan før jul. «Hvor alt er forandret deroppe! Jeg agter heller ikke at fortsætte» (Brev til Bang, 29.4.1869). Det er heilt klårt at Klæbo er langt nede over noko han har opplevd på Haugerud, og no er det så visst ingen kvinner som dreg han dit: «Hos Stud. Brandt har jeg været en Søndagskveld. [ ...] Heller ikke did har jeg Lyst at gaa. Ingen af Damerne der, og jeg skulde være fristet til at sige, i den vide Verden, har noget fængslende ved sig» (Brev til Bang 19.9.1869). I eit seinare brev blir det heilt tydeleg at han kjenner seg heilt åleine og einsleg, han er «saa sønderknust, som jeg knapt har vært paa lange Tider, naturligvis æsthetisk og over Stjernernes Fjernhed» (Brev til Bang, 27.11.1869). Men i same brevet blir det klårt at det står kvinner bak – «Nu maa da alle Kvinder for mig gjerne have 'godan Dag'». I eit seinare brev fortel han at han nesten aldri er på Haugerud, og alt tyder på eit brot eller konfliktar som han ikkje kan kome over.

## Målsak

Trass i dei nederlaga som Klæbo må ha opplevd i høve til Haugerud og ei av jentene der, er det liten tvil om at miljøet og menneska han først møtte der, blei avgjerande på mange måtar. Det er neppe tvil om at møtet med Vinje har vekt målsaka hos han, sjølv om han verkeleg blei heilt omvendt etter å ha høyrt Christofer Bruun tale i «Studentersamfundet som Forsvarer af Maalsagen» i 1866. Klæbo skriv om dette i «Fortrolige Breve fra en Samtidig» i første brevet i *Bergens Tidende*, 1873, og seier at Bruun «erobrede mig. Hans Ord havde en ganske forunderlig Magt; deres Virkning var som et Nedslag; de var uimotstaaelige. [ ...] Sagen selv havde jeg før været i Berørelse med, men aldri saa levende. Bruun «erobrede» min hele Sympathi for denne store Sag» (*Håløygminne* 1933, 104). At Klæbo i all si brevskriving og i bokmeldingar og faglege artiklar skreiv dåtidas riksmål, slik det går fram av mange sitat ovafor, var i og for seg i tråd med kva dei fleste gjorde. Når han tok i bruk landsmålet i dikt og forteljingar, var det nesten som å gå inn i eit språk som blei til medan han

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

skreiv. Aasen hadde lagt grunnlaget og gitt prøvar av landsmålet; Vinje hadde vidareutvikla og gjort språket rikare, og dei første salmane til Blix kom også ut om lag samstundes med at Klæbo prøvde seg i dette ukjende og nye – og eg trur vi må seie – med stort hell. Målsaka blir ein kamp på folkeleg grunn og til beste for fedrelandet og for dei høgste ideala Klæbo har, og han opplever mange vonbrot i arbeidet for landsmålet. Kanskje er det først i meldinga han skriv av dei to første hefta med Blix-salmar (omsette og eigne) at Klæbo verkeleg ser framtidsvoner i landsmålet, no som det kan kome inn i kyrkja og folket kan synge til Herrens pris på sitt eige mål.

## Bondestudentar frå Nordland – eit sterkt nettverk

Vi har plassert Klæbo i eit av dei mange miljøa han kom til å høyre til eller virke innafor det knappe tiåret han var i Christiania som lærar og som student. Vi har sett at han tilhøyrde ein krins av viktige kulturberarar og kom til å bli sterk tilhengar av målsaka. Men Haugerud var berre ei opning og ei byrjing på eit liv i strevsamt arbeid der det meste av tida gjekk med til å undervise elevar i grunnskulen – 24–25 timar i veka – og dei første par åra til å skaffe seg grunnlag for å kome inn ved universitetet. Likevel var Klæbo med i mange samanhengar og tilhøyrde på sett og vis eit laust samanbunde nettverk der «bondestudentane frå Nordland» var i fleirtal. Han var ofte berre fast inventar på møte og samkomer, utan å ta ordet og utan å vere den som ivra mest for ei sak. Det kunne andre nordlandsstudentar som Carl Johan Nielsen (sjå: http://www.luroy.folkebibl.no) eller Elias Blix eller Anton Chr. Bang gjere, medan Klæbo virka i det stille og var med. Det gjeld «Den nordlandske Forening» som blei stifta i oktober 1862. Vi veit ikkje om Klæbo var med frå byrjinga, men det er rimeleg å tru at nokre av høvesdikta han skreiv som dei første litterære arbeida, nettopp er knytt til møte eller festar i denne foreininga. Han var elles med i Studentersamfunnet, og på eit bilete med portretta av dei som jamt møtte i «Det grønne Værelse», finst han med som ein av krinsens faste medlemmar – heilt sikkert som den minst kjente av alle der (Collett 2010, 77). Dei fleste andre blei professorar eller i det minste stortingsmenn! Han var med på stiftinga av «Det norske Samlag» i 1869, men valde å stå utafor styre og stell,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

medan både Blix og Carl Johan Nielsen – som Klæbo ei kort stund delte hybel med, og elles sto svært nær – blei sentrale menn der. Han hadde like sjølvsagt kontakt med stortingsmennene som kom frå Helgeland, og frå 1869 blei det årlege tingsamlingar som gjorde at han og kameratane oftare kunne treffe Johan Augustinussen som han kjende frå konfirmasjonsførebuinga på Nesna og Sivert Nilsen (frå Vik i Sømna) – seinare visepresident på Stortinget.

Som vi har sett, las Klæbo til examen artium medan han var lærar på Haugerud og fekk hjelp av fetteren, Anton Bang. Heggtveit skriv at Klæbo gjekk frå Haugerud kvar dag for å lese gresk og latin med fetteren, men det får vi tru ikkje var tilfelle – det er ein nokså dryg tur. I alle fall framstilte han seg til eksamen som privatist og klarte seg brukbart (*haud* som karakter) i august 1864. Året etter gjer han unna *examen philosophicum* («Anden-examen») med god karakter (*laud*), og frå hausten 1865 blir han tilsett som lærar på den nystarta skulen til Aars & Voss med 24 timar undervisning i veka. Han får som andre nordlandsstudentar støtte frå Schyttes legat som blir styrt frå Universitetet sentralt. Dei seks riksdalarane han får i månaden, er heilt avgjerande. Klæbo har slik støtte gjennom så mykje som seks år, før rektor nærast gir beskjed om at han ikkje bør søke meir. Noko forbitra tek Klæbo opp denne saka i eit brev til fetteren, men ingen av dei vil gjere noko som kan stille dei i eit dårleg lys ovafor dei som bestemmer ved Universitetet. Legatet kan gjerast om til reisestipend når eller om det ikkje finst anna behov for det, og menn som Blix og Bang som hadde større driv i seg til å kome opp og fram, visste at dei først måtte ut til dei kjende lærestadene i Europa. Dit kom Klæbo aldri; han studerte halvhjarta og stadig mindre etter at han tok til å skrive. Frå 1868 er nok studietida over, sjølv om vi alt har nemnt at han lengst mogleg, også etter at han blei sjuk, heldt fast på at han ville studere.

Heggtveits første møte med Klæbo fører til eit langt vennskap, og til at vi både har bøker og brev frå Klæbo tilgjengelege den dag i dag. Møtet fann stad «en vidunderlig deilig Septemberdag» i 1869, og førte dei til Klæbos hybel «oppe i Pilestrædet, Huset ovenfor Langaards Tobaksfabrik. [ …] Et lidet, lavt Tagkammer med et eneste Vindue mot Nordvest» (Heggtveit 1888, 5). Det var nok frå dette «tronge Bur» han såg ut på sjødriv og rokk, og skreiv «Burte frå heimen» (1869), og det kan godt vere at Klæbo kjende seg åleine og heilt overgitt til seg sjølv, også før tæringssjukdommen tok meir og meir på. I breva til Bang,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

som i denne tida er prest på Gran på Hadeland, gjer Klæbo sitt ytste for ikkje å syte eller klage, men det skin klårt gjennom kor åleine og forlaten han kjenner seg. Det er ingen grunn til å tvile på at det etter kvart blei slik, men elles var Klæbo som student og lærar i Kristiania kome såpass langt og «høgt» at han hadde mange venner og kjente i det vi må kunne kalle nokså høge lag av det norske samfunnet. Han fortel ein stad at han var på julefest, men dansa ikkje fordi han var heilt bergteken av Blix-salmane han nett hadde lese. Eit anna brev er skrive under og etter ein fottur i Valdres og over Haukelifjell – andre av kollegaene hans (ikkje minst Carl Johan Nielsen) var meir ivrige fotturistar i fjellheimen.

Klæbo held altså fram med å følgje forelesingar i teologi i åra frå 1865 og framover, men det er lite eller ingenting som tyder på at han les målretta og mot eksamen. Han var sterkt interessert også i historie og norrønt. I ein liten tekst frå 1870 siterer han frå *Egilssoga* på norrønt. Han deler den knappe tida han har mellom mange interesser, og han underviser trass alt 24–25 timar i veka. Det er òg heilt klårt at han les mykje som i alle fall ikkje har universitetseksamen som mål, men som etter kvart fører til eige skrivearbeid. Det ligg mykje lesing og brei kunnskap bak artikkelserien «Træk af det norske Folks Aandsliv» frå 1868, men elles er det berre få og nokså ubetydelege skrivearbeid – mest høvesdikt – som er å finne frå tidlegare år.

## Eit slitsamt dobbeltliv – tilhøvet til Anton Chr. Bang

Gjennom fem–seks år lever altså Klæbo eit dobbeltliv som lærar i full stilling, og som teologisk student ved Universitetet. Han følgjer rett mange forelesingar dei første åra og gjer i brev til fetteren nokså detaljert greie for kva han set pris på og kva dei ulike professorane har å bidra med. Men det blir aldri nemnt med eit ord kor langt han har kome, eller om han i det heile tatt nærmar seg eit punkt der han kan gå opp i alle fag til avsluttande teologisk embetseksamen. Han skriv om bøker han må skaffe seg, sjølv om dei kostar meir enn han har råd til, og det er først etter fleire år at han gir uttrykk for at det står dårleg til når det gjeld studiane. I brev til Bang 19. september 1869, like etter at Klæbo har fylt 30 år, fortel han at han «naturligvis» har begynt «med Bøgerne». «Men det er fælt meget, huf. Og saa har jeg glemt saadan alle gamle Sprog, at det er en Skam at

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

vide. [ …] Jeg skal snart tage frem Genesis, og der har jeg til det Hele med Omhu skrevet Gloser. Igaar Kveld skulde jeg prøve Tertullians «de anima», men ved du hva, det gikk sejgt, gruelig.»

Dette litt fortvila utbrotet kjem i forlenginga av ein freistnad på å leggje framtidsplanar, som kanskje er knytt til dei første teikna på alvorleg sjukdom. Det var nett utover hausten 1869 at Klæbo fekk greie på at han hadde tuberklar i halsen, og desse flytte seg etter kvart til lungane. Han fortel til fetteren at han har tenkt å seie frå seg posten på skulen til sommaren, og spør om han då kunne vere hos fetteren eit halvt år, for så å skrape saman pengar til eit siste halvår i byen. Det tyder på at han faktisk enno trur at han kan gjere ferdig studia og kome seg vidare. Men kjensla av nederlag, av å vere åleine i verda, og kanskje også av å føle seg underlegen og avhengig i høve til den eitt år yngre fetteren som no er prest på Gran med kone og barn, skin gjennom klårare og klårare. Det behøver ikkje bety noko at breva til Bang frå 1869, som er dei viktigaste og mest opplysande av alle breva eg har sett, skiftar i tiltale frå «Kjære Bang» (29.04.1869) via «Kjære Anton» (19.09.1869) til «Kjære søde Fætter» (27.11.1869), men når Klæbo i siste brevet også gir uttrykk for at han set pris på at Bang «heller ikke undlader at vedkjende Dig mig uverdige som din Slægtning her paa Østlandet», er vi i nærleiken av ein mann som på kne bed om hjelp – utan å få den hjelpa han treng.

Men Bang ser ikkje ut til å ha svara på spørsmålet om Klæbo kunne få bu hos han eit halvår. Vi veit òg at Klæbo før har spurt om innlosjering – mot betaling – hos Bang på Sjo prestegard i feriane, og vi veit at han var der sommaren 1869. Han skriv med stor takksemd om dette i eit av dei lengste breva til Bang (27.11.1869), men det har tilsynelatande ikkje vore utan konfliktar: «Jeg fandt nok og det, som kunde saare». Han seier seg i same brevet lei for at han ikkje kan kome til Gran – etter alt å dømme gjeld det dåpen av første barnet til Bang, for Klæbo spør om kva namnet skal bli. I brevet frå 19.09.1869 skriv Klæbo også at han sikkert venta «Dig og Laura [Bangs hustru] hidind under Jubilæet, se det slog fejl.» Det må vere sin eigen 30-årsdag Klæbo viser til, men han hadde venner på besøk på sjølve dagen, og dagen etter kom både Elias Blix og Carl Johan Nielsen med fleire og helsa på. Det er sjølvsagt slik at dei viktigaste breva frå Klæbo til Bang nettopp gjeld perioden medan Bang var på Gran, og som fell saman med dei vanskelegaste åra til Klæbo – år då framtida og livsvegen såg ut

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

til vere uviss og ukjend. Det er fullt mogleg å meine at Klæbo ikkje fekk den støtte og hjelp han trengte frå Bang, men det er lett å forstå korleis det måtte bli slik, og så vidt eg kan skjøne, liten grunn til å laste Bang for å ha svikta då Klæbo mest trengte han. For å kunne gå nærare inn på forholdet mellom dei to, måtte vi ha tilgang til båe sider av brevvekslinga.

Det er likevel eit poeng til som må nemnast når det gjeld mogleg usemje mellom fetrane. Klæbo trudde fast og fullt at han kunne gjere noko for folket sitt. Heggtveit legg stor vekt på dette, og det kjem til uttrykk i fleire av breva til Bang. Anton Chr. Bang har begynt på ein karriere som skal føre han langt oppover i samfunnet, og alt no kring 1870 har han endra seg så mykje at han på det næraste kjem over på tankemåtar som høyrer til i den samfunnsklasse han vil høyre til – embetsmannsstanden. Det handlar om å ha ein elite som kan løfte massane; ikkje å tru at ein kan starte i det folkelege og arbeide seg framover og oppover. Klæbo står på det han alltid har trudd på sjølv, kall det gjerne eit «bondestandpunkt», men i alt han skriv, er det trua på folket og på opplysning til framgang som skin gjennom. Det er heilt klårt at dei to fetrane her har skilde syn, og at det til slutt er slik at Klæbo seier seg nøgd med at Bang framleis er målmann!

Det er mogleg at dette er å vurdere som eit brot mellom Klæbo og Bang, sjølv om Bang fortel at dei var venner heile livet. Men han seier også tidleg i *Erindringer* at fetteren kjem til å bli omtalt ofte, men det skjer ikkje. Han er siste gong nemnt som gjest i Bangs bryllup i 1868, og breva dei i mellom og det faktum at Klæbo var på vitjing på Gran, skulle gje rom for litt meir i erindringsboka. Sokneprest Hans B. Klæboe, brorson av diktaren, skal ha fortalt om brotet mellom fetrane (*Håløygminne* 1933, 104), utan at det blir sagt noko om kva det galdt. I bladet står det at biskop Bang skreiv «eit vakkert føreord til den fyrste samlinga av Jon Klæbo sine skrifter. Men i den tida Jon Klæbo trong han mest, var han lengst unna» (s.105).

## Landsmålsdikting for Svein Urædd

Det er liten grunn til å gruble meir over tilhøvet mellom dei to, men nære venner for livet var dei knappast. Vi må følgje Klæbo vidare, frå det punktet der han er nær ved å gi opp studia ved universitetet hausten 1869. Han har kome

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

sørgjeleg i bakleksa, og når han våren etterpå så lett let vere å protestere mot at han ikkje lenger får pengar frå Schyttes legat, er det kanskje nettopp fordi han eigentleg ikkje er student lenger. Han er ikkje frisk, og det han gjer, er først og sist å lese og å skrive. Med unnatak for lause høvesdikt og det store arbeidet «Træk af det norske Folks Aandsliv» er heile hans skribentverksemd knytt til dei fem siste leveåra – det vil seie frå 1869 til 1874. Frå 1869–70 finst tre omfangsrike bokmeldingar – to av dei på landsmål. Om vi ser bort frå dei tidlege dikta, er all Klæbos skjønnlitterære verksemd frå desse siste leveåra – bortimot tretti dikt, fem eller seks forteljingar eller noveller, og nokre brev som må vurderast som litterære essay. To omfattande artikkelseriar blei til i siste leveåret – «Fortrolige Breve fra en Samtidig» og «Nogle Ord til Minde om A. O. Vinje».

Det tok for alvor til medan han enno var i Christiania, og enno hadde bøkene sine rundt seg, underviste på formiddagen og gjekk på forelesingar på kvelden. Mykje av verksemda er knytt til det vesle studentbladet *Svein Urædd*, og det kan godt vere at vi ville hatt mindre frå Klæbos hand om det ikkje var for dette bladet, og det han ved å skrive der, kunne gjere for målrørsla. Både det han skriv i eit par brev til Bang om dette bladet, og det han skriv i bladet, er verdt å sjå nærare på.

I eit brev til Bang dagsett 29.04.1869 legg Klæbo ved eit nummer av *Svein Urædd*, og han sender i tillegg «Salmarne» frå sjølve utgjevaren (som valde å vere anonym, men det var sjølvsagt Elias Blix). Her er det to svært interessante ting å merke seg: For det første at Klæbo fortel kva han har skrive i det nummeret av *Svein Urædd* han sender til fetteren, slik at det for første gong let seg gjere å slå fast at Klæbo er mannen bak desse tekstane. For det andre dette at Klæbo vidareformidlar Blix-salmane på vegner av forfattaren. La oss gå litt nærare inn på båe desse momenta.

Rett før Klæbo nemner «Et nummer av Svein» har han fortalt at han ofte får brev frå Nordland, og at «Gamle Mutter har nylig sendt mig et Kvartel med Smør, Ost, Kjød, Lefser (desværre mulede) osv., en rig sending». Han fortel også at han ofte får brev frå Nordland, noko han klagar over at han ikkje gjer andre stader. Klæbo har brukt brev frå Ivar Klæbo (1848–1926), bonde og drivande lokalpolitikar gjennom mange tiår i Dønnes kommune (ordførar 1902–1907), som underlag for fleire småstykke i *Svein Urædd*. Kor direkte han skreiv av, veit vi ikkje, men det viktigaste med brevet til Bang er at vi no veit at Klæbo er

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

mannen bak fleire tekstar som vi før berre kunne mistenke var av han: «Et nummer av Svein med 'Ei Rispa fraa Nordland um meg sjølve' sendes vedlagt. Hvorfor vil Du ej holde dette Blad? Jeg er glad i denne Rispe, der er let Sprog, synes jeg. Dessuden har jeg i Svein skrevet et Brev om Aasverfisket og et fra Lofoten efter Ivars Brever».

I åra kring 1870 – før Klæbo må seie opp stillinga si ved Aars & Voss våren 1871 og reise til Hardanger i eit forsøk på å bli frisk – skriv han det meste på landsmål nettopp for *Svein Urædd*. Mot slutten av 1870, i eit brev av 15.12., fortel Klæbo at han har skrive om salmane til Blix, sjølv om dette skjedde motvillig: «Jeg havde langt ifra god Hug til at skrive om Salmerne». Det er merkeleg, både ut frå kor begeistra den lange meldinga i *Svein Urædd* (Nr. 42, 43, 45 for 1870; også i Klæbo 1888), og frå andre vitnemål om kva salmane betydde for Klæbo, både som målmann og som personleg kristen. Blix fortel sjølv om dette i talen han heldt under eit storslått festmøte i Logens store sal i Kristiania. Biskop Bang hadde, sjølvsagt, halde hovudtalen for Elias Blix, på bokmål, medan Blix svarar på landsmål. Undervegs nemner han mange nære, bortgagne venner som gjorde at han heldt motet oppe også i vanskelege tider. Klæbo er ein av dei:

> Deretter maa eg nemna min kjære Ven *John Klæbo*, den unge gaaverike nordlandske diktaren, som me syntest gjekk so altfor tidleg burt fraa oss. Han var reint hugteken i desse salmarne; eg hugsar so grant ein dag, eg møtte Vinje, som kom fraa trykkjeriet, der «Dølen» kom ut; han sagde daa med lysande andlit: aa Herre Gud, no skulde du sét Klæbo; han sat ned i trykkjeriet og las paa eit ark av dine salmar og gret av gleda, so taarorne hagla. Sidan skreiv Klæbo ei lengere melding i bladet «Svein Urædd», der det gløder av eldhug og barnleg gleda (Aschim 2008, 461).

Bokmeldinga «Um 'Nokre Salmar'» er saman med meldinga «Ei dansk Bok», båe i *Svein Urædd* i 1870, dei einaste sakprosatekstane vi har frå Klæbo på landsmål. Men vi kan nok rekne hit også breva frå Lofoten og Nordland, og eit par tekstar som nærast er meldingar om fisket i Lofoten, sjølv om dei har form som brev til bladet, og i ein viss grad er gitt litterær utforming. Heilt på slutten av 1870, før *Svein Urædd* gjekk inn eller skifta namn (til *Andvake*) og valde ny språkpolitisk line (skulle skrive talenært, fjerne alle stumme lydteikn), kom

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Klæbos første forteljing på trykk, «Tvo Dagar i Nordland». Sjølv nemner Klæbo dette i brevet til Bang 15.12.1870: «Som Du vil se av «Svein», kommer det en Skisse «Tvo Dagar i Nordland» af mig, og dermed legger jeg Pennen ned i Landsmaals-Litteraturen for lange Tider. Jeg havde nemlig Lyst til selv at se Landsmaalet brugt med en nordlandsk Farve over sig.» Han spekulerer vidare over det å nærme seg sin eigen dialekt og seier at om han skulle gjere eit større arbeid, ja, så vil han halde seg til det nordlanske så mykje som mogleg. Langt seinare skriv han i eit brev som Heggtveit viser til og siterer frå, at det for han er naturleg å søke tilbake til «de første Erindringer. Netop Barndomslandet drager mig nu med stærkere Magt end før» (Heggtveit 1888, 10). Noko større skjønnlitterært arbeid blei det aldri, men det blir eit par forteljingar og mange dikt som heilt klart byggjer på barndomsminne frå Nordland, og som heilt medvite tar sikte på å gjere Nordland og nordlandske skikkar kjent.

## Sjukdom, opphaldet i Hardanger

I 1871 måtte Klæbo slutte som lærar, og etter legeråd flytta han til Utne i Hardanger for om mogleg å vinne att helsa. Opphavleg var det Ulvik han planla å reise til, men det blei forkasta ut frå klimatiske tilhøve. Utne i Ullensvang skulle vere betre, og Klæbo vona sjølvsagt å bli frisk att. Han såg fram til å kome til «det underdeilige Hardanger, hvor gammel Kummer glemmes» (Heggtveit 1888, 9). Han drog dit i midten av juli 1871 og blei altså verande til sin død i slutten av august 1874. Heggtveit fortel at han kom seg til å begynne med, han blei «tyk og fed, og det saa ud til, at der i Sygdommen indtraadte en Stansning» (Heggtveit 1888, 9). Han skreiv framleis brev til søskenbarnet Anton Chr. Bang, som i den tid Klæbo var i Hardanger, først flytte til Tromsø seinsommaren 1872 og overtok ei stilling som kateket der. Om lag samstundes som Klæbo døydde og blei gravlagd i Hardanger, kom Bang tilbake til Christiania som prest ved Gaustad Asyl (tidleg september 1874). Klæbo har framleis fetteren i tankane og trur han kan vere til hjelp. Det ser vi mellom anna av eit brev Klæbo skreiv til vennen og studiekameraten Carl Johan Nielsen. Dei to breva til Nielsen, frå 27.03.1874 og frå 05.07.1874, fortel meir om Klæbos siste dagar enn minne og rekonstruksjonar av andre kan kome i nærleiken av. Elles er det lite konkret vi har å halde oss til når det gjeld korleis Klæbo levde i Utne – det beste er så vidt eg

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

kan skjøne, det Margreta Lutro kan fortelje, ut frå kva andre har fortalt henne (*Håløygminne* 1933, nr. 4, 109–111). Teksten finst bak i denne utgåva av utvalde tekstar av Klæbo – i eit tillegg som omfattar tekstar om diktaren. Ein artikkel av Halldor O. Opedal frå 1863 har nok mykje av informasjonen frå Lutro, men byggjer kanskje óg på munnleg overlevert materiale frå Utne. Ei kort skisse av korleis Klæbo levde og virka dei tre åra i Utne, ser ut til å kunne vere om lag slik:

Klæbo kom til Utne midtsommars 1871 og fekk bu på loftet over tingstova hos «Mor Utne» på den gamle gjestgjevargarden der. Han friskna litt til første tida, blei kjent med folk, og fekk endåtil høve til å halde skule som «vikarlærar». Andre fortel at han begynte å halde ei «privatskule» i Midtunsstova på garden der han budde, og at han fekk mange og takksame elevar. Han var med i fleire bryllaup, og gjekk elles opp i dagleglivet og folkelivet. Med hjelp frå skulen han arbeidde ved og nokre venner, og ved dei inntektene han skaffa seg ved eit nokså omfattande skrivearbeid, slo han seg fram dei vel tre åra han levde i Hardanger. I denne perioden blei mellom anna den første Vinje-biografien skriven – i alt 16 artiklar som blei prenta i *Bergens Tidende*, der han skildrar Vinjes liv fram til 1865. Vinje er sjølvsagt viktig i Klæbos liv, sjølv om han oftast er ein stad i periferien etter dei første åra då dei møttest ofte på Haugerud. Vinje er viktig når det gjeld at Klæbo gjekk inn for og begynte å bruke landsmålet, og han er for Klæbo ein sentral figur i biletet hans av «Det norske Folks Åndsliv». Kva ein skal legge i eit utbrot Klæbo kjem med i eit brev til Bang, som kjende Vinje endå betre enn Klæbo gjorde, er vanskeleg å seie: «En anden 'Nyhed' af første Rang er 'Dølens' forlovelse med Fru Enevaldsen. Han blir nu større og større Svin. Jeg har ikke brydd mig om Fyren, siden han i 'Staale' begyndte at bruge Lignelser fra Bibelen [ …]» (Brev til Bang 29.04.1869). Seinare får han Bang til å gje ein god del informasjon om Vinje til den artikkelserien han arbeidde med, og Vinje var uansett ein av dei verkelege heltane til Klæbo. Kan hende fall ordet «Svin» han i pennen ut frå heilt andre tankar og kjensler som nett galdt kvinner og samliv, om dei kom frå Haugerud eller andre stader.

I same avisa skreiv Klæbo i 1873–74 i alt 17 «Fortrolige Breve fra en Samtidig» som tek opp samfunns- og samtidsspørsmål. To av dei større prosa-arbeida hans, «tavler frå Nordland», er skrivne i Hardanger-perioden («Ho Dun-Sesel» og «Til Jol»).

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Johannes Gjerdåker siterer noko Jacob D. Hus har fortalt om ein gammal mann som var saman med Klæbo i eit bryllaup på Lotestrondi i Kinsarvik i 1874: «Heile den ljose sumarnotti sat han saman med Klæbo og nokre andre på ein høglagd haug eit stykke frå brudlaupsgarden. – Utsynet var fagert yver den drøymande bygdi. Døkk dimma låg yver fjorden og blånande snøfjell i bakgrunnen. [ ...] Klæbo var den sælaste av dei sæle. Det var som han opna den rike diktaranden sin mot livet og kjenslene som strøymde på. – Mot denne bakgrunnen må eg alltid sjå Klæbo, um eg enn inkje kan gløyma det sorglynde drag hjå den døyande skalden» (Gjerdåker 2001, 5).

## Oppgjer og avskil med livet

Det er sommaren 1874 det her er snakk om, og denne sommaren har Klæbo lagt bort skrivearbeidet – som må ha vore ganske intenst til tider i Hardanger – fordi kreftene ikkje strekk til. Han prøver å ordne opp etter seg, for han veit betre enn nokon at det går mot slutten. Han har hatt besøk frå Carl Johan Nielsen sommaren 1873, og det er til denne vennen som han ein gong delte hybel med og seinare har møtt i nesten alle faglege og sosiale samanhengar Klæbo deltok i, han vender seg for å skilje seg med sitt jordiske gods og gjere opp den pengeskuld han framleis har. Det er særleg bøker som har kosta dyrt, og no ser han altfor klårt kor unyttig og fåfengt det heile var: Han innrømmer både overfor kameraten og endå meir seg sjølv, at bøkene han kjøpte (og som no bør seljast for å slette gjeld før han døyr) langt på veg var bortkasta. Dårlegare investeringar kan ein vanskeleg tenkje seg – «Disse forrenter nu meget klent de Penge, jeg har lagt i dem» (Brev til Nielsen, 27.03.1874). Det handlar nesten berre om bøker eller om andre ting som ligg att i byen, og som han bed Nielsen ordne opp i. I eit seinare brev (05.07.1874) takkar han for at «mine Effekter er i Sikkerhed paa Haugerud, Aaja, aaja, Du ved jo, det blev Bry og andet; men det er jo ikke første Gang denne gode Familie har havt Plage for min Skyld». Klæbo har gjeld han ikkje kan klare med før han døyr, men har tru på at Bang vil få stillinga på Gaustad og då lett kan hjelpe. Slutten på dette siste brevet eg kjenner frå Klæbo, er ein tungsindig aksept av det uunngåelege, det som før har vore uttrykt poetisk og biletleg i nokre av Klæbos seinare dikt.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

> Som du ser af disse Linjer her, har jeg ikke mange Maaneder igjen i denne Verden. Efter hin Forkjølelse i Vinter, slog Maven sig rent gal; jeg nød ikke Mad i mig, og Appetiten veg bort; Kræfterne svandt, og da fik Svindsotten overhaand; den har nu besat hele min venstre Lunge med Tuberkler, disse ere opløste, og Sygdommen vinder stadig Terreng. Jeg har da kun at bede Dig inderlig tilgive mig i alle Tilfælde, mine Særheder har stødt imod Dig. «Forlader, saa skal Eder forlades!» Og en Bøn, Broder! en Bøn om Fred i det sidste, Fred ind i Skyggernes Rige!

Klæbo levde mindre enn to månader etter dette avskjedsbrevet. Han gjekk oppe til siste dagen og døydde den 29. august 1874, ein laurdag, knapt 35 år gamal. Torsdagen etter blei han gravlagd på Kinsarvik kyrkjegard, følgd av bygdefolk og venner over fjorden. Opedal fortel at «det ligg ein stein med tri band i raude og blå og kvite fargar framfor gravi, og på denne steinen står det: «Helsing frå Glein» (Opedal 1965, 137). Gjerdåker fortel at bygdefolket reiste stein på grava, og den står der framleis, sentralt og lett å finne ved kyrkja. Lutro fortel (i 1933) at Kinsarvik ungdomslag i fleire år har samlast ved grava til Klæbo (*Håløygminne*, 1933, 111). Gjerdåker kan òg fortelje at mor til Klæbo kom den lange vegen til Utne og takka Torbjørg Utne for det ho hadde gjort for sonen. Ho hadde med gåver óg, heiter det hos Gjerdåker (Gjerdåker 2001), medan Opedal kan fortelje at gåvene var «ein fotskammel med utsauma pute» (Opedal 1965, 137).

På Glein blei det reist ein bauta over Klæbo i 1934, 60 år etter at han gjekk bort. Om dette skriv Ole Løkås: «Det er helgelandsungdomen som har reist denne steinen til minne om ein av bygdelaget sine største og beste søner. Det var ein stor dag i den håløygske soga då Klæbo-bautaen vart avduka. Det var høgsumar og strålande ver, og mykje folk var samla til stemne på Glein. Noregs Ungdomslag, som det året hadde årsstemna si i Narvik, var innom Glein, og formannen, sokneprest Freihow, heldt avdukingstala» (Løkås 1949, 13). På bautaen står opningslinene frå minnediktet som Olav Lofthus skreiv: «Mann som han vart sjeldan funnen / hjartevarm og god til grunnen». Bautaen er stor og forseggjort, av ein tysk steinhoggar – Ernst Ekmann – som slo seg ned på Løkta etter å ha kome dit for å hogge ut granitt til sjukehuset i Sandnessjøen på 1920-talet. Bautaen er på 3 ½ meter i høgd og bygd i fleire seksjonar

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

(http://loekta.net). I høve til dei minnesmerka som seinare er sett opp på Dønna av så vel Anton Chr. Bang som Ole Edvart Rølvåg, må ein verkeleg seie at Jon Klæbo er gjort skikkeleg stas på. Og det kan vere gode grunnar til dette. Bang gjorde lite eller inkje for heimbygda og fødestaden; Rølvåg blei professor og amerikansk forfattar som skreiv på norsk, om nordlendingar i Amerika og ikkje i Noreg. Klæbos dikt og forteljingar frå Nordland er alle berre eit lite steg borte frå bryggjesteinane på Glein og det kjære smilet frå mor. I eit brev frå Utne sommaren 1874 nemner Klæbo at han så smått har tenkt på å reise til Nordland for å dø der – i tankane var han aldri langt heimafrå.

Bautaen blei altså reist på Glein, ikkje langt frå skulehuset som hadde fått tomt frå garden til Ivar Klæbo, og seinare var blitt gitt til kommunen av sokneprest Hans B. Klæboe. Det kan ikkje vere tvil om at plasseringa var rett, sjølv om mangt har endra seg sidan den gong i 1934. Ein kan kanskje òg gjere seg tankar om at bautaen og all merksemda rundt avdukinga, ikkje minst det at Noregs Ungdomslag var med, kan ha vore ein medverkande faktor til at Glein skulekrins som den einaste i Dønnes kommune (og på heile Dønna), gjekk over til nynorsk i skulen nokre år seinare, om lag samstundes med innføringa av ny rettskriving frå 1938. Nynorsken var rett nok i framgang over det meste av landet, men eg trur valet av målform i Glein-krinsen må ha hatt nokre ekstra påskuv. Det var i og for seg meir naturleg at ein gjekk over til bokmål tjue år seinare – slik at han som skriv dette, akkurat kom seg ut av folkeskulen med nynorsk som opplæringsmål.

Det er mogleg at Heggtveit og Bang har eit poeng når dei hevdar at det var mismotet og nederlagskjensla med omsyn til landsmåls- og folkeopplysningssaka som knekte Klæbo. At han brukte mykje av si kraft på dette arbeidet, er heilt klårt, og det er ikkje utenkeleg at dette, saman med dei nokså vonlause framtidsutsiktene, gjorde han veikare. Men det var tuberkulose han døydde av, og han var berre ein av altfor mange unge døde den gongen, både mellom nordlandsstudentane og andre. Eg trur det har lite for seg å spekulere om det var det eine eller andre som gjorde han veik slik at han lettare blei sjuk. Det ein kan undrast på, er kva det var som gjorde at han under vilkår som han delte med mange, ikkje var i stand til å fullføre planlagt utdanning. Med andre ord – ikkje kvifor han døydde så ung, eller kva det var av motgang og mismot som sleit på helsa, men heller kva som gjorde at han ikkje nådde måla han sette seg. Det var

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

ikkje evnene det sto på. Eg trur heller ikkje det var mangel på innsats eller energi, i alle fall ikkje før Klæbo blei sjuk. Han kunne og burde ha vore ferdig med utdanninga før han første gong merka sjukdomen. Så det meste handlar nok om at han spreidde seg for mykje, både når det galdt studium og sjølvsagt etter at han tok til å lese og skrive store og omstendelege arbeid som kravde brei lesing. Han hadde i eigentleg forstand gitt opp å bli ferdig som student, men gav uttrykk for at så ikkje var tilfelle – heilt til sjukdomen gjorde det meste umogleg, og han slapp å bortforklåre noko som helst.

Ein kunne hevde at Klæbo til sist samla all interesse og all kraft om den skrive- eller diktargjerning som vi med eit ord kan kalle folkeopplysning. Så vel valet av skriftmål som av tema og landskap og menneske i dikta og «tavlene», gjer det klårt at det er folkeleg dikting han vil. Når det gjeld det å gjere Nordland og nordlandsk levemåte kjent, er han på mange måtar ein nybrottsmann. Alt han skriv frå dette miljøet, er prega av ei inderleg tru: Ikkje berre på folket og landet, men òg i religiøs tyding. Det kristelege grunnsynet ligg under alle tankar om opplysning og fridom, og det synte seg då óg etter kvart at Klæbo aldri kunne gå på akkord med dei kristne ideala han tidleg i barndomen hadde fått lagt ned i seg. Når fleire av forkjemparane for målsaka og folkeopplysningstanken kom til å stå i eit meir eller mindre fiendtleg tilhøve til kristendomen, var det eit stort vonbrot for Klæbo. Fleire stader skin det gjennom kor redd han er for at vantrua skal vinne fram og først øydelegge opplysnings-arbeidet for folket, og seinare folket sjølv.

Om livsverket til Jon Klæbo er det å seie at det sjølvsagt blei avbrote på eit alt for tidleg tidspunkt, men også at det ikkje er mange teikn i det han har produsert som tyder på at han ville kunne skapt noko som ville blitt ståande og hugsa i større grad enn kva tilfellet no er. Den plassen som både Bang og Heggtveit gjerne ville gje han i bokheimen vår, fortener han knapt, men det er langt frå å hevde dette og til å påstå at evig gløymsle er det rette. Nettopp som folkeleg diktar, i dikta sine frå nordlandsk hav og land og i folkelivsskildringane nordfrå, er Klæbo verd å minnast.

## Utvalet av dikt og forteljingar

Denne utgåva av dikt og forteljingar skrivne av Jon Klæbo inneheld berre

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

tekstar som klårt og tydeleg har forankring i nordlandsk natur, vêrlag, lynne og folkeliv. Det er den viktigaste og beste delen av Klæbos skjønnlitterære forfattarskap som her er samla. Ei rad med høvesdikt og eit par korte forteljingar utan nordnorsk bakgrunn er utelatne. Det same gjeld heile sakprosaforfattarskapen som i sum er mange gonger større enn alle dikta og forteljingane.

Eg har halde meg til dikt og forteljingar, sjølv om nokre brev frå Nordland og Lofoten kanskje utgjer ein litt annan sjanger. Bortsett frå nokre dikt som er på riksmål, er alle tekstane skrivne om til moderne nynorsk. Vanskelege ord og vendingar er ikkje forklårte, men sjølve moderniseringa skulle gjere alle tekstane lette å lese – mellom anna fordi eg har bytt ut gamle nemningar og uttrykk som ville ha vore ukjende i dag.

Utgåva er då sjølvsagt heller ikkje ei tekstkritisk eller vitskapleg utgåve når det gjeld Klæbo-tekstane, og det har heller aldri vore meininga å lage ei slik utgåve. Skal vi ta vare på og hugse noko av det beste han let etter seg, må det gjerast tilgjengeleg for lesarar i dag.

På den andre sida kan ein kanskje nemne at oversynet over Klæbo-resepsjonen og over diktarens biografi og livsverk, fører saman meir detaljert kunnskap om denne mannen enn det som har vore gjort før, og at alt her bygger på kritisk bruk av kjelder som i all hovudsak ikkje har vore nytta før.

I utvalet som følgjer, ligg altså vekta heilt ut på det som eg trur er best og mest verdt å ta vare på i dag – dikta og forteljingane hans med emne frå Nordland. La oss sjå litt nærmare på dikta som er med i utvalet.

## Dei ni dikta i utvalet: Korte kommentarar

Både Bang og Heggtveit hevdar at Klæbo først og sist var lyrikar (Klæbo 1888). Det er neppe tilfeldig at den seleksjonen som tida har gjort i forfattarskapen, stort sett berre har late eit par av dikta hans leve vidare – ingenting anna. Det gjeld songar som «Ho mor får lofotfolket sitt heim» og «Borte frå heimen» – den siste også kjent som «Gleinssongen». Mykje av lyrikken hans var som før nemnt høvesdikt, prologar og songar til festar og tilstellingar. Av nordlandsdikt har vi eigentleg berre sju med direkte forankring i

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

nordlandsk miljø. I tillegg til «Ho mor får lofotfolket sitt heim» og «Borte frå heimen» (i to versjonar i utvalet her), gjeld det riksmålsdikta «For Nordland» og «Nyttårshilsen til Helgeland» og landsmålsdikta «Nordland», «Innmed land» og «Nordlandsliv». Utvalet inneheld to andre dikt som nesten måtte takast med sidan det eine er «Til min mor» og omtalar stader på Dønna, medan det andre er til den presten som konfirmerte Klæbo på Nesna.

«For Nordland» syner oss eit Nordland som vaknar til liv når våren kjem, og denne våren blir så samanlikna med den «åndens vår i folkebarmen» som no skal spire. Nordland har ein tradisjon å leve opp til når det gjeld til dømes skaldskap, og det er på tide at ekkoet frå Herr Petter snart lyder. Det er indirekte prov på at Petter Dass og dikta hans var levande litteratur på Jon Klæbos tid – det fanst knapt noko utgåve av Dass-tekstar han kunne ha orientert seg i før 1874! Også i dette diktet rører diktaren borti ventinga på lofotseglet.

«Nordland» er eit enkelt og direkte to-strofa dikt som skildrar det nordlandske landskapet, utan noko anna eller vidare perspektiv.

«Nyttårshilsen til Helgeland» er eit noko større dikt der forfattaren helsar landet sitt og skriv om korleis det er når lofotfolket dreg ut og stilla etterpå, før han går attover i soga og syner oss kva for kar nordlendingen eingong var. No står det ikkje så bra til lenger:

> Nå har du tyskens priskurant
> og bøyer smukt din rygg.

I sluttstrofene tek forfattaren utgangspunkt i det fagre landskapet og kan ikkje anna enn å tru at folket og landet hans ein dag skal «skue åndens dag i all sin glans og makt».

«Ho mor får Lofot-folket sitt heim» er med god grunn det mest kjende av alle Klæbos dikt, med si livfulle og varme skildring av heimkomst og mottaking etter slit og sakn under Lofotfisket. Også her er det mor som ønskjer guten velkomen heim, og kan syte for varme og trøyst etter tunge tak. Men så snur diktet, og frå å vere folkelivsskildring blir det nærast til ein salme med heilt andre mål for livet enn å kome heim frå utferd. Diktet endar med ei lovprising av kor bra det går om vi berre gjev over styrvolen i Guds hand. Elles fortel dette diktet også om lengt og venting og einsemd; om mora som har gått og stulla heime heile den lange etterjuls-vinteren og venta på karfolket sitt.

converted by Web2PDFConvert.com

«Innmed land» er ved sida av «Borte frå heimen» det mest personlege av dei sju dikta som direkte skildrar livet i Nordland. Det er i det ytre ei skildring av ein frisk og hard segltur på havet som eg-personen gjer åleine; det er ei lovprising av båten og ein takk til faren som no er død, men som har skaffa denne båten. Men det fortel også litt om utviklinga til eg-personen gjennom røynslene på havet, i stille så vel som i storm. Mora til guten i diktet treng ikkje engste seg, for

Visst veit du, den brattaste båra
vil auga og tanken hans klåra,
så mørke og skodde driv ut.

Men dette diktet treng nokre fleire kommentarar av ymse slag. For det første: Den versjonen som i modernisert form er tatt med her, er frå 1888-utgåva av Klæbos skrifter. Under diktet står det at det er frå *Bergens Tidende* 1872, med eit spørsmålsteikn etter. I brev frå Klæbo veit vi no at det blei trykt i *Dagbladet*, og i 1898-utgåva går det fram at det er slik: «Dagbl.» fyr 27de Novbr.1869». Men der har diktet fått ein bolk til, meir omfangsrik enn den første. Denne har stått på trykk i *Dagbladet* 11. desember 1869. Stemninga i denne andre delen av diktet er ei heilt anna enn i første del (som er med i utvalet her), og landskapet er ikkje minst heilt annleis. Vi er heilt klårt ikkje i eit vestlandsk landskap når vi ser den kvite kyrkja som har sått i åtte hundre år mellom berg som løfter seg frå hamna. Andre del av diktet er elles lite merkverdig, men ei tradisjonell lovprising av fagert landskap med ei kvit kyrkje som løfter seg mot Guds himmel. I eit brev frå 15.04.1870 til Henrik Krohn (1826–1879; stiftaren av Vestmannalaget i 1868) skriv Klæbo at det var «Minnet um Dagarne paa Loftesnes, som i fjor Haust lagad seg i hop til dei Versi «Innmed Land», som «Dagbladet» kom med; det var Sogndalskyrkja og Sogndalen, som laag so blank yver Barndomsminni; […]». Klæbo seier nesten rett ut at dei to delane av diktet er ulike – barndomsminne frå Nordland etterfølgd av sterke sanseinntrykk frå Sogndalen. Det er grunnen til at berre første del av diktet er tatt med her.

«Borte frå heimen» er, som tittelen seier, eit lengtedikt. Diktaren kjenner seg einsam og åleine og drøymer om mor og heim og leiken sin då han var ung gut. I dette diktet gløymer eg'et den tunge roren ved ein glimt av mor på bryggjesteinen og bryt ut i ei hylling til det fagre Glein. Diktet sto fremst i *Svein Urædd* nr. 27 for

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

1869 og var underteikna I.K., og strofene står i den rekkefølgja som er følgd i utvalet. I strofe 3 finst ordet «Sjodriv» som mellom anna hos Bakken (Bakken 1934) er blitt til «snødriv». Slik har eg òg lært det i den forkorta og omstokka versjonen som vi kallar «Gleinssongen». Men det er ikkje tvil om at originalen i *Svein Urædd* har «sjødriv» – noko som elles høver med biletbruken som jamt over er knytt til sjøliv, båt og fiske.

Desse seks dikta utgjer til saman mindre tekst enn det eine diktet Klæbo kalla «Nordlandsliv». Heggtveit kjente til eller visste om diktet då han gav ut samlinga med Klæbo-tekstar i 1888, men trudde det var gått tapt. Han har ei forklåring på korleis det kan ha hendt: «Dette Digt er rimeligvis tabt. Isaafald er det Henrik Krohns Skyld; thi han negtede det Optagelse i sit Blad, fordi det var 'for lokalt'(!)» (Heggtveit 1888, 10). I 1898 har det dukka opp og utgjer ein viktig del av *Songar og Sogor*, der det altså berre er landsmålstekstar som er tatt med.

Diktet er bygd opp på ein noko spesiell måte, og diktaren har tydeleg gjennomført ein streng plan både i komposisjon og innhald. Diktet fell i åtte hovuddelar som verseteknisk sett er heilt like. Kvar del er sett saman av seks lange liner som utgjer ei strofe med det relativt tradisjonelle rimmønstret aabcbc. Deretter kjem ei strofe på trettito liner som rimar parvis; desse linene er berre halvparten så lange som i opningsstrofa og gjev diktet fart og liv. Til slutt i kvar del kjem så ein kuplett – to liner av same lengd som i første strofa og med rim. I desse avslutningslinene har Klæbo nokre sentrale ord som han nyttar i alle åtte delane av diktet, nemleg orda «still-mot åleina» som uttrykkjer einsemt og lengting. Handlinga i diktet er grei. Ei jente står nedpå stranda og strir med gråten medan lofotbåten blir sett ut. Vi følgjer henne så heilt fram til ho i siste del av diktet ser dei kjente segla på veg heim att. I kvar dels midtstrofe (dei 32 kortversa) vender denne jenta seg til mora, alltid med same innleiinga: «Å – høyr hit, du mor!», og gjennom desse lange monologane får vi eit livfullt bilete av lofotfisket slik det eingong var.

Det er sjølvsagt slik at omskrivinga til moderne nynorsk møter mange hindringar akkurat når det gjeld dikt. Her må både rim og rytme takast omsyn til, og nokre gonger må det som kan synast gammaldags og uforståeleg, få lov til å stå. Rimmønstret kan òg føre til inkonsekvensar i moderniseringa. Mange ord og uttrykk vil i dag vere ukjente, særleg i eit dikt som dette om lofotfisket, om båtutstyr og fiskereiskap i gamle tider, og det bør kunne vere ei freistande

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

oppgåve for vanlege lesarar, men endå meir for skuleklassar under leiing av læraren, å finne fram til tydinga eller bruken av slike ord. Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre for diktet «Nordlandsliv», men – i mindre grad – for alle tekstane i utvalet som følgjer.

To av dikta i utvalet er meir indirekte å forstå som «dikt frå Nordland», og det ville vere lett å forsvare om ein ikkje tok dei med her. Diktet «Til Pastor Dometius» er skrive første året Klæbo var i Utne, til den presten som konfirmerte han på Nesna i 1856, og som no er i Ulvik. Diktet er skrive til presten som «viet meg inn til vårlivets sang, / min far og min bror til Guds hvile», i takksemd for det livsens alvor mang ein nordlandsgut har fått med seg vidare i livet.

«Til min mor» (med Landstads salmebok) er frå tida rett før Klæbo måtte reise til Hardanger, og er på mange og ulike vis eit representativt dikt for Klæbo, bortsett frå at det er skrive på riksmål eller dansk. Det er representativt både fordi det er til mor, og fordi mors rolle for borna seinare i livet her er løfta opp til nye høgder. Mor har på sitt vis vore ein Landstad – det er ho som har sunge den gamle tida i grav, og det er ho som har vore den første til å synge dei nye salmane. Landstad tek vare på og fører vidare tradisjonen mor og andre tradisjonsberarar, så å seie umedvite, har formidla, forandra, gjort levande og rik. Opningsstrofa åleine – der både Solfjell og Glein er nemnt – gjer at diktet må få plass mellom dikta frå Nordland.

## Forteljingar eller «tavler» frå Nordland

Om prosastykka, «tavlene» frå Nordland, kan ein seie at dei er svært omstendelege, av og til langdryge. Det er aldri slik at vi berre får ei forteljing som så å seie driv seg sjølv vidare gjennom hendingane som skjer. Klæbo vil gjerne kommentere og vurdere det han skriv om, og helst sette alt inn i ein større samanheng som gjeld sjølve livet og ofte tilhøvet til Himmelen. Styrken ved forteljingane er at dei ytre hendingane blir sett opp mot det som skjer i det indre hos personane, og kjensler og stemningar spelar ei viktig rolle. Bortsett frå utkastet «På reina, over fjorden» har Klæbo skrive tre «tavler» frå Nordland. Den første, «To dagar i Nordland» er frå 1870; dei to andre er skrivne under opphaldet i Hardanger og syner at det nettopp var i barndomslandet der nord

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Klæbo levde i sitt sjukdomseksil i Utne. Både «To dagar i Nordland» og «Ho Dun-Sesel» handlar om menneske i kamp med ein hard natur og ei vond verd, om å finne og miste plassen sin i den store heimen, og om kor mykje ein kan måtte gå gjennom i livsens harde leik før ein finn Heim i eigentleg forstand – eller taper i det vågespel livet kan vere. Den tredje forteljinga er meir av lokalhistorisk karakter og fortel om juleskikkar i Nordland for hundre år sidan. Etter alt det folkelege og morosame og forvitnelege som skjer – etter alt å dømme basert på gamle skrøner og vandresoger – blir heile julefeiringa og tradisjonen og bygda sett inn i ein større samanheng slik at alt skjer til Guds ære – heile grenda blir eit Guds tempel.

«Ho Dun-Sesel» er Klæbos mest kjende forteljing. Her fortel han om eit menneske han sjølv har møtt på den årlege marknaden på Bjørn på Dønna. Han tek utgangspunkt i ein slik marknad og fortel om Dun-Sesel som brukte å vere der. Deretter fortel han om korleis ho har fått namnet sitt: Eigentleg heiter ho sjølvsagt Cecilie, men fordi ho alltid har med seg dun frå ærfugl-været sitt, har ho fått tilnamnet som ho heilt har akseptert. Etter denne innleiinga går forteljinga attover i tida og fortel Sesels lagnadstunge soge, frå ho måtte flytte frå fjordbygda ho budde i og til utværet på grunn av at faren var blitt tyngd ned av både Bergens-skuld og Nordlands-gjeld, og difor må selje arbeidskrafta si til ein rik skippar og vær-eigar. Forteljinga utviklar seg så sakte framover til ho Dun-Sesel søv i jorda. Med oss har vi fått ein menneskeleg tragedie, fortalt med djup innsikt i menneskesinnet, og vi har fått eit visst syn for dei sosiale tilhøva i dette området i ei tid vi ikkje veit så mykje om.

«To dagar i Nordland» er ei mykje tynge, bitrare og vondare forteljing enn soga om Dun-Sesel, og då kan det bli i meste laget med dramatikk og tragisk utgang. Her er det eit mørkt tungsinn over heile forteljinga om minsteguten Nils og foreldra hans og den vesle heimen deira ut mot havet – eit hav som krev sine store og uforståelege offer. Inn i denne skildringa av indre sjelstilstandar har forfattaren lagt livfulle forteljingar om seifiske på fjorden, om korleis naturen kan vere lunefull og plutseleg og uventa slå om, slik at ein solblank dag blir stormande og mørk – i dobbelt tyding. Samstundes er dette soga om korleis Nils blir vaksen og ser kvar han høyrer heime, mellom anna gjennom den songen som Nils og faren, Olav, syng i båten; ein ny song av ein søring som likevel passar så forunderleg på landet i nord: «Millom bakkar og berg». Utan at det behøver bety

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

så mykje skal det nemnast at faren i «Tvo Dagar i Nordland» slik teksten er trykt i *Svein Urædd*, heiter Ola, ikkje Olav. Det kan ligge ein tanke bak dette namneskiftet, om då ikkje utgjevaren har hatt tilgang til eit originalmanus som avvik frå den trykte teksten.

Kor stor rolle Lofoten spela i livet til nordlendingar flest den gongen, kjem òg fram i det uferdige utkastet «På reina, over fjorden», der Klæbo nok har hatt som mål å gje ei prosaskildring av lofotfisket samstundes som han ville forklåre korleis det verka inn på dagleglivet i dei fleste nordlandsheimar. Det er rimeleg å tru at fleire element frå dei tekstane vi no veit Klæbo skreiv frå Lofoten, ville blitt trekt på i vidareføringa av denne uferdige og uavslutta forteljinga, som i og for seg kunne ha utvikla seg vidare i essayform snarare enn som novelle.

## «Nye» tekstar av Jon Klæbo

Som det går fram av den biografiske skissa om Jon Klæbos liv og dikting, er det no mogleg å slå fast at fleire tekstar frå *Svein Urædd* i 1869 og 1870 er skrivne av Jon Klæbo. Det gjeld ein tekst som kan karakteriserast som ei skjemtesoge eller ein utvida vits – kanskje ei vandresoge som Klæbo har festa til ein stad og eit namn på Dønna, og så skapt lett stiliserte figurar som kan utføre handlinga som forteljinga krev. Lett og raskt blir det fortalt om «Karel med flekken» og det han kom ut for då han skulle hente ei hank med uer frå naustet ein sein haustkveld. Klæbo har kalla teksten for «ei Rispa», og det er kanskje ei sjølvkarakteriserande nemning?

«Brev frå Nordland» i to bolkar i *Svein Urædd* i februar 1869 byggjer ifølge Klæbo sjølv på brev frå «Ivar på Glein» – men er heilt sikkert iblanda eigne røynsler og minne om det landskapet Klæbo voks opp i. For her får vi eit topografisk og geografisk oversyn medan vi følgjer leia utover fjorden til Åsvær og Lovund, før vi i andre del av brevet (eller kanskje heller det andre brevet) blir verande i Åsvær og opplever det uventa rike storsildfisket frå vinteren 1866–67 og frametter. Det er nesten utruleg å lese om liv og røre i Åsvær for 140 år sidan, no når fiskeværet er heilt fråflytta.

«Brev frå Lofoten» er ei direkte oppfølging av breva frå Nordland; Klæbo viser til at den første brevvekslinga var høveleg, så då kan han berre halde fram.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Denne gongen blir det med det eine brevet som knapt og presist skildrar ein sesong i Lofoten. Brevet frå Lofoten er underteikna «Ivar», medan breva frå Nordland ikkje har nokon avsendar. Det tyder nok på at det er brevet frå Lofoten som mest byggjer på breva heimafrå, slik nokre småstykke frå Lofoten året etter (1870) vel også gjer. «Lofotfisket» (*Svein Urædd* 24. februar 1870; «Lofotfisket» (*Svein Urædd* 17. mars 1870) og «Fraa Lofotfisket» (*Svein Urædd* 21. april 1870) er på det næraste «meldingar om fiske», med informasjonsverdi i si tid, men utan litterær interesse. Den første notisen er underteikna J., dei to andre I. Desse «notisane» om lofotfisket er ikkje tatt med i utvalet som følgjer.

## Tillegg: Tekstar om Jon Klæbo

Dei tre tekstane er svært ulike, men talar for seg sjølv. Saman med ei rad andre tekstar og mange brev utgjer dei litt av grunnlaget for den biografiske skissa eg har gitt først i denne utgåva av utvalde tekstar av Jon Klæbo.

# DIKT

# For Nordland

Tone: Danmark deiligst Vang og Vænge

Lenge sløret vinterdekket
gamle Nordlands prakt,
sorgfull satt hun – vingen stekket –
holdt dog modig vakt.
Fuglen så hun bort å trekke,
gutten måtte på sin snekke
pløye sjø og salte båren,
skaffe brød med åren.

Hjemmets stolte fjell der nord
står nå solbelyst;
Hjemmets dype, tause fjord

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

smiler ved dets kyst.
Vårliv sildrer ned mot vannet,
vårliv bølgen bær til landet,
vårliv rundt de grønne øer,
på de blanke sjøer –

Opp i lien birkens krone
står i helgeskrud,
trasten slår sin glade tone,
sender takk til Gud.
De som ifra haug og fjære
speidet etter sine kjære –
kjente 'gjen det kjære seilet
over fjordespeilet.

Åndens vår i folkebarmen
spire frem til knopp!
Gamle sang- og sagavarmen
blusse atter opp!
Øyvind Skaldaspillers tunge
atter om vår ætt må sjunge!
Ekko tone fra Hr. Petter
over Nordlands sletter.

Trykt særskilt; våren 1866.

## Nordland

Tone: Fjeldbyggen akter på tiden

Nordland med strender så lange,
holmar og småskjer så mange –
tindar radt frå sjøen
mot snøen –

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

neset fram seg skyt,
stormen aldri tryt,
heile havet bryt,
øya innom flyt;
fjorden inn seg kiler
og kviler
mellom grøne lier som smiler.

Nordland, med nutar så nakne,
bølgjer og bårer så vakne.
Vik og våg seg tøyer
og bøyer:
Midt i havsens ljom
pryder blom i blom;
vide verda om
fanst 'kje slikt eit rom.
Heimen stilt seg gøymer
og drøymer
attom åkergullet som fløymer.

Utrykt. Frå 1867.

## Nyttårshilsen til Helgeland

Jeg hilser deg, mitt kjære hjem,
fra Salten syd til Fles.
Ditt gamle andlet stikker frem,
og vind fra polen blæs.
Og fjorden fråder mot ditt bryst –
på fjellet fokk og rokk.
Nu laver gutten seg til dyst;
der er vel liv og ståk.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Han tar sin kiste, skyver ut
og heiser seil i topp.
Men du – du græt og ber til Gud
og ser mot himmelen opp.
Du vet at Vestfjord mang en gang
kun skjenket gråt og savn,
og derfor løfter du din sang:
«Gud, hold ham fast i favn!”

Så blir der tyst på havn og strand –
alt viet inn til fred.
Kun bølgen bryter seg mot land
og tordner opp og ned.
Hun vil nå sulle ved din barm
en sang, just ikke søt,
men sterk og fri – ja, fri og varm
og kvass som lyn og glød.

Du hørte ofte nok det kvad
den lange vinterkveld;
du var vel stundom sæl og glad
og ante livets vell –
forsto dog ei at sjøens drag
var minnets dype klang,
som toner i ditt hjertes dag,
straks du til lys får trang.

Du fostret engang mangen kar
med hug som ild og stål;
vel ikke «fin», men tro han var
og elsket varmt ditt mål.
på valen sto han tverr og stø

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og slo for kongen sin;
han vernet om den fagre mø
og kvad om æren sin.

Håløygablod bar grjotgards slekt
og Øyvind Finnsson skald.
Nå har du glemt din gamle vekt –
hans klare tonefall.
Før kom dog Asbjørn igjen og vant
da Torer tok hans bygg;
nå har du tyskens priskurant
og bøyer smukt din rygg.

Akk, drøm ei meir! – hør sjøens brak
og føl din gamle makt!
Da skal du skue åndens dag
i all sin glans og prakt.
Alt morgenrødens stråleskinn
har farvet fjellets sne.
Snart lyser det i hytten inn –
o, hvilken fryd å se!

Jeg elsker deg Hålogaland
fra Salten syd til Fles.
Du har kun øyer, berg og vann
og vind fra polen blæs.
Men skjønn er dog din klippekyst,
så vennlig – og så rik.
Du er mitt liv, min største lyst:
Gud signe, signe deg.

*Adressebladet*, jan. 1867.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

# Ho mor får lofotfolket sitt heim

Velkomen heim no, sonen min!
Å nei, kor bart du er!
Det harde vêr og nordavind
har teke på den vesle kinn.
Du vinterens merke ber.

Ja, uvêr var her, gong for gong,
så fjorden gjekk som eim.
Når båra braut, og stormen song,
var hugen tung og barmen trong,
og mørkt i hus og heim.

Og tjelden kom og gåsa med;
det lei til sumarmål;
då gjekk eg tidt på bakken ned.
Før du kom heim, der var 'kje fred
i denne stakkars sål.

Kvar båt som kom eg stira på:
«D'er lauparseglet hans!”
Men alle peika langt ifrå,
og tungt du veit det var å sjå,
at ingen la til lands.

I otta sto eg opp i dag;
det bar den gamle veg.
Då fekk eg sjå eit storbåtlag
i far si stø med reipa drag;
og gild og glad vart eg.

Kor traust han ligg, din vakre båt
med grøne ripar på! –

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Kom, verm deg; å – så kald og våt.
Og nattvakt er du vel attåt.
Du noko varmt skal få.

Her var så tørt og svart då du
drog bort om kyndelsmess.
No får eg mjølk av kvar ei ku,
og file har eg, kan du tru,
og kalvkjøtt gøymt til dess.

Eg høyrte mangt eit hugsamt ord,
då her kom lofotbrev.
Det var vel kleint og smått i fjor;
i år slo fisket til der nord;
Gud signar mannsens strev.

Så vere han vår høvedsmann!
Han kjenner lei og hamn.
Vi gjeve volen i hans hand,
så går det godt med folk og land –
det går i Jesu namn.

*Adressebladet*, våren 1868

## Innmed land

På bårer som fjellhøge skavlar
i stormen båten min smaug.
Opp over dei brytande skavlar
eg greidde på flokete avlar
igjennom eit fossande laug.

Som måsen i rokket seg slenger
og hiver på skakke seg fram,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

sto båten med snøkvite venger
og bala seg lenger og lenger
innunder mot Stortindens kam.

På tofta sat guten og ansa
på styrvol, auskar og skaut;
med' brimhestar kvite seg kransa,
på toppane båten min dansa,
og lett som fuglen han flaut.

Takk, far min, som søver i jorda!
Ein høveleg båt du meg fann.
Det kunne nok sannast i orda,
han riser vel mykje med borda;
men halsen er bergeleg, han.

Så tarv du 'kje sitje med tåra,
du mor, for din einaste gut!
Visst veit du, den brattaste båra
vil auga og tanken hans klåra,
så mørke og skodde driv ut.

No kan eg mot stranda då beine,
om odden i bukande bør.
Eg skulle vel sakte det meine,
så fjelg som på havet åleine
eg kjende meg aldri så før.

Der ute det gjekk som i villa
med skvetting og slingring og smell;
men havet vil ingen mann illa;
no sig det i stavande stilla
i livd mellom mektige fjell.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

*Dagbladet*, 27.11.1869

# Borte frå heimen

Med' dei andre halda lag
let eg att det tronge bur,
lyder heller på den dur,
som tek i med suadrag.

Frå den bratte bergetram
ser eg siste solarglad.
Stormen driv dei visne blad,
ruggar grana att og fram.

Tagal, full av sorg og sut,
midt i sjødriv, rokk og eim,
drøymer eg om mor og heim
og min leik som unge gut.

Ein stad fann eg stø og hamn,
visste vel å leggje åt,
der eg glad, med fisk i båt,
snudde heim med vor om stamn.

Når eg på vår bryggjestein
fekk den kjære smil av mor,
gløymdes all den tunge ror,
– Å, du Glein, du fagre Glein.

Kvar er no min vesle båt?
Her eg står på framand strand,
kan 'kje leggje ut frå land,
og så ber det jamt i gråt.

*Svein Urædd*, 7. juli 1869

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

# Gleinssongen

«Borte frå heimen» er òg blitt kalla «Glein-songen» – men då er færre strofer tatt i bruk og rekkefølgja er ei anna:

Tagal, full av sorg og sut,
midt i sjødrev, rokk og eim,
drøymer eg om mor og heim
og min leik som unge gut.

Kvar er no min vesle båt?
Her eg står på framand strand,
kan 'kje leggje ut frå land,
og så ber det jamt i gråt.

Ein stad fann eg stø og hamn,
visste vel å leggje åt,
der eg glad, med fisk i båt,
snudde heim med vor om stamn.

Når eg på vår bryggjestein
fekk den kjære smil av mor,
gløymdes all den tunge ror,
– Å, du Glein, du fagre Glein.

# Nordlandsliv

Ho sto nedpå voren og stridde med gråt,
dei song og dei sette ut lofotbåt.
Med tårene trilla, dei tok etter draget,
og høvedsmannen han sette åt styret;
men halskaren hiva seg høgt oppå slaget
i heile det tunge skinnkledehyret.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

«Å – høyr hit, du mor!
det synd er for stor,
han fer åt så fast,
du såg der det kast! –
No blæs han då bør.
Sjå, rakken dei smør
og set «'pund' nål»,
drikk velfarskål,
bitt kvitduken opp
i høgaste topp.
Med venger dei flyg,
i skumskavlar smyg.
På ripa oppåt
han halsar seg våt; –
Jau, han får det søtt!
Seint når dei til «Støtt».
Før lys dei ser klårt,
dreg lauparlaget vårt
om «Rot-Kneet» ut.
Han hjelpe dei Gud!
Kvar rokk-kula fer
med daude og slær.
Med handa på rå
dei føre seg sjå! –
I to-tre klo vind
langt fram dei seg vinn.
Stod månen på fjell
til seinaste kveld,
kan hende dei flaug
om Måløyar haug.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Dei legg 'kje til fjords
med «kloa til bords».

Nei, godvêr dei biar «på Reina».
Her vart vi no stillmott åleina."

Ho stod oppi tunet Sankt Peters Stol,
då snøball og istappar tina i sol.
Av bomsiglarhorga var stroken den siste,
og gardsfolket kunne ha fred til å sova,
når finnen og farken fekk alt, som dei visste;
men skavlar det låg no mest jamhøgt med stova.

«Å – høyr hit, du mor!
kjem solauga nord
på «Landegod» fram
og «Sandhornets» kam? –
Ja, no vart her vêr!
D'er liksom eg ser
dei tusen i lag,
som fer inn i dag
den blankstille veg
og børnskap dreg. –
Ved tider som no
dei ror opp av sjo.
Så kjem dei til lands
med mykje til manns.
På kila for dregg
dei storbåten legg,
i kryss-stokken på
kring kollane små
ligg festa på tamp; –

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

kvar egner sin stamp;
dei rister ombord,
ein part tek utor.
På klake og is
med gaddar og ris
dei sperrar, og glad
dei hengjer i rad.
Når æse og rær
då krok på seg slær,
så styngjer dei hjell
til seint ut på kveld.
Er dagen så all,
finst rorbua kald.

Med lyssprett skal innpå dei beine.
Her går vi så stillmott åleine."

Ho stod ned i fjæra, då fasta vart lang,
der skar ho med sigden sin flugser med tang.
I ovstore vasar kom ærfugl av havet,
og sjøburden slipa småsteinen blankar',
men vestanvind piska snø ned i kravet
og jaga i hjarta opp tungsame tankar.

«Å – høyr hit, du mor,
visst Lofotens fjord
er gøysande grov
med kramslege kov? –
Frå djuphav og odd
snart uvêr er sådd.
I djupn og lengd
er sjøen som dengd,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og alda ho svell

til åsar og fjell.

Med driva og dam

ho sniker seg fram.

Og såg ho ein vatt,

ho løfter på hatt;

det kvitnar, det lær,

ho over dei slær.

Var båtane flå,

ell' skople til sjå,

ell' trauste på hav:

ho reidde dei grav.

Dei «sette 'n oppi»,

men slo seg ei fri;

dei letta med skaut, –

det brann og det braut;

og stakk dei på pent,

fekk stødingen rennt

og tok han godt rom,

ho velte dei om

og gav dei til golv

eit kantande kolv,

til dess at dei dreiv

i land eller bleiv.

Å – kva skal eg stakkar no meine! –

Her sit vi så stillmott åleine."

Ho sat bortmed rokken, spann vest utav ull,

la songar i duren til snella vart full;

ho hoppa i veven, tok skutelen fine,

vov kjolety, vestty med slagbord og skeia,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og lulla og drøymde om lofotfolk sine

og fælte for stormen som rauk over leia.

«Å – høyr hit, du mor!

i dag dei 'kje ror

om «Havbarden» inn,

for no er han vind!

I landlege trygg

dei retter sin rygg. –

Han hadde sin gang:

'tav odden «han sprang

på fjellet» i natt.

Og snøgt dei vel spratt

av søvn og av seng

båd' husbond og dreng, –

reiv skinnhyret på;

til havs må dei sjå.

Når slik det ber laust,

at ingen står traust,

skal handfaste gut

med stordreggen ut;

belegge dei lyt

den fjøla som flyt

og velferda ber.

Men sume dei fer

på leire og sand,

dreg båtar på land

med håling og song,

til gata vert trong.

D'er ingen som veit,

kor ilt dei vel sleit.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Og kanskje attpå
ein tomhendt fekk sjå,
alt reiste på hav
som tunge år gav.

Hardt tek han i «Stamsund og Steine».
Her vart vi så stillmott åleine."

Ho stod bort-i fjøset, slo kokande laug
på bumat og tang i holke og traug;
Ho snakka til gods når dei matmor si kravde.
No «Svan» mi – å stakkar – no snart får du groren.
– Då kom han «Peer Post», så kvit at det lavde;
I skarefokk hadde just gamlen rodd fjorden.

«Å – høyr hit, du mor:
D'er brev frå min bror, –
kan hende eit til. –
Gjer no som eg vil:
lat gamle «Peer Post»
få helgedagskost!
Eg hentar ein dram
og sølvpenning fram.
No vert du fast' glad:
dei lever så bra.
I sorg og i sut
vi bad til vår Gud;
no takkar vi helst:
dei fri er og frelst. –
Det beinkar seg smått;
så fisket vert godt. –
Høyr nærar hit, du!

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Når eld d'er på flu,

vinn røyken ei ut.

Så sat han der lut;

det svei og det brann,

så tårene rann;

på senga han skreiv

med skrukka og leiv

til bord over kne.

Slikt skjemtar dei med!

D'er skodda, som driv,

når berre d'er liv. –

Folk får vel og gråt:

ein nordlendingsbåt

har kasta seg bort;

dei gjekk til så fort.

Ja – ulykka er kje den seine! –

Her sit vi så stillmott åleine."

Ho stod nedmed sleden og leste på frau;

det draup og det druste, – det sutla og saud.

Ho tenkte på våren, når folket kom saman

i åkeren, på torvhaug og gullbloma vollen.

Så klappa ho «Rauden», – i fagnad og gaman

ho tykte sjå sumarmålgløtt innpå kollen.

«Å – høyr hit, du mor,

lyd her på eit ord, –

d'er sant, som d'er sagt:

då stormen fekk makt,

dei hadde god tid

til bøte og fli.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Gjekk nåla for trått,
fortalde han smått
om risen i berg,
den haghendte dverg
og hulder og draug.
Ein dagen dei smaug
or bolet sitt ut;
det lyt no kvar gut
sjå vêret – med lag
og landlegeslag.
Der vart då eit spil,
for butlen kom til
og sette på fyr.
Med bråking og styr
«Staværingen» svór
å gjere reint bord, –
han sterk var i tal.
Men «Karl på Dal»
han ville ha fred, –
«Nils Attenåring» med;
på hender han stod,
med hælane slo;
men Taralds-son harm
bar to i strak arm.
Då slike heldt eitt,
fekk «kaillann» det heitt;

dei gutar er ikkje så beine. –
Her går vi så stillmott åleine."

Ho stulla i naustet, der småbåtar stod
og venta på guten som skulle dei ro.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Ho lett over lunnane færingen skuva;
som svan oppå vatnet han sumde åt grunnen,
med langskjefte ljåen ho demla og duva,
til brei-taren brune og fine var funnen.

«Å – høyr hit, du mor,
eg trur no, dei fór
i morgon, som var,
om «Breitinde» -Skar,
til «Rivtind» så bratt
åt «Våga-Kall» smatt –
Det eingong vert reint
på egga – så seint;
d'er store ting veidd,
om lenka ei greidd
vert no på ei stund;
dei tek henne sund,
og glad' som eit barn
dei telnar opp garn
og henger det bort,
så vått vert tørt. –
Dei reiser på vær
og klarering fær
for alt, som dei let;
og mor si, som gret,
dei hugsar nok godt
med lite grand smått.
Åt verten dei dreg
og klarar for seg, –
slår børnskapen ned,
tek levra så med

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og skipar på jekt,

giv båten full dregt. –

Med vinternattsut,

med nakkar og nut, –

med bud og med bel

dei seier: Far vel!

Så legg dei stamnen på «Fleina». –

Her stullar vi stillmott åleina."

Ho stod nedpå bakken og såg over fjord;

det kvitna med båtar, som heimfuse fór.

På fastande hjarte så lenge ho drygde,

til «Gåsbuen» kunne den lengtande dåra.

Då stakk det eit segl om neset som skygde. –

– Den heilage påskeaftan lyste på båra.

«Å – høyr hit, du mor,

no ser eg, det gror

på vinteren ein vår,

som godt for oss spår.

Frå sumarens land

kom tjelden på sand

Og nett som eg stod

og stirte på sjo,

høgt «Gåsbuen» slo

og takka for sist,

– han dåra meg visst.

Dei gamle sin dom

eg bryr meg sakt' om;

men godt må vi få,

når fuglane små

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

frå blomar der sør
oss helsar og spør
om våren i nord
med grønare jord. –
Godt bod eg deg ber,
du lofotfolk fær;
eg såg at dei streik.
Han syntest så bleik,
trøytt, brunleitt og bart,
det vårvêr bit hardt,
Dei la' innpå våg, –
dei såg og dei såg.
Til gards kjem dei snart; –
å nei – d'er så rart!
eg gøyme meg må, –
ei tor' eg dei sjå!

Mor, giv meg det påskeplagg reine,
så går eg ut stillmott åleine."

(etter forfattaren si handskrift, jula 1871)

# Til min mor

(med Landstads salmebok)

Du kjenner nok herr Landstad ei;
han tok nok aldri ferdesvei
om Solfjell eller Glein;
han stod ei hos ditt barnesyn,
ei der du satt i salme-lyn
ved vuggen sår og klein.

Men tro meg, mor, du slapp ham inn

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

hvor helst du gikk med sang i sinn
i livets fryd og gråt;
han lyttet på den søndagsklang
som av ditt hjerte om oss sang
i hjem og lofotbåt.

Hver kveld du samlet oss til kor,
og «Sjømannen» la bønnens ord
i barnerøsters brus –
hver stund vi om herr Petter satt
og Bergens sangmø med oss kvad,
og Kingo i Guds hus –

Hver gang vi tok om tau og garn
og du bar frem «Et lite barn"
i hjemmets lyse jul;
han var der – tro meg – midt iblant,
hans sangersjel din tone fant,
om han satt litt i skjul.

Se, det er skaldens evne, mor.
Hva der i folkets hage gror
av tonespirer frem,
det finner han og verner om,
med ham det skyter knopp og blom
og pryder fedres hjem. –

Nå bæres hederskranser dit
hvor Landstad sitter sølverhvit
i smil, med løftet hånd.
Han vant hva sjelden vinnes kan,
han var en ekte folkets mann

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

i fedrelandets ånd.

Vårt folkehjertes tonelag
som rant av gamle slekters dag,
det viet han seg hel.
Hver møy på vang med huldrelokk,
hver mor med sang i barneflokk
gav syner i hans sjel.

I bondehyttens toneild
kom Herren nær ham, høy og mild,
og han sin gjerning tok;
han la ned Davidsharpens brus
litt hjemlig nær til Herrens hus –
se her hans kirkebok! –

*

Nå kjenner du herr Landstad litt.
Du drømte ham så jevnt og titt
du gråt i fremmed kvad.
Her møter du en gammel venn,
som «holder kor» med oss igjen,
så tåresterk og glad.

Å hell oss, mor, vi så den dag
da gamle Norges fremtidssak
så vidt på veien kom!
Det legger smil om fedres drøm,
når Krist i deres tonestrøm
får signe viden om.

Det skyter visst så ven en vår
av folkets usle liv og kår

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

i store fedres hjem,
i fall det unge tempel-tog
tar ilddåp i sin kirkebok
og hånd i hånd går frem!

Å – tenk å fagne Herrens fred
mens nye orgler bruser ned
i Hellig Olavs kor; –
å – tenk å ta sin søte blund
i fedrelandets høytidsstund –
jo, det blir deilig, mor!

Du sang i grav den gamle tid,
den nye salme sang du hit,
du gamle salmevenn!
Du barneliv av salmen tok,
ta Norges første kirkebok
og syng deg ung igjen!

*Adressebladet*, våren 1871.

## Til pastor Dometius

Juledag 1871

Jeg sender deg, prest, fra mitt vinterskjul
hen over den glitrende vove
en «Takk for sist» og «Gledelig jul"
dit under de lunende skove.

En hjertens takk for den dag som rant
skal stevne på måneskinnsbårer,
og finne det hjerte Gud til meg bandt
i kjærlighets lokkende tårer.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Og finne det hjerte som bar meg med bønn
i arbeidets tunglendte gange –
som gav meg i synden Guds frelsende sønn
og åpnet meg gudshusets sange.

Og mang en, mang en Norlands-glunt
hvis sinn du gav alvorets syner,
med julen han søkte deg leden rundt –
sin båt nå i støen din bryner.

Du kjenner nok nordfaren, sant og visst;
du løftet vår tungsomme byrde:
«En gledelig jul» og «Takk for sist» –
vi hilser deg, verdige hyrde.

«Gud signe ditt dagsverk om strand og sund,
Gud lyse i husfrydens tone,
Gud smile på tåren i festgledens stund,
Gud signe din sølvhvite krone!"

Og hadde jeg båten min riktig i stand,
jeg satte opp seilet på timen
og la ikke til før ved Ulvvikens strand
jeg hilstes av hvitkirkens kimen.

Da skulle jeg bedre så rekke deg hånd
med takk for dit grunngode hjerte,
og knytte på ny vårt kjærlighetsbånd
i lys av det livet oss lærte.

Da skulle jeg takke ditt vennlige hus
for hilsener mange og kjære,
og dukke meg ned i tonenes brus
og sukke mitt «Gud være ære!"

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Kan hende jeg ennå får legge ut –
Gid bare, gid bare, jeg kunne! –
da hilser jeg innom: «Lev vel med Gud!”
Så frem gjennom brytende sunde.

Og når det så smått da lysner til vår
nedover de tindrende tinder,
da er jeg ferdig, og klokken min slår,
og nornen på sluttråden spinner.

Du verdige hyrde med fredens røst
imellom de kjempende skarer,
å legg meg stedse til Frelserens bryst,
så skjær og grunner jeg klarer.

Du viet meg inn til vårlivets sang,
min far og min bror til Guds hvile.
Og rekker jeg ikke til vårfuglens vang,
snart skal jeg med engler da smile!

Utrykt; frå jula 1871.

# FORTELJINGAR

# To dagar i Nordland

Gamle Olav var nettopp komen seg utom døra og stod og såg seg om, med kvart opp i vêret, med kvart ut på sjøen. Han hadde utrorshyret på – ikkje skinnstakk og skinnbrok for det var då berre klåre godvêret. Med det same kom son hans ifrå skotet med eit fange ved på armen. «Du er vel mota på å vere med etter seien?» sa faren. Ein sorgtung smil arbeidde seg fram over dei vêrharde kinna og den alvorsame panna letta liksom på seg; eit par glansfulle augo følgde med underleg glede han som inn fór. Det var den yngste sonen hans. Dei andre hadde drege kvar sin veg; den eldste blei i Vestfjorden første vinteren han gjekk for full kar; den andre hadde bygsla seg ein liten gard i grannegjeldet nokre mil

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

borte; han hadde slite mykje vondt til værs og sjukna noko til på det siste; den tredje sonen, slik ein emneleg ferm kar, var segla den hausten, jekta strauk med på Stadshavet. Der låg no han. Det skar sårt i hjarta på faren då han fekk den støyten; midt i dei beste år kvitna det kring den sterke skallen. Men eit nytt lys tok til å tore og skine inn i livet hans då vesleglunten syntest emne seg så godt til. Kvar gong han fekk ny hjelp av denne framvokstringen som såg så kvat og gagnleg ut, letta det som ein tung stein frå bringa, og med kjærleiken som drog dogg av den såraste sorg og solskin av den veksande livsvon, kom det mot og hugnad inn i hjarta hans; det var just som han ville ha tak i livsens strev og strid på nytt lag. Då dei hadde skuva ut her før lofotferda og stod med kistemat i handa og tårer i auga, då såg folk at han Olav tok kring halsen på glunten sin, og det sa vesle Nils sidan at faren ei lang stund ikkje fekk ordet opp, men så hadde han sagt: «Til vinteren, Nils, skal du vere lofotmann – Vårherre hjelpe oss, barnet mitt!» I Lofoten vart det eit skrapfiske, han Olav drog på Finnmarka; det gjekk kleint der òg; men midt under det ulønnsame arbeidet var gleda med; det kunne dei vite av breva han sende heim. Etter heimkoma vart det beint på ein annan måte. Han bar på noko tungt med seg sjølv som ingen visste om, og lite og ikkje var det ord i han. Sorg og hugtyngsle drog som svarte skyer over gleda i huset. Verre vart det òg etter ein liten tur uti øyane. Tankane stridde med otte og tungsinn; men ikkje ville han leggje tyngsla si på nokon, og ingen våga seg til å beine inn i det innvigde rommet der han no sto. Det var liksom tatt bort ei bru mellom faren i huset og dei næraste. Men dette gnog seg inn på det lykkelege huslivet som stod så fint i vokster; mangt og mykje tok til å bleikne. Særleg var det vondt åt sonen som berre hadde stunda på den dagen og timen faren kunne kome heim så han fekk leggje si glede og si gjerning saman med faren si. Då han såg korleis det bar til med nye sorger, tok han seg til å arbeide faren til lags i alt det som han kunne tru låg i hugen hans. Han var meint på å kome seg så hardt innpå farshjarta at det ikkje kunne stengje lenger – og då skulle vel skodda lette.

Då glunten høyrte om utror, vart han snar inn gjennom døra, for det var den tingen han helst ville vere med på. Han såg i glaset at faren rusla ned over bakken med kyla på nakken, og då snøgga han seg og sterta støvlane på det meste han vann. Mor hans som sat ved rokken, såg gleda hans då han kom leggjande inn, og ho visste kva som no var tids. «Skal du no vere sjømann? Berre de fekk noko til å skjere i gryta! Langferda hans Olav hyrte seg kleint i år, og dei stakkars

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

skillingane han hadde med heim, skikka han med hauststemna til å få ei tønne mat eller to til vinters. Heime er ikkje berging og inkje elles å tene – nei var det likt seg, og ei snelle sildgarnstråd om dagen ifall eg no fekk så mykje frå meg – kjære velsigne deg, det er ikkje noko åt eit heilt hus. – Ja, vår Herre vere med dokker!» la ho til for no var han Nils ferdig med si tilhyring og glei ut av døra med eit farvel til henne som heime sat.

Nede ved færingen stod faren og stelte med årer og seitrøer, og snart var Nils der òg. – «Ta kniven der og sjå til å finn oss beite av den ferskaste longa bortunder skjå-tilet». – Det var sagt med så tungt eit drag at det skar sårt inn i det glade barnehjarta. «Kva er det då som gjer så ilt i hjarta hans far! Var det berre som i fjor!» tenkte glunten medan han var av stad og gjorde det han var tilsett. – «Ta du i etterkeipen og hald beint, så skal eg skuva», – og ned gjennom fjæra bar det som det var smurt; det var lunnar heile vegen. Snart var dei utpå, Nils frami, faren atti. «Sjå der, dei er lettare å ro med desse årene, legg dei i hamlebandet framme», sa Olav og langa etterårene til sonen.

Dei rodde ut gjennom vika og skulle på Skallen, men det var eit godt stykke dit, først frammed landet og sidan bort på fjorden. Det var just ein fin dag; fjorden låg så stavande still – berre som ein einaste smil. Nokre kalelengder frå landet strauk det ein stor grå straumkvervel inn igjennom; han hadde det tungt med alt han drog og drassa på, som sjøkalv, tang, busker og anna skrot. Straumen bar inn for sjøen var i fløande, og så visste Nils dei skulle halde seg ved land. Ingen ting vart sagt; alt låg så stilt og fredeleg. Sudraget og straumbåra spela sin gamle slått opp etter berg og steinar; av og til svinga ei terne seg tett framom båten, gjorde så stopp opp i vêret og tok skottmål på morten, men skratta og storskjelte då ho skaut nedi vatnet med heile kroppen og endå ikkje fekk noko for sitt bry.

På neset lenger framme hadde ein stor vase med ærfugl krabba seg opp og sat der og kosa seg i solskinet. Det vanta ikkje vonde ord i dette følgjet då båten kom, for då laut alle til havs og unna, og mange hadde ungane sine å dragast med. Nils såg bort i flokken, det var ikkje glede som følgde auget, for slik ein stor vase ærfugl innmed land var ikkje godt merke; godvêret vart ikkje lenge ståande. Gamlingen kasta òg auget bort i e-gavlen; men gav seg ikkje mykje om det; synet hans hadde ikkje så godt for å leite hit og dit; dei såre tankane hadde for stor makt. Når han stundom skaut auga ifrå seg, bar det jamt inn gjennom stranda til

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

han stansa attved det torvtekte huset som dei nettopp kom frå. Og det såg rett vakkert ut der inne i vika no. Vardhaugen som stod og heldt vestavinden unna, hadde noko til fin let av all den solglansen som lyste ned over lyngen, mingleriset (fjellrapen) og småkjerra, framanfor strauk den brune myra med fine torvseter ned til fjorden; men rett som ho skulle i hallinga, letta dei harde bergnakkane og hamrane på seg og ville enno, før det bar til havs, byggje ein liten mur kring den smale vika som kunne gje livd og logn når stormen rauk utpå. Det var eit hardt lende; men harde hender hadde òg tatt tak; i kvar ei grop og søkk imellom gråberget skein det fram ein åkerflekk, ein liten potetflekk eller eit engstykke. Og her midt i striden mellom dei bergfaste rabbane og det drepande havet hadde den vesle heimen klengt seg inn, med bøn om å få vere i lag med og leggje menneskelivets signande stilla inn i den stormande villskapen. Ikkje eit einaste hus kunne tale om strid og siger og fred så som dette; ingen herregard eller kongsgard kunne bere strålen med slik ein glans som denne heimstaden. – Gamle Olav drog ein tung sukk. Dette synet hadde han levd med ifrå han var ein tomme lang, fagert tyktest det han støtt og stadig – helst kvar gongen han gav lofotbåten segl og la stamnen mot den verste våden med den største saknad og lengt etter dei som hjarta kunne stø seg til når livet var som tyngst å ta – endå fagrare kvar gongen han retta seg høgt opp frå den harde tofta og det lengtande auget nådde gjennom vårens morgonstrålar fram til den jordflekken som var den kjæraste i heile verda; men – så fagert som no hadde det aldri vore. Han kunne ikkje sjølv rå med det, otten slo seg meir og meir fram: det vart mest som tvillaust at han snart skulle leggje volen for den siste gongen, kanskje lenge før vesleglunten var god til å setje seg i rommet hans. Skulle då ingen bere livsgjerninga hans fram! Skulle ho jordast og hans næraste armast! Å Herre Gud!

Det siste ordet kom så høgt fram at Nils måtte høyre det, men gamlen ville halde barnet sitt borte frå det han sjølv sat i; han liksom kvakk i og rådde med seg, heldt opp årene og såg fram. Dei hadde no alt kome seg så langt utmed landet at det var tid til å kome seg utpå. «Han er oppe, ser eg», sa faren, just som han tok til med roren att, og no måtte glunten òg sjå bortpå. Jau, det var så tjukt med måse at ein snautt nok kunne sjå den klåre himmel. «Eg gruar for det at han ikkje vil ta i; det er slik ei lei åte han har». Nils kunne no ikkje seie noko til dette, og nokon ny prat hadde han ikkje hjarte å kome med, og så vart det ikkje fleire

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

ord. Snart var dei bortmed Skallen, og Olav la seg til, sette godt beite på, tøygde messingstrengen bein, kasta onglane ut og feste trøene under setet. Måsen låg no eit stort flak og andøvde imot straumen. Båten svinga igjennom, att og fram, men dei fekk ikkje letta på ei trøe. Ei god stund var det stilt; men så skvatt ein seing opp: «Gillak» og utover, og så heile vasen etter, med skriking og kasting og hiving; seien var oppe. Båtfolket var ikkje seine etter, og dei kom vel midt oppi seidørja; det kokte, det putra just som i ei potetgryte; men at han tok i – nei, det var fritt. Atter og atter snudde dei. Olav tok ei trøe i kvar hand og prøvde på å pote, men han gjorde ikkje så mykje som å kjenne han. Såleis gav dei på eit par timar. Då sa han Olav: «Å – nei, det er vel best å snu mot land; her er ikkje morten å få». Dermed tok han taumane inn, snara dei kring trøene og tok til på heimturen.

Å dra til land frå ein fiskeplass er så moteleg som nokon ting når ein berre ikkje gjekk rein, men fekk noko lite for umaken. Det er ei stund full av fagnad og glede, både for utrorskarane og heimfolket når ein kjem balande opp over sjøbakken med ei god kyle eller vole; dermed veks elsken til desse nakne hardlendte strender og til det rike havet som stundom kan vere så gåvmildt, men stundom er påhaldande og ofte så krasande. Nordlendingen kjenner mykje godt til at denne vennen hans ikkje så sjeldan er i ulage og må takast på ymse måtar. Derfor lyt han frå barnalderen ha god skule og lære seg til å stri med sjøbord og aldesting (bølgjestøyt) og ri på brimhestane, alltid halde ut og aldri sjå det ulikt om det så er svart veke etter veke. Det er harmeleg å snu heim utan eit bein i båten; men morgonen etter står motet og hugen opp like friske rett som bukkane hans Tor.

Det gjekk ikkje fort inn i gjennom med dei som hadde vore etter seien. Heime var det lite å ta til, og på sjøen hadde dei vore midt oppe i slik ein rikdom – var det ikkje harmeleg! Olav tagde still, og dei tunge tankane hans hadde atter vald – det kunne ein sjå på åredraget. Han Nils tok no ikkje kvast i han heller, for han hadde no sine tankar å bala med, han òg. Det var både hyggje og hå på denne glunten, og alt som var, måtte han stire på. Fælt så underleg tykte han det var at faren kunne sjå motlaus og sorgfull ut, så stilt og vakkert det no var i kveldinga. Ut og vestover var bakken på og skaut seg lenger opp, og med sola skulle til og gå sige ned i denne skybakken, drog det slikt eit fagert skin frampå åsane og haugane at ein ikkje kan seie det. Alt saman var så klårt og tydeleg, og på fjorden

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

spegla det seg så at det såg ut som den gamle færingen skulle fare fram både over jord og himmel, og bakkane og hamrane som seig attom båten var så fine der nede at Nils syntest det var stor synd å stikke årebladet ned og gjere skade på alt dette. På den andre sida av fjorden skar det store tindar til vers – mange hundre famnar beint opp. Dei var ikkje så langt borte, så ei og innpå to mil; men no i dette kveldslyset var det greinleg som dei var på og dra sin veg. Ja, dei var visst alt på langferda – det var eit kjekt lauparlag, stolte kameratbåtar. Sjå der strauk han Jakob i Dragøyen – det var just mastetoppen hans, så høg og smiten opp og med kvit fløy; der legg han Knut i Nordvågen til med takkelvant og det bleikbarka lauparseglet; men atterst kjem han Per i Ulvikjen med den første kloa til bords. Ja – ja, far vel! «Til vinteren, Nils, skal du vere lofotmann!» – Og no var han alt langt, langt inni den kjæraste draumen sin. Desse tankane var som ihopvaksne med den beste gleda hans, og det glade hjartet finn seg støtt ein god tone som eig den klangen det ber på. Han visste ikkje sjølv om det, men no var han alt på med å syngje.

Olav høyrde at sonen hadde ei vise for seg. Sjølv hadde han eit godt mål å syngje med, og alltid var han huga både å høyre på ein god songar og å gje ein stubbe med i laget. På lofotvegen trøydde han mang ei stund bort på den måten, og om kveldane var det jamt spurlag etter visene hans Olav. Når det var bryllaup nokon stad i sokna, vart han jamt henta til å vere husbond; å stelle med mat og skjenk var mang ein visst vel så hag og hendt til; men å syngje bruresongen, nei, der kom ingen på hans snøre. I kvar likbåt som drog kyrkjevegen var han med, og alle som budde ned ved fjorden, var då ute og høyrte på når «Gamle-Olav» sendte opp det siste farvel frå den bortseglande. Når dei fór om ein gard, og han tok i den gravsongen: «O, Verden hav du da god natt», så kjente kvar og ein på seg at slik som den sterke røysta drog fram i denne sorgfulle, gråttunge salmetonen, trillande som sommarbåra og stigande opp så lys og levande, men atter dragande seg stilt og mest sukkande og gråtande ned – så var det òg med vegen her i livet; men den fulle klangen som bar songen så traust og så høgt over sjø og land, det var den sterke trua som ber når allting brest.

Den visa glunten heldt på med var både ny og fager; henne hadde han ikkje lært heime, det skjøna han Olav straks; men just dermed kom tanken hans inn på ei ny lei. «Kva er det for ein song du er på med?» – «Å – det var no ein eg song på skulen i vår, og på lensberget fekk eg handla han til meg for eit par skilling». –

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

«Det var ein stands tone, høyrdest det ut til. Du får syngje høgt så eg kan høyre betre på». Og no lét det bortover fjorden som låg og lydde:

«Millom Bakkar og Berg utmed Havet
hever Nordmannen fengjet sin Heim,
der han sjølv hever Tufterne gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

Han saag ut paa det baarutte Havet,
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa."

Alle versa rann så vakkert ut i den stille kvelden, og så kom slutten:

«og naar Nættar er ljose som Dagar,
kann han ingen Stad vænare sjaa."

No snudde gamlingen seg i rommet og sette seg til å hamle. Den nye songen hadde liksom med ein gong sett eld på den gamle songarhugen hans. «Det var vel song, det! Eg må seie som vefsningen sa i Bergen, når det ikkje er Herr Petter-dikt, så bryr eg meg ikkje noko om det; men slik ein tone og slike ord som dette var, har eg no mest aldri høyrt. Det er no ein sørlending som har dikta han, det er greitt, ser du; men det er dei same orda på lag som nordlendingen har, berre ein litt annan sving på. Sørlandsmålet er lett å skjøne. Og så høver denne songen så godt på folket og landet her at han må ha vore i Nordland ei lang æva han som skreiv, for slike bakkar utmed havet og slik ein ruskut sjø og slike lyse netter finst det ingen stad i heile verda. Eg har ein song heime som du skal få; men han kjem no ikkje åt den der som du song. Ja, den skal vi just ta med til vinteren. Nordlendingen har eit hardt liv, og han treng nettopp til det som vakkert er, men det må eg seie, noko fagrare kan han visst aldri få. Du skal sjå det skal bli glede i bu og båt, i ferd og fiske, når nordlendingen får kjenning på den songen der. Det er reint utruleg kor stor ei makt ein god song kan ha. Ja, den stubben der vil eg lære, Nils, og ifall eg ikkje vart med deg, så skal du syngje den om kveldane og når som det elles er høveleg.»

Dermed tagde han med ein gong. Den siste tanken seig nedover bringa hans

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og gjorde ende på praten. Men Nils tyktest no vere faren så nær at han måtte prøve å halde i, kor det så gjekk. «Ja – kvifor skulle du ikkje bli med? Eg skal då vel ro på same båten?» «Å ja, det var meininga det, men ser du, det kan gå så ymist til», svara gamlingen, og dermed var det stilt atter ei god stund. Glunten såg at faren laga på noko og ville ha det fram, og så sat han og venta. Endeleg så tok han Olav seg på tak og kom: «Det var ein ting eg skulle spurt deg om: Kven var det som såg det lyset bortpå fjorden? Det var vel ikkje du?» «Å – det! Eg hadde så nær gløymt det reint bort; nei, det var ho Sigrid utpå Masterøyen; ein kveld her i vår hadde ho og glunten hans Lars vore etter tare, og då dei la åt og skulle bere opp i mørkninga, såg kjerringa to gonger eit blått lys, sa ho. Du veit kor glad ho er å fare med slikt task og leggje alt saman til ei stor uheppe. Det var vel ein fartymann som hadde lys i vengen. Likeeins var det nett i vinter. Det var ein kveld i fasta, ho mor og eg sat med arbeidet inne; kov og dam var det ute. Og rett som det var kom det noko på glaset. Ho mor visste ikkje si arme råd; ikkje våga ho seg åt fjøset å viska, og ikkje fekk eg sleppe frå henne. Dagen etter fann eg i skavlen attmed glaset ein teistunge som uvêret hadde piska opp over sjøbakken. Men då ho Sigrid kom hit, då skal du tru ho fekk det til; snart visste heile soknet det at ein feigdefugl hadde vore her. Langt om lenge fekk eg henne mor av denne trua, og når andre folk no prata om dette her, så lyt eg berre glise», men då han såg det sorgfulle andletet beint imot seg, så strauk det trøysame bort. Faren hadde før høyrt dette sånn på laus hand. Det hadde lagt seg i hop med ein tung otte han hadde bore heim med seg. No tyktest han ha større visse, og kva dette skulle tyde var ikkje vanskeleg å vite. «Eit farty! – så hadde dei vel sett det nordpå eller sørpå mens det var lyst. Og fuglen! – så mang ein gong landvindsrokk, men aldri slik ein kjeft på glaset før». Så tenkte gamlen; men til sonen sa han: «Kanskje det er som du seier; best var det!»

Med det same la dei opp i støa; båten vart brynt eit stykke opp, fekk ein bordbakke under biten, og han Nils la festet kring storsteinen. Han kjente no til kvifor faren hadde det så tungt. Det kunne vel ikkje vere anna enn sludder, og han undra seg på korleis faren kunne bere seg åt med å setje lit til slikt noko. Men han kjente det, og at han var altfor liten til å gje faren rettleiing. Berre ein einaste kunne lyse opp, det visste han. Det var då ein ting likevel som han òg kunne gjere: «Det er reint utruleg kor mykje godt det følgjer med ein god song», hadde faren nettopp sagt. Skulle han ikkje ha ein stubbe som kunne høve? Jau, det var ein

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

som presten sjølv kvar preikesøndag måtte setje i med først – som var for god for klokkaren. Han Olav let att skjåen og gjekk i make opp over bakken. Nokre fot attanfor kom sonen stullande; han hadde funne tonen; dei svingar og triller som gamalklokkaren og presten heldt så av, kom han òg på. Han tenkte på den tyngsla som faren bar, og på vår Herre som hadde bore den tyngste døra, og så kom det som ei ny tidend til det sorgfulle hjartet: «Aleneste Gud i Himmerig være Lov og Pris for al din Naade».

På dørhella sto faren og venta. Det var ein inderleg kjærleg smil som drog sonen imot. «Du må ikkje bli så langt etter». «Å nei, eg kjem no, eg òg».

Flokken med ærfugl var ein god spåmann. Eit par dagar etter rauk det opp med uvêret. Det kom uta- og vestafrå slik ein alt kunne merke på draget den kvelden. Så lenge det sto på var det ei hard kule. Utror var det slettest ikkje å tenkje på; det var nett så mykje at folk kunne herda ut og sette inn eller gjere fast båtane og sjå etter husa. Endå det var høgste sumardagen lei det langt fram i veka før det tok å rive i han og klårne, men so spakna han då så smått, og det kunne no snart verte tanke om å kome på sjøen. Det var likevel ikkje å haste med, det er greitt, for sjøborden var så strid at når ein kom oppå haugen, var det berre som å sjå kvite segl opp over berg og strender, kvar ein grunn og bø gjekk; ja, Skallen var ikkje trygg han heller. Og medan bakken stod så svart vestover, var det ikkje godt å kome ut. Så kunne han òg så lett springe til med han. Sidan han slo i, hadde det vore einkvan sjølvtredjemann på seksring vestpå, og dei hadde dratt mykje sei. Han Olav fekk vite om dette av gangande folk, og endå meir var han huga på utroren – berre han hadde vore godt mennt!

Laurdagen kom. Han hadde letta noko lite vesti, og så spak var han at han godt var roande; ein åleinemann kunne vel òg balke seg utover. Olav sto nedpå bakken og såg utpå. Sjøburden var ikkje så grov som før; men det var ikkje stort han hadde gitt seg. Slik ein fin regnyr var det, òg – her kom ein færing strevande over vika, og det gjekk fort. Nei, i dag var det ikkje tid å liggje inne og røyte seg. Dermed snudde han opp til gards.

Han Nils sat med eit garnband og batt då faren lét opp døra. «I dag er han farande, og godt seivêr er det», sa han. Glunten kjente godt til at dette var det same som å spørje om han hadde hug til å ro ut. «Ja», sa han, «eg vil gjerne vere med, berre du ser det likt», og no var nåla snart fastsett, bandet hengt opp og

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

støvlane framme. Gamlen gløtta ut i kjøkkenet: «Kan du stikke ei kakesnei eller ein annan matbit i handa på glunten? Han kan bli svang når det lid frampå». – «Kjære Olav, er det ikkje noko dristig å leggje på Skallen i dag?» svara kjerringa. «Du må ikkje ta slik ut at de ikkje kjem tilbake». – «Å – nei, eg trur no ikkje så gale. Det er bra vêr i dag og livd fram med landet. No just var det ein sjølvannan mann som strauk av stad».

Dei var tidleg på han i dag, og det gjorde dei rett i, for han var slettes ikkje til å tru, og så er det no alltid best å ha dagen med seg. Den tillaging dei skulle gjere, hadde dei snåpt ifrå seg. Som vanleg var, gjekk det stilt; dei bruka ikkje mange orda. Far og son gjekk i breidd nedover bakken, og kona følgde eit stykke på vegen for ho hadde som ein otte i seg. «Du ser at det er som eg sa, det er godt utrorsvêr i dag», sa mannen då ho var på veg til å snu heim. – «Ja – ja, men sjå dokker berre for», sa ho, «du veit eg sit no åleine heime». – «Du skal ikkje be om det. Med Guds hjelp så skal vi nok kome både att og fram som så mang ein gong. Er hans tid og time komen, så er vi no alle i hans vald». Den lise som låg i desse orda, kom godt med. Då ho hadde sagt farvel med utrorsfolket og gjekk tilbake, var ho lettare om hjartet. Det var så mange ting som i det siste hadde skremt henne så reint opp, stakkar, at når folket skulle ut i ein færing tok redsla henne straks. Og av eit kvinnfolk var ikkje anna ventande. I den siste veka hadde han Olav liksom kvikna noko til; han hadde då prata om mange ting, særleg med han Nils; når han stulla med arbeidet sitt, hadde han sunge nokre av dei gamle songane sine: «Fjellbyggen agter paa Tiden» og andre, og så var det kome større mildskap over det sorgtunge andletet. Bra var det endå ikkje – langt ifrå; men ho trudde no visst det skulle beinke seg, og dei siste orda hans i stad gav henne godt mot. Ho gjorde ifrå seg ute og sette seg glad til rokken og spann på snella si til det drog fram på dagen og utrorsmennene skulle kome heim.

Det gjekk noko seigt med gammalfæringen i dag, men det drog då fram, og han bar seg ikkje så kleint. Javisst banka han tungt ned på all denne raklebåra som storm og straum hadde rota opp. Det var tunge daskar og bløyting, men gamlen hadde sjølv sett seg i framrommet og tok den verste støyten på seg; båten låg traust for og eit handfast åretak kilte han fram gjennom sjøen. – Dei som sat med årene hadde ikkje noko å seie no; det var stilt i båten. Berre den ting å halde eit godt åredrag i androren krev både sans og samling, og ein klein kar er det som har mykje å snakke om når det røyner på i roing eller sigling. Den uskikken vil

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

nordlendingen ikkje vite om.

«Det er vel tid å bytte rom no», sa faren då dei var komne utåt. «Vi får lage oss til å ta imot han; dei drar han friskt framom no». – Så fekk han Nils framårene. Det var ikkje arbeid åt slik ein glunt å dra sei, og her var det reint urådeleg, for han var stor ved Skallen i år – klumpsei mest alt i hop. Han fekk heller ro det vesle han vann. Orka han strekkje taumane, var det bra; kunne han berre andøve, så måtte det vere bra det òg. – Snart var bunaden i god stand, og etterårene ute. Med nokre drag var dei vest ved den andre båten. Jau, det var ikkje verst om det; han visste ikkje ordet av før den eine trøa etter den andre stod som ein klave. Glunten rodde som ein kar, og sei etter sei fór spralande inn over båtripa.

På vestsida var det særleg dei fekk tak på han. Men her var det ikkje godt å kome innåt, for bølgja gjekk så stor og feit, og kvar gong ho la opp over grunnen, gjorde ho seg så høg og kaut som åsar og fjell. Braut – nei, det gjorde ho ikkje, det vart med tilbeininga. Lite rimeleg var det òg at det skulle bryte på så djupt vatn og ikkje verre vêr. Den andre båten heldt seg godt inn åt Skallen, og det merktes snart, som ein og kvar burde vite, at seien tok betre i di nærare dei slong innpå bruna. Han Olav såg seg godt for denne gongen som elles, for varsam hadde han stadig vore, det var synd anna å seie; men han trong no ikkje halde seg lenger utpå enn andre folk. Ein vil no jamt vere der som det er berging å få. Og han fekk då rett for umaken. Det var greinleg moteleg å vere sjømann i dag.

Då det lei fram til middagsleite, snudde den andre båten i land; dei skulle visst heim med fersk fisk til middags. Men han Olav ville endå halde på han ei stund. Med draginga gjekk det like friskt, og det vart vel ikkje snåpt å råke seien i så godt eit lag, i solskinnsvêr vart det no ikkje så. Han tykte det var råd til å gje seg god tid og gjorde nokre snuingar att og fram. Med sjøen og bølgjene var det så på lag som før; lagt seg hadde han no ikkje; heller var det så at han smått skaut i med det. Men slikt hadde gamlen ikkje tid til å anse; han hadde trøer og årer, han, og der måtte tanken vere med. Glunten frami syntest liksom å kjenne det på seg; men han var ikkje stø på det og snakka ikkje om det. Ein blink sat han og stussa på dette; med det same fekk han sjå ein brottsjø vestpå, og no måtte han seie frå: «Far, eg trur vi må ha oss lenger utpå, for det kjem ei trollbåre leggjande». – «Å, ho bryt no vel av seg før ho når hit», sa faren og såg vestover.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

«Men vi kan gjere som du seier, for det er nok best, ser det ut til». – Men det tok tid, det med, og just i snuinga bar han i ein sei, og den måtte takast, så det drygde endå lenger. Då han så hadde tatt årene igjen og skulle med nokre kvasse tak kome seg unna, merkte han først at her vart anna av. I mellomstunda hadde ho brote andre gongen, og no støypte ho seg opp imot grunnen. Den stakkars færingen hadde kome seg ned i dalen og beinte opp mot dette vassfjellet. Rett framfor grunnen hadde ho gjort som ein stans; her ville ho ta seg på tak før ho la av stad tredje gongen, og no drog ho alt saman til seg med ei fælande makt. Dalen framanfor grov seg så djup, så djup, og den lange veggen voks brattare og brattare i vêret; ho hauga og toppa seg meir og meir; det auka og rauka seg taggar og tindar opp og opp, og i glupande villskap med blåsing og frøsing tulla ho seg i hop og kasta seg ned i si eiga grav. Det var ein smell så hard som heile verda skulle ramle ned. Eit ytterflak kom så hivande tilbake, og dermed var det stilt som på den innvigde kyrkjegarden. Ho hadde gjort det ho skulle; ho hadde slått seg sjølv i knas, men ho hadde òg gøymt ein utav Nordlands beste søner i den våte grava med tang og tare over dei bleike andletsdrag.

Dei som hadde snudd heim, fekk sjå det fæle brotet, og då ingen båt var å sjå etterpå, kunne ein og kvar vite at ulykka var ute. Det var friske karar, og med nokre kjappe tak var dei der borte. No var det så blankt og stilt som det ikkje hadde vore på mange dagar. Skum og tang låg og sukla kringom årer og tiljer, og midt mellom rak det vesle kvelvet knappast så mykje at kjølen og botn-bordet stakk opp or sjøen. Det var det lågaste setet, og det satt vesleglunten på den første gongen.

Båten la åt, og han Nils var berga. Det seig innover mot gamle torvtekte huset som han i stad drog ut frå sjølvannan. Åleine kom han no heim; den gode faren var borte. Gjennom dei svarte skoddeflokane braut sola fram og lyste med ein mild stråle ned over den såre gråten. Glunten såg opp; han såg heimen sin eigen gjennom tårer og solglans; det var tungt å sjå, men forunderleg fagert.

*Svein Urædd*, 1870, No. 49–52

## Ho Dun-Sesel

*Ei lita tavle frå Nordland*

Det er ikkje lenger enn så vel ein 3–4 år sidan eg såg ho Dun-Sesel på

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Bjørnsmarknaden. Så lang tid eg kan minnast var ho viss å finne nord med Nordstigen, der fjordfolket låg med nybåtar, år-røde, neverkippe og anna trefang, og ofte stod ho nedi fjæra nedanfor Vikabua i lag med kjenningar ifrå fjorden og utan frå øyane og ville få samhandel i stand. Ho var vel kjend med folket båe stader, og då ho så gjerne ønskte at fjordfolk og øyværingar skulde verte betre kjende, var ho mellommann og leidde i hop. Dei orda ho la inn, var alltid så godlidande og blide at fjordingen ikkje gav seg stort om nokre skilling meir eller mindre på ei borktønne eller på ei oskevåg, og likeins slo gjerne øyværingen av på seikvartelet og reklingspundet. Og då var ho hjartans glad; for det var så reint velsigna at det bar i handelen, sa ho.

Til marknads kom ho frå dunværet; men øyfolket ho var skipa med, måtte alltid setje ho opp på nordmarknaden; der hadde «folket hennar» tjelda. Grannane rodde så sør på valen attved Bjørnsholmen; der hadde dei tjeldet sitt. Aldri var ho så glad som når juli månad kom, – ikkje for den handelen ho skulde gjere; nei – då kunde ho få snakke med «folket sitt» og det var berre ein gong om året, det. Ja, Bjørnsmarknaden var henne kjær! All duna ho hadde sanka i været og reinska ut over sumaren, hadde ho med seg, og «folket hennar» ifrå fjorden handla med henne. Dei andre flidde duna si lenger tid og sende ho til Bergen; der fekk dei større pris. Det måtte dei vel, meinte ho Dun-Sesel; ein dalar marka var òg gode pengar, og så hadde ho eitkvart å fare med. Nokre dallar med egg som ho hadde gøymt til «folket sitt», var for lite å kome til Bjørn med. Både måndagen og tysdagen kunne du alltid finne ho bortmed ein båt eller under eit tjeld i snakk med ein eller annan kjenning. Først på onsdagen kom ho seg oppi gata; då hadde det gjeve seg med alt bråket og ståket, og folkestraumen var ikkje så galen; for dei tok til å reise heim att. Då kom ho lutande inn til Trondheimaren med den utifrå gode smilen sin, og han kjende henne så vel; og så var det då ei tønne korn og ei tønne rug og lite grann på kjelen; og når ho hadde stelt ifrå seg, var det endå att av dunpengane.

Dun-Sesel var det namnet ho gjekk med; det var òg kome inn i henne sjølv for godt; det rann henne slett ikkje i hug at det ikkje var rette namnet. Men så kom nypresten, og ho skulle då som før sine to gonger om året skrive seg til altars. – «Hva heter De, mor?» – Det var Dun-Sesel det, og ho liksom fortraut på at han spurde så. – «Hva mere enn Cecilie?» – Sesel Steinarsdotter Buvassvik – var

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

namnet hennar for Gud og kvar mann. – «Hva kommer dette siste navn av?» – Jau, det var farsgarden hennar, – og gråten tok ordet ifrå henne. Men presten fekk då likevel ut at i gamledagar, når vinteren var fælande kald, hadde folk henta buvatn ifrå den vika, det var før det blei rydda; buvatn var vatn åt feet, åt kyrne. – «Tror De da ikke det er riktig å skrive Kovannsbukt, mor?» – Og ho måtte sakte svare jau, for presten både kjende til det rette og gjorde det rette, det visste ho sant og visst. «Cecilie Stenersdatter Kovannsbukt» – sto det i boka – det var hennar rette namn. Men ho fekk ikkje tunga til å slå det og gløymt var det då ho sto framfor presten atter i same ærend; same spørsmålet, og same utgreiinga. Å kjenne henne lærte han ikkje. Svartbakværet låg òg sine tre mil ifrå prestegarden.

Buvassvik, som nemnt er, var langt inni fjorden. Sjeldan var det ho ville fortelje om det – korleis det bar til at far hennar hadde måtta flytte derifrå; det hadde slik ei tyngsle med seg, dette. Så mykje fekk ein då ut at dei hadde møtt mange støytar. Lofoten hadde nokre år slege ifrå; det store bruket han sat med, var då til utarming; Bergens-skulda voks, og nett i same tida kom det rente på Nordlandsgjelda – og mangt i mange måtar. Buvassvik vart seld ein hausten på tidendebyttet; ein av dei store proprietærane fekk tilslaget. Det var fælt så tungt for han Steinar og kona hans å skilje seg med garden. Det var bygdekjære folk, alle i ætta hans. Heimen var liksom grodd fast med hjarta. Og no kunne han ikkje tenkje på til å verte verande der heime! Det beit ilt i bringa.

Den våren dei skulle seie fjorden farvel, var ho Sesel nettopp sytten år. Om vinteren hadde han vore leigekar hos skipperen i Knipsund uti leia, og han hadde tinga med han Steinar å få han om sumaren òg, for det var det året storjekta vart bygd. «Det er Vårherre som leitar fram,» sa han Steinar. Då det lei utpå sumaren, kom han etter kone og dotter; han hadde ikkje fleire born enn ho Sesel. Det var ikkje vondt om arbeid for slike netthendte kvinnfolk; plass fekk dei alltid der som han var, og han kunne ikkje i den tunge tida vere dei forutan. Kona følgde gjerne, men dottera både græt og ille lét og ville slett ikkje flytte heiman. «Du har då vel ikkje nokon heim her lenger?» – Det visste jenta ikkje, ho forstod det heller ikkje. Berre han far og ho mor var der, så hadde ho alt som til heimen høyrde. Og så alle kjenningar og vener – og om det no var ein omfram dei andre, så var det ikkje til å undrast på. Ho var no sakta så fin og fager at ein kamerat kunne sjå monn i henne. – «Det kunne vel hende seg at vi fekk kome heim atter,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

ifall det gjekk oss bra,» sa han Steinar, og så gav ho seg; ho ville òg så gjerne vere hjå foreldra.

I Knipsund vart hos Sesel snart stedd; ho skulle vera utgangstaus for som først. Kona hans Steinar sat i borgstova og spann eller stelte i veven. – Ikkje sjeldan hender det at svenske folk kjem flyttande over og slår seg ned i fjordbotnen einkvar stad. Dei har alltid godt skjønn på veving. Slikt tek grannane etter. Kona hans Steinar kunne mange mønster på åklede og dreiel som sjølve skipperkona ikkje kjende. Dei kom snart til å like seg vel med henne; han og dottera vart òg snart kjære hjå dei som dei gjekk blant. Arbeidet gav trivsel; hausten og vinteren gjekk. Han Steinar steig utor lofotbåten atter og gledde seg med sine som han hadde lykka til å finne med liv og helsa. Berre ho Sesel gjekk som med ei sott; trivast kunne ho ikkje. Tanken drog alltid innetter. «Vårherre i himmelen akte på barnet!» tenkte faren. Han såg det òg at ho var lausrive frå den rette jorda; men han var ikkje mann til å hjelpe det. Ho stod no veikare, men styrken kom frå Gud. Han kunne ikkje sende henne inn i fjorden, det var for langt unna, og sjå barnet sitt attved seg, det trengte han til.

På den tida vart plassen i Svartbakværet bygselledig; alle øyane der utigjennom åtte skipperen i Knipsund. Han ville nok ha ein slik mann å tale til som han Steinar, og tilbaud han været. Mykje slo frå, mykje drog åt. Han Steinar hadde ikkje bygsel, og det skulle ikkje lite til; å kome for mykje i boka var han redd; han kjende til det; skipperen var ikkje den karen som gav etter på si kappe; makta rår, og han hadde makta. – Men tanken på ein eigen heim, den velsigna heimen, vann. Så kom det med at det var lettvint i været og ein triveleg plass. – Den våren flytta han Steinar med kona og det vesle skrapet sitt til Svartbakvær.

Det var tungt for mora å la ho Sesel vere att; men kor skulle ho tenkje på å gjere skipperfolket imot, ho som stod i stor skuld. Kona i Knipsund måtte no endeleg få vevartaus i plassen etter mora. Stor løn og anna gildt vart lova, ho kunne ikkje sleppe. – «Gud hjelpe meg for borgstovesnakket! – At slike gromme folk kan vere so likesæle med Gudsord og åndeleg velferd åt tenarane!» tenkte mora. Jenta såg korleis det no hadde seg. Det var vel best ho let det vere stilt. Ho kunne vel òg stå i med å tene her, og faren kom ho alt som oftast til å treffe. Men når han feste seg i været, vart det mindre von om å få flytte inn att til folket deira, og det var så tungt å tenkje. Om det då ikkje vart før, så skulle det no verte når

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

faren ikkje hadde bruk for henne. – Han Steinar hadde liten hugnad då han såg korleis ho tok det: «Stakkars barnet som laut ut i storverda bort frå heimetufta!» sukka han med seg sjølv.

Flaket ut over frå Knipsund til Svartbakvær var så mellom ei og to mil. Der var eit godt eggvær; om våren var det så tjukt med stormåse at det var eit under til å sjå; mest var det av den vi kallar svartbak, og han har òg gjeve været namn. Ærfugl var det no ikkje stort; berre nokre par var så elskne at dei gjekk opp åt husa; elles var det noko av dei på utholmane. Folket før var styrne og bråksame og hadde ikkje vit til å akte ærfuglen for ramn og ufugl elles. Det trongst no kjærlege hender til å stelle der ute, skulle det ikkje verte til inkjes med egg og dun. – Det var no ikkje han Steinar likevel, for han var så godt bunden i Knipsund at det var berre nokre dagar i kvar onn han kunne tenkje på vere heime, og elles i helga når vêret var, og så var det då kjerringa som fekk stelle med gard og fugl. Det var mange lange dagar for henne. Reint åleine kunne ho ikkje vere. Ei framvokstringsjente var henne til hjelp og hygge. Mest var ho turvande når dei skulle ut på holmane og mjølke.

Været var langdrege frametter med holmar i holmar som sjøburden og sudraget hakka og hogg på seint og tidleg; det var Langholmen, Tjeldøya, Skatholmen, Kvitholmen og Trolløya og så frametter. Det var to øyar som merkte seg ut med storleiken; Torvøya og Husøya, der garden låg i livd attmed ein liten haug – stova i midten og fjøs og bur på kvar si side. Tett innåt Husøya på sørkanten skaut Naustholmen seg fram slik at han med ein gong beit av sudraget som gjekk igjennom været og laga sundet til ei god båthamn; der var det landande i alt farande vêr. På berget attved sundet stod naust og skjå. No var mange hus tomme, og mest med sjøen, for kva slags børnskap skulle han Steinar gøyme på skjåen? Og båtane i naustet var snare å telle: det var færingen og ein gammal skottkeiping eller halvfemterømming som han hadde fått ut av skipperen med alt det andre til å hente ved på frå fjorden. I været var det nake og snautt, ikkje vedpinnen, og det som rak åt, åtte ikkje han. Torvmyrene måtte dei ta fint på. Det var berre på ei øy det var råd til å lompe seg eit par seter kvart år. Ho hadde fått namnet Torvøya; var òg størst i heile været og stakk opp med berghumpen sin over dei hine. Her gjekk buskapen – det var tre kyr og nokre sauer – lengste tida på sumaren og leita seg fine, feite strå nede mellom knausar og kløfter, der fuglefrau kvar våren gjødde opp. Når det var avgnege, flytta dei

converted by Web2PDFConvert.com

feet ein annan stad til det fekk gro oppunder. Så lite mat som det såg ut til, var det reint utruleg kor godt feet mjølka, og smøret ho kinna, var så gult og feitt som det likaste fjellsmøret. På Husøya var slåtta, og dei tykte sakta det var eit heilt kalter å skrape graset i hop mellom nakkar og naser i tusental; men når dei fekk det gjort, var det gullgodt.

Såleis såg det ut i den nye heimen. Han kravde andre seder, andre tankar enn fjordlivet, og det var langt ifrå lett å skifte i den alderen som han Steinar og kona hans var i. Men livet i øyane hadde òg si glede, og kvar dagen hadde si velsigning utmed havet òg, det merkte dei vel, og det gjekk – tungt ofte, men lettare som det leid. Visst såg han ikkje stort etter alt strevet sitt, for det var så mykje å betale. Men når årsdagen kom, hadde det då minka – det gjekk fram.

Dottera tente, som sagt er, i Knipsund og hadde det godt; ho gjekk der like fin, like bleik; ho var ikkje den som kunne gløyme dei som først hadde vorte henne kjære; Buvassvik og kjenningane hennar og heimkoma – det gjekk ho og tenkte og tenkte på, og det var mangt ho gløymde å tenkje på. Gåve på gåve vart henne sendt, til marknads, til helg og høgtid, med kvar Bergensstemna; dei synte henne kor dei kunne sette pris på hennar dugleik og dyd; men ho tok ikkje gleda; ho visste det at ho likevel stod åleine, så reint åleine. Ingen i den store Skippergarden hadde sut for børa og tyngsla hennar, og eit hugsvalande ord var ikkje til å høyre. Ender og gong kom faren opp; men han hadde eit stilt huglag; han kom aldri til å snakke noko som var; og når han såg henne, mintest han det at det var skulda hans at ho ikkje fekk bløme i heimehagen; så vann ikkje han seie noko. – Nei, ho kjente det altfor vel, ho var åleine.

Det var så grønt innpå granskogsheia;
det er så grått utmed havskjerleia.
Gud betre den som 'kje livd kan få,
som storm og skodde skjer blomen frå.

Dei ber meg gåver og gjer meg beine;
å berre nokon det vel meg meine!
Gud betre den som åleine fer,
som aldri kjenningen hjå seg ser.

Det var så lett innpå heimetufta,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

det er så tungt i den fine lufta.
Gud betre den som fór bort frå mor,
som ei kan lese ved far sitt bord!

To år var gått sidan han Steinar hadde bygsla Svartbakvær. Ho Sesel gjekk i sitt eitt og tjuande. Seint på hausten ein dag han hadde vore i Skippergarden og hjelpt til med kostbakinga og skulle heim, kom dottera og var så sorgfull at det var lite ord å få. Ho ville få lov til å flytte or tenesta. – Stakkars far og stakkars dotter! Det møtet er ikkje til å snakke om. Jenta pistra og hikka så jorda måtte svare; han Steinar stod og såg ned, fekk ikkje ordet, ikkje tåra fram. Det var liksom nokon kviskra inn i tanken hans: Hadde ikkje barnet måtte la heimen fare, var ikkje så gale hendt. Men hadde då ikkje han slept volen? Sat han med styret? Hadde han gruva for slikt? Ville då ikkje Herren lyde etter det han bad? – Og tankane stridde imot kvarandre; han såg mørkt i mørkt. Ho Sesel puska i hop tyet sitt – dei rodde utover, men ordet kom ikkje på tunga, og korleis det vart heime, kan ein tenkje seg sjølv.

Då det var preik nyårsdagen, og presten ønskte folket lykke på lofotferda, tykte kjenningane hans Steinar det var forunderleg kor han hadde kvitna i hovudet på ei kort stund. Kona var ikkje til kyrkja; ho hadde fått kov for bringa.

Den vinteren sat ho Sesel attved vogga og sulla og gret og krøkte seg ned over guten for å gløyme bort seg sjølv – den rake ryggen krokna over vogga.

Ro, ro til krabbeskjær,
mange fiskar får du der:
Far og mor skal ingen få,
søster, bror vil deg ei sjå;
guten skal ha fisken all i havet.

Ro, ro til krabbeskjær,
kast og drag med' båten ber.
Far ei bryr seg om di gjerd,
mor er skam og skade verd.
Guten skal ha gull som sym i havet.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Ro, ro til krabbeskjær,

alltid du i godvêr fer.

Mor di såg han blid og sleisk,

etter kom han stygg og beisk.

Guten får seg trygge vind på havet.

Ro, ro til krabbeskjær, –

legg ei åt så meg du ser!

Mor di tok i synd ditt liv,

med seg sjølv, sitt folk i kiv;

sorga svell med' guten ror av havet.

Ro, ro til krabbeskjær, –

veks no stor i båten her!

Mor sin veg vart stutt og sleip,

guten legger år i keip,

ror så langt med båten lasta frå havet.

Ro, ro til krabbeskjær. –

bort frå brune lyng og bær,

inn i grøne Buvassvik,

der veks blomen barnet lik.

Mor kjem ei av holmen utmed havet.

Ro, ro til krabbeskjær,

mor sit stengt inni eit vær,

rømte frå sitt barneliv,

frå det alt, som sæla giv.

Guten ror på heimveg beint frå havet.

Ro, ro til krabbeskjær,

nådens Gud er barnet nær,

ser ei ned på værets skam –

sender englar med deg fram,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

til i himlen du ror inn frå havet.

Det som tok tyngst, var tanken på «heimen», for no vart vegen stengt av skamma hennar. Livet som låg så heilt frametter, gjekk sundt; ikkje ein einaste tanke ville bere. Ho måtte vere med øybuane; men om dei var snille, kunne livet med hugleik og syn, hjartelag og kjensler likevel ikkje vekse i hop til eitt med dei som med heimbygdingane; nei, ho måtte vel gå som framand alt sitt liv – ho som var så heimekjær; men kva hadde ho fortent? – Og gråten slo seg strid nedetter dei bleike vangar; ho gøymde seg lutande nedover barnet – frå desse dagar gjekk ho lutt.

Han Steinar drog på lofotferd atter, men han hadde ikkje den hugnad med lendinga som åra før. Dottera sat på sin måte ho, og kona kom ikkje or senga – nokre veker etter slokna livet. Det var ein blank vårdag det var gravøl i Svartbakvær. Strålande smilte sola nedover følgjet som rodde og song: «Følg Jesu med, jeg er din vandringsmann!» – smilte nedover han Steinar som stod på grava med andletet gøymt i hatten; då var det at det bar laust med alt som hadde sete liksom ein sting igjennom hjarta hans; seint vart han ferdig, og då dei tunge brunane letta seg opp, såg han ingen; berre ho Sesel stod og stirde på faren borte i ei krå ved kyrkjemuren. Han såg på henne mildt og mjukt. Det sa i hjarta hennar: «På mor si grav forlèt eg deg». Børa letna; det skaut seg fram ein gledesmil kring munnen hennar; men det såg ein at sorga låg vaken ikkje langt under. Det var denne smilen ho Dun-Sesel bar på all sin dag.

Det er å fortelje at livet hans Steinar gikk i sitt gamle lag. Dottera måtte ta på med eit nytt liv. Mora sin plass skulle ho skjøtte, og det var dette arbeidet som slo døra opp til hennar rette rom i livet. Endå same våren då fuglen byrja å gå opp, vakna det noko i henne som det var kjærleik i, og det batt hugen til livet. Fuglen vart hennar venn, ho hadde ingen annan, ville ingen annan ha. Når fuglen hadde det godt, var ho glad – når han sleit ilt i uvêret, eller når ufuglen gjorde ugagn, sørgde ho med vennen sin. Fuglens natur og sed og vane vart ein kjær tanke som skaut gamle ting unna. Vel nok kom det nye livet aldri til å lokke stor glede inn i hjarta. Gutungen, som voks framfor augo hennar i vogga, på fanget, i gåstolen, på golvet, på marka, i båten, minte henne alltid om hennar store synd og den skam som stod mellom henne og «heimen», og sorga var levande under den gode smilen alt til dess ho seig i jorda. Men faren hadde forlate, og frelsaren det same,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

og det nye stellet hadde slik hugnad som smaug inn mellom tyngsla og løfta opp; og med kvart år som lei, voks det i henne. Vårherre hadde flytt henne til den rette livsgjerning; det var då eit rom i storheimen som trong hennar syn og sut, og tåretakken brann henne på tunga. – Det taket ho hadde fått på livet, gav henne syn på mykje meir; kjærleiken bar lenger og lenger omkring. Øyværingane vart snart gode vener med henne. Ho var nå så urimeleg netthendt med rokk og med nål og i vev; ho fekk nok å gjere utover hausten og vinteren. Så hjelpte dei henne i staden med folkehjelp om sumaren, med torva, med spading, med høyet og med feet når det skulle båtførast. Du såg ikkje ein grin og høyrde aldri knysten hjå henne Sesel; men kom du dei første dagane ærfuglen gjekk opp, var ho ikkje i godt lag: «Synest dokker ikkje synd på fuglen? Ke dokker kjem etter på denne tidæ? Veit dokker ikkje at fuglen treng fred, han òg?» – Men det var ikkje det minste ilske i ord eller tonelag. – Når folk hadde bredd lyse om våren og skulle til havs etter kveite og longe, hende det stundom at dei var oppe på Sørholmane i Svartbakvær – helst med natta – og stal egg; men ho Sesel vart aldri sinna på dei, klaga aldri: «For leie folk! At dei skal ha hjartelag til å rane fuglen!» – Det vart òg mindre med slikt.

Åtte år hadde ho Sesel stelt i Svartbakvær, og det var mest ikkje til å kjenne att. Den våren ho sulla barnet, kom det nokre par ærfugl opp, og no var det over to hundre. Glytte du under stovetrappa, under burstilet, fjøstilet og innpå låven, fann du heile rommet delt opp i små båsar med bord eller småheller imellom, og i dei fleste båsane breidde ea seg ut over egga sine så mjuk og heit og kjærleg; dei som tomme stod, hadde tørr tang og anna rusk på botnen; der hadde ho Sesel laga til. Kringom husa på bakken såg du 5–6 skrov av gamle båtar med stamnane avsaga og omsnudde, og der innunder fann du same stellet. Med sjøen likeins, og ut over øya var det bygd små steinhus på høvelege plassar i søkk og kløfter og under små bakkebruner til å ta imot gjestene; kvart huset hadde tak, og la ea seg inn, kom den trugne aktaren med eit brot av ein gamal ljå eller sigd til skræmsle imot kråke, ramn og stormåse, dei utlærde eggtjuvane. Når berre fuglen var so elsken at han gjekk inn under tile og tak, slapp dei rane. Ute var det alltid fare om ein såg aldri så vel etter. Endå verre var det på utøyane. Men – der òg var ho Sesel til hjelp. Det var strev meir enn mykje; men det var hugnad òg. – Dei første åra fekk kvar e bre ut det ho varp; sidan måtte ho gje aktaren sin 2–3 –4 egg av kulla, etter som ho var rik til. Når ho låg på sundet med 2–3 søte

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

småungar etter seg, kom ho slett ikkje i hug at ho kunne hatt eit par til. Og våren etter såg ho like blidt på Svartbakværet, styrde innimellom holmane med fleire i laget, og ein fin vårdag når midnatt var lide, krabba ho seg med kameratar i store vasar opp etter berg og bakkar, tøygde halsen og stirde gjennom glaset og alle stader om det no var skikkeleg stelt. Dei kvite kallane som for nokre dagar sidan låg på sundet og slost så fjøra fauk, dilta no etter og forliktes godt – dei berre følgde kvar med si kone og snakka med henne. «Ká-ká-ká–ká-ká-ká –,» sa ho, fortare og kvassare som det bar uti, – og han skjøna det så vel og svara: «o-O-o,» og det skjøna ho. Det var berre om framtida si dei prata. Kom det då den uheppa at det høyrdest snakk eller ståk, eller ho fekk sjå andlet i eit glas, måtte ho av, og steggen og heile flokken etter. Ho Sesel hadde ein gong slått i ein skratt då ho fekk sjå ein halt e-kall lange ut etter ein lagsbror som ikkje hadde vit til å halda seg langt nok unna kona hans; men dermed tok fuglen på til å skjelle og smelle og fór beint til havs. Dette gjorde henne ilt og sidan vara ho både seg og husets folk så ingen tingen skulle ufrede den stakkars fuglen – og fred måtte det vere, så lenge ho varp, og han andøvde nede ved landet og venta ho; men så snart ho la seg, og han var stroken til havs, var ho ikkje skjerr; du kunne godt kome dit og stryke den mjuke dunryggen; var ho utav dei sære, hakka ho i handa; men dei blide berre såg på deg og krøkte seg ned att i den heite senga som ho i den tida kledde med dun utav seg sjølv. Det var morselsken, som gjev av seg sjølv, gjev seg sjølv. – Var det ikkje nett likeins med henne Sesel? Ho vart aldri trøytt å sjå dette livet; det var då hennar eige i så mange måtar! Nei, denne velsigna fuglen kunde ho rett halde utav! Og ho hadde det på seg at han heldt utav henne òg. Var det ikkje nett som han såg igjennom augo nedi hjarta som svidde og svidde; ho hadde òg gjeve seg sjølv, sitt fagre ungdomsliv; ho stod der òg åleine med ungen sin.

Gamle Steinar var enno i Knipsund og arbeidde med å fli om jekter og båtar og alt som til fall. Det var reint utruleg kor godt han heldt seg, og kor glad han var no i slutten. Ein skal vite at han hadde betalt alt han hadde tatt ut i Knipsund og resten hjå Bergens-kjøpmannen, og det tykte han så gromt om. Endå skulle han ha skillingar i kista si òg; så sa folk. Det var mest pengane som dottera hadde drege inn med egg og dun som hadde hjelpt. Det barnet som hadde vakse opp i huset hans, kunne han aldri like seg vel med; han såg på det mest så som ei høne ser på andungen ho har bredd ut. Ja visst var guten honom kjær; men det var noko likevel –

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Ein dag sendte skipperen bod med han Steinar om ikkje ho Sesel ville kome inn til Knipsund med barnet. Dei hadde fått huslærar, og guten som no var åtte år, trong å lære noko. – Ho Sesel hadde aldri vore der sidan den dagen ho flytte. Ho kom der aldri meir i sine dagar. Det som vart sendt, hadde ho tatt imot, og når faren bar bod, gjorde ho guten i stand og lét han følgje med bestefaren sin; men ho tykte best om heime vere. Hug til å ferdast hadde ho berre når det var kyrkjesøndag og vêr til, og så til marknads, som før er sagt. Dit kom ho med duna si som stundom ikkje var altfor velreinska, for ho skulle vere ferdig til marknaden kom. Den selde ho til kjenningane ifrå fjorden, slike som hadde råd til koste seg ei dunseng. Det var dei som baud henne kome «heim» atter; men nei, det ville ho på ingen måte; stengt var stengt, og no hadde Vårherre peika på eit rom sjølv, og så kunne ho som det no var ikkje høve på nokon annan stad utan ho kom til å vere ei bør på andre og kovne av; inga gjerning kunne dra hjarta hennar og ingen staden var ho turvande, berre i Svartbakværet. Vel nok var ho i grunnen framand mellom øyværingane, men det merkte ho ikkje stort no, og blant fuglen sin var ho slett ikkje framand. Og dess meir ho fekk øyværingane kjær og dei henne, vart det òg eit levande ønske hjå henne å leie i hop vennene sine frå fjord og øyar, at dei kunne kjenne seg som same folket; det streva ho sjølv med å lære, og det måtte dei òg lære.

Guten gjekk på skule i Knipsund, fekk gjere ein tur på litlejekta med styrmannen i fiskehentinga og ei hauststemne i Bergen. Hugen til sjøen og handelen kom tidleg opp i honom, – «det var skipperblod i 'n,» sa folket. – «Dei tek han ifrå meg!» tenkte ho Sesel, då ho såg han atter. «Men det er løn som forskyldt; kva har vel eg fortent!» Og det gamle såret var like friskt. Guten skjøna lite mor si og tårene hennar; ho hadde ikkje mot til å leggje sorg på honom og tagde. Han tykte òg snart det var eit fillerom i Svartbakvær; andre ting drog han ut. Så snart han kom til Knipsund, sat han ved skipperen sitt eige bord, lærte å danske og handle og mykje meir. Eit godt hovud hadde guten, og nem til å ta etter var han. Og skipperen gjorde alt til at guten kunne kome fram; d'er synd anna å seie. Då han var vaksen, vart han skipper til Lofoten og Bergen på litlejekta; med reiser og kart kom han snart så inn i bergensleia at dei ikkje trong styrmann. Heime hjelpte han til på krambu og brygge.

Guten gjekk i sitt tjuande år. Det måtte snart verte spørsmål om å drive eige

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

bruk, så dugleg og gagnleg og tiltaksam som han var. Det året tok just storsilda til å gjere noko av seg på Helgeland. Svartbakværet låg midt i eit innsig og var høveleg til fiskeplass. Han gamle Steinar sovna av på haustsida; han vart ikkje med. Men garnfolk som låg i været, gjorde god tur. Eit par små bomsiglarar låg i sundet ved Naustholmen.

Straks etter fisket sendte ho Sesel pålitande folk inn til Knipsund; ho ville bygsle været, og greie pengar følgde med. Men skipperen trudde det var likast at sonen fekk det; ho kunne ha det godt hjå honom. Og guten fekk været skøytt åt seg for ein rimeleg pris. Og no var det å lage i stand til å ta imot silda neste hausten. Notbruk laut til og salteri og farty. «Den som vågar, han vinn,» tenkte sonen. Mora kunne no ha fuglen, han ville prøve storsilda. «Kjære son, skrem ikkje fuglen! Han er fredkjær, må ha fred i været framom alt.» «Så får han venje seg til å tola lite grand ståk med,» meinte han.

Straks det vårast, drog han med ein kumse inni fjorden etter tømmer og bord til saltarhuset og arbeidsfolk. Han laut ha det arbeidet i gang før vårstemna; han skulle òg no styre på litlejekta og med det same kjøpe nøter. Og huset skulle vere i stand og tekt til han kom heim, elles hadde han ingen stad å gjere av nøtene og barkekaret og tønner; når det lei uti slåtta, var han meint på å leite etter sumarsilda. – «Son min, son min, la dette byggearbeidet kvile til lenger lid!» Det let seg ikkje gjere. – «Du tar livet mitt!» – Det hadde han ikkje vit på, trudde det var tullsnakk og smilte.

Då lyse var bredt, drog sonen til Bergen. Dei gjæve og trugne arbeidsmennene klemte på seint og tidleg. Som venteleg var, gjorde dette fuglen til meins. Han vart skjerr, og knapt nok fjerdeparten kom opp i sine gamle reir imot før. Matmor i huset vart så forunderleg; det var liksom ei kald skodde la seg inn på den godlidande smilen. Ho Dun-Sesel var ikkje til å kjenne att. – Ingen hadde forstand på det som no drog i hop i bringa hennar, og sjølv berre visste ho at all hugnad og lise seig bort. Det var ikkje lenger så at hennar syn og sut, hennar tankar og huglag var turvande nokon stad. Trådane som batt dette hjarta til denne livsgjerninga, var brostne; ho hadde ikkje feste, låg på rak atter. Og – det var hennar eigen son som hadde stengt henne ute ifrå heimen, og som no skar av det som var spunne mellom hennar liv og denne vesle flekken i den store heimen! – Og synet møtte alltid den svarte skamma som skygde midt i vegen hennar. Men dess meir ho bleikna over desse tankane, dess meir tykte ho det vart strålande

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

solskin fram over Buvassvik, med sumargull på vang og voll; då kjente ho barnehåtten – fekk gråte, gråte og sende tårebøner til Herren i høge himmelen om han ville gje son hennar heimhug og barnebønn og så sleppe henne heim no. Og sola var i ferd med å sige ned om heimenuten; den blå himmelen vart så blid; så ven hadde ho aldri sett Buvassvik; Gud Fader var det som gav det blide. Å, kor det då var sælt å sjå barneheimen over barneheimen!

Før jekta kom heim, sov ho Dun-Sesel i jorda.

*By og Bygd*, 1873, første heftet.

# Til jul

Ei lita tavle frå Nordland.

Det er vel lite ventande at sørlendingar vil høyre på ein nordlandsgut som fortel om skikkar heime. Landsens skikkar er så ymse, og dei nasjonale tankane må streve seg fram på ymse måtar. Vil ein då berre tenkje på det han ser, kjenner han seg stundom som framand på hi sida åsen. Men det er gale, det. Ein lyt sjå til å få tak i tanken som arbeider opp under. I den understraumen vil han finne seg sjølv og sitt eige liv att og få minning på si eiga glede. Dette vil eg seie som forord. Ber folk ikkje kjensel på juleskikk i Nordland, så vil dei likevel kjenne den gamle norske helgartanken igjen. Lenge før folket vårt fekk kjennskap til Kristus, var jula den største høgtida. Til denne helga var det reisler store og gode. Og så er det òg sidan, etter at sola gjennom dei lange aldrar har vakse inn i folketanken med ein kvitare let og ein mjukare tone. I grend og gard, i hug og hjarta lyser denne mørke tida med den skiraste glansen gjennom heile året. Spør ein etter grunnen, vil mangt svaret finnast; somt er det vel som ikkje kan forklårast. I Nordland er denne helga òg som ein stor velfar-dag. Når trettande dagen er liden, og han «Knut faren ut», lyt kvar arbeidsfør kar i lofotbåten; presten lyser velsigning over dei og bed dei vel fare, både som fer og kjem, og den som fer og ikkje kjem, og kven veit kor det kan råke. Tanken på det som ligg attom, gjer høgtida meir høg.

I manns minne og mykje lenger tilbake har folket lagt seg om å få denne helga så fin og fjelg som det var råd til. Alt det huset formår og vel så det, vert lagt til. Då er det rett å krevje det gildaste ifrå fjøset og sjøen. Kan ikkje budeia få nyber-ku til jul, er ho ei vesal krøkje og fortener den straff å sitje på fjøstaket julenatta.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Like eins lyt drengen drive på nausttaket såframt han ikkje har kveite på julaftansbordet. Slik skam må dei ha seg unna; og kan det lage seg slik at drengen attpå får lurt kalven frå fjøsfolket, vert det stor moro, og like eins på hi sida.

Det året som her kjem i tale, var eg endå berre småguten. Karsarbeid var eg ikkje god for. Men så hjelpte eg til både ved sjøen og i fjøset. Å vere med til utrors var den største gleda mi, og det var slett ikkje trøysamt å bere vandlane eller måke, bere vatn til kyrne, stå på låven i lag med tausa og treske på julehalmen med vesle-sloga. Men ho mor baud det så, og så fekk eg baketter lov til å støype ein stor trekongar då det var lysstøyping, bere oppskoka til grannefolket då juleølet hadde gått ifrå seg, halde i tretta då han far tretta det på tønnene, bake ein stor og gild finbrødfugl, då det var omnsbaking, og legge juleveden i eit høgt og jamt la, då gamlingen hogde, og meir slikt. Det var jul i alt arbeidet og endå meir i alle tankane og lengslene.

Nett den same tida var ho Stutt-Rakel tenestetaus hjå oss. Ho kom ifrå Skipperfolket. Dette gjorde ho seg til av og ville skipe alle ting slik som ho hadde det i rikmannsgarden. Ho mor viska sjølv til feet, og så vart det ikkje rom å få i fjøset; men då det lei fram mot juleståket, fekk ho Rakel heile stellet – ho mor hadde ikkje tid – og eg skulle vere under-budeie. No var vel jenta gild; ho kjente ikkje den foten ho skulle stå på. Vi to, sa ho, skulle halde i hop. Men fór eg og drøste om slikt som kunne hende i fjøset, skulle eg verte så hydd at det kunne vere like godt. Ho hadde ei nyber-ku ventande. Det måtte ingen få vite om det. Når julaftan kom, ville ho bere kalvekjøttet inn, og då hadde ho fridd seg frå fjøstaket. «Berre dæ no ikkje gnett i deg!»

I same fjøset stod òg Holls-kona si ku, og kvart mål var ho der nede og mjølka. Det var ikkje den finaste vennskapen mellom henne og Rakel. Kjerringa lét alltid ille om at kua hennar fekk så små og kleine vandlar; jenta var harm, for den andre var slik ei sladrebøtte. Dei unte kvarandre lite godt. Straks jenta hadde fått kua si, var Holls-kona mesta som sjuk før ho fekk bere det ut. Det høvde også godt til ein kveld at drengen og han far stod ute på tunet, og med di ho strauk inn, ramla ho ut av seg: «Jau, ho Stutt-Rakel ho friar seg vel, men kanskje du får dans' på nausttaket!»

Av denne kvitring i høgmål, meinte gamlingen, kunne dei få moro, og vart

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

jenta for ei retteleg god prette, fekk heile huset det trøysamt i lang tid. «Slikt slag, Ivar, ber du deg godt åt så jenta må på fjøstaket, ska' eg kosta deg eit lite lag når du ska' ha presthandæ på deg.» Guten vart med ein gong så glad som ei smørøskje og meinte som så, det kunne vel lage seg. Det skulle no ingen seie at han Ivar var nokon kløppar på vitet, og folk kan ikkje undrast på at han i den stunda var lite omtenkt på det som kunne råke når han la ufredsråd mot fjøset og fjøsaktaren. Men han gjorde då likevel eit godt tiltak. Så snart skje kunne, var han av stad og gjorde seg venner med Holls-kona. Ho var med honom på kammerset hans overs burssvala og fekk skjenk og bergenskringle og andre godsaker.

Ingen visste om denne rådtakinga; ikkje ho Rakel heller. Men tanken hadde ho med seg og gløymde ikkje at i denne tid var det alt å grue for. Dermed måtte ho vere vak og var. Kvar kveld tok ho sjølv fjøsnøkkelen av og hadde han i ei gøymsle som berre ho og eg visste om. Det syntest ikkje likt at nokon skulle sjå seg høve til å snyte han ifrå oss.

Vesle julaftans morgon kom jenta inn på loftet og ruska meg opp. Det var så tidleg som vanleg oppstandartid var. Augo mine var lenge små; men eg kom då til slutt på standande føter, og då vart eg straks var at det liksom drog urolege skyflokar over andletet hennar. Det var folk inne, høyrde eg. Då eg var nedkomen, fann eg drengen og han far i fullt hyr og med sjøstøvlar på i stova, og ho Rakel i kjøket. Ho hadde kalvdrikke på, og då det var lytt, og vi skulle til fjøset, råkast vi og karmennene i døra. Jenta var ikkje blid og ville vite kva dei fór og rente etter så tidleg dags. Drengen gjorde seg vond og reiv ut or seg: «Ke du vil då?» Men gamlingen fortalte at dei hadde nokre sildgarn ute på Storviken. Det måtte vi tru på. Men med det same dei gjekk sin veg, sette han Ivar opp slik ein lei småglis at både jenta og eg spådde oss ilt av denne otterenninga. Ho fór så fort føre at eg snaut nok vann følgje. Lykta, som ho bar i høgre handa, sette ho ned og stakk nøkkelen i. Då merkte ho at det store trelåset berre var hekta åt så heile stasen rauk i fanget på henne, just som ho ville dra luka ut. Fjøsdøra på vid vegg. Det var løyeleg å sjå ho Stutt-Rakel. Ho sto som geita i einstig – visste korkje att eller fram; det kom så uventa. Endeleg bar det inn, og det første ho gjorde, var å sjå til kalvstakken. Kalven var ikkje der. Lenge vart ho ståande og drog i seg; til slutt small det laust med ein eid: «Nei, kor e dæ vørten a kalven? Kem dæ e den kjeltringen som ha vøre her? Tru du ikkje d'e han Troll-Ivar som e skjelmen?» Og så slo ho i stakkefjølene så det skralla i fjøset.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Løyeleg var det ute, men verre inne. Eg stod attafor båsladet på andre sida og gliste. Men så tok eg meg på tak og gjekk framåt, bad henne fint om å gjere seg blid; vi fann vel att kalven – minte henne på det som han far hadde sagt om banning og utnamn. Drengen var innan frå fjorden, og då han kom til oss, hadde han «Troll»-namnet med, for han var eit storsinne. Men gamlingen sa det skulle ikkje høyrast i hans hus, ikkje banninga heller; fekk han vite om slikt, var han ikkje lang til å tøye.

Ho tok straks til vitet, og då vi kom oss til arbeids, såg vi liknaden til åtferda hans. Den største fôrstampen var borte; løedøra sto oppe og høyet låg nedtråkka frampå golvet. Det rima godt alt saman, og ho lova at vi vel skulle lyske og leite til han fanst. Då det var gjort av med måking og mjølking, var ho etter hammar og firtomsspiker, leita opp låset og krampane som låg kasta bort i skavlen, spikra godt åt og nykte innafor. Hadde det berre vore i god stand før, skulle dei ikkje tatt det ifrå så lett, tenkte ho, gav seg så på leiting, og kringom fór ho i kvart eit hol; men stakkars jente – ho vart like vis. Anten hadde han dratt beistet til sjøen eller han hadde gøymt det oppå kammerset sitt, – der var det stengt og nøkkelen av – eller Holls-kona hadde tatt kalven inn åt seg; det var det rimelegaste; men opp skulle han: «Bi berreste, te dajen kjem!»

Inne var det mykje å arbeide med. Stova var ikkje skura, og veven stod enno oppe. Den yngste søstera mi, ho Else, som enno var heime, hadde strevd med ein stubbe som enno stod att på veven, og såleis vart det drygt i lengste laget med vaskinga, som elles var imot skikken i huset. No var han komen til nedklipping, og medan ho Else og eg heldt på med å bere vevleinane ut, vart tausa tilsett å henge halvtønnegryta på med vaskarvatn. Vevstolane hadde plassen i burssvala. Der baska eg nett på med å få vevfjølene opp i roa; så fekk eg høyre eit ståk og ei trapping oppe på loftet; det kom så brått, og eg var enno redd tyrken, eg var ikkje eldre karen. Men som eg var på med å ha meg utor det mørke holet på fri mark, tok det å låte så ilt og løyeleg oppe: «Mø-ø-ø!» – Jaså, stod det såleis til, tenkte eg, og inn fauk eg med bod, og kor det no stod på med skuringa, så laut ho Rakel ut og ned på buret. Luka var attlate, og urådeleg var det å bryte låsen. Men jenta såg seg ikkje forråd. Storstigen sto ikkje langt ifrå; klipetong og hammar var snøgt henta; glaset som var spikra til utafrå, var lett å få ifrå, og inn smatt ho. Der stod fôrstampen med høyet i. Det var så vidt at kalven godt fekk rom; men

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

kulden hadde tatt det stakkars krypet, og så hadde han kome seg fram på golvet og skitna så til at det er skam å seie det i skikkelege folks hus. Jenta gret ikkje, det er både visst og sant. Luka var god å få opp innafrå, og snar var ho med å få krøtteret i fanget og ha seg ned. På ein knagg hang nøkkelen til naustet. Den kunne vere fælt god å ha, tenkte ho, og nappa den til seg, slamra så luka i lås, og no var kalvungen stakkar straks i stakken sin, og så bar det til på nytt lag med å skure.

Det lei ei stund, og karmennene kom til gards med kokesild. Dei fekk no ikkje fred før dei hadde gjeve greie på kva dei hadde gjort så lenge ved sjøen. På dei mange spørsmåla om gangvad og kveite svara dei ikkje. Det var garnopptaking og tining som hadde hefta. Då dei hadde fått seg mat, bad gamlingen om alle matjungane og knivane elles som skulle ha sliping til jul. Dei hadde veslesteinen i ein stamp og heldt så til inne; han fraus ute. Han Ivar hadde lofotkniven sin med og ein bråte tollknivar. Dette var vanleg arbeid på formiddagen om julaftan, og kvinnfolka tykte det var underleg å sitte med slikt så seint. Etter sliping kom heining, og då det var gjort, strauk dei ut med kvar sin kniv og stilla seg ned om sørnova. Jenta hadde det i seg. Best som dei var komne seg på marka, spratt ho ned og ut i kammerset. Der kunne ein betre sjå buret. Ho mor meinte det var likare å få vaskinga ifrå seg enn å renne att og fram. Så måtte ho Rakel fram med alt i hop, og no bar det ut til henne med det alle saman. Det var greitt at guten no ville ned og tyne kalvebeistet så det slapp å fryse lenger. Men inne vart det ikkje langt lerret å bleike. Då dei synte seg på trappa att, kom han far flirande, han kunne ikkje blette. Den andre karen var ikkje i det laget. Skam og harme og motløyse låg som daudmørke over det trutne andletet. «Ja, dette va då greinle ei god tørv,» sa ho Stutt-Rakel og lo så det ingen måte var på, og dei andre med. Då gamlingen lét opp ytterdøra, var kvinnfolka komne seg til arbeids att.

Straks over middagsleite hadde båe karmennene ferdsleklede på seg; dei skulle over fjorden til gjestgjevaren og handle til jul. Når dei så kom heim i kveldinga, var dei meint på å dra opp børnskapen som var utsett; men dette vart ikkje tala om i garden. Som dei stod nede ved naustet, kom han Andres i Klipa og skulle same vegen. Han far tykte det ikkje var noko å hefte seg med når grannen ville dra kor som var. Dei bar då nedåt båten hans nokre våger råskjering og noko rå fisk, gav han så eit flaskefôr og ei lita bomme og gjorde greie for det som i skulle vere, og så skuva han ut. Gamlingen bad no drengen gå opp på neset til

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

husmannen og få ein av gutane hans til å springe opp i garden etter meg. Dette stod no snøgt av. Med sjøen var det mange småting å stelle med, så der var arbeid nok for dei som venta. Av meg ville dei no først vite kva kvinnfolka heldt på med, og eg måtte då ut med det som sant var at ho Rakel var sett å tyne kalven og så gå i einerskogen og finne bar til jul, og dei andre var på med krenelbaking, og at brorkona mi på Moen var komen opp og skulle vere i laget med.

Det var uvant å sjå på han far og drengen at dei nettopp hadde fått grein på det som dei ville. Ei stor glede var det for meg at han far ville ta meg med på sjøen; han var så spak med vêret at eg godt kunne andøve. Drengen skulle ha denne kvelden for seg sjølv. Han fekk no legge hovudet i bløyt, meinte gamlingen; det var greitt at jenta måtte langt sør i marka før ho fann snøen avfoken, og det vart visst ei lang æva før ho vann seg heim. Hadde han no heile i hausen kunne det endå bli råd med å få jenta på fjøstaket. Glad vart drengen så det var grove ting, og då det alt var på og skymdest, dilta han straks opp etter vegen. Eit lite blink etter la vi linekorten og kleppen i båten og rodde nordigjennom til vi i måneskinet fekk sjå den store spåmannsblåsa liggjande på småbårene.

Det ville vere tvert imot gamal sed og vis å leggje ut om med og fiskestø, og for langt vart det også her å seie frå om alt det eg såg og hygde den første gongen eg var med han far på kveitefiske. Berre den tingen kan eg fortelje at vi hadde lykka med oss og fekk ei kjekk lita kveite, slik ein mellomstor fisk på lag. Det var eit stort bask før han fekk motgangsongelen i henne; men gamlingen var just karen sin som hadde vore i ein slik kamp før. Tre vendingar hadde han henne mesta under ripa, så dansa ho ned att; men han følgde henne varleg, letta på taket, gav etter, til han smått om smått vann lokke henne på oppvegen att, og slutten på denne krig vart slik at han med ei stø og kring hand smurte kleppen i henne og letta henne fint inn i rommet. Det var stridsmannens gode omtanke og lag frå først til sist. Ho lika seg ikkje vidare med fangehuset – slo med den sterke sporden så hardt at attertofta rauk i mange molar. Men snart hadde vinnaren kniven i hjartet hennar, og den fagre fisken som ein kunne likne med den finaste prinsesse, geipa livet ut, medan hjarteblodet gav sigerdrikken og vigde oss til ny stridslukke.

Ein fin landvind grådde på nedover fjorden, og medan han hespa nord-ilen inn, mastra eg og rakka til. Så la vi den gode ranværingen vår på framvinden, og

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

over dei gylte bårene gjekk det som ein dans. Seint skal denne kveldsegling gløymast; måneglansen på den bårete fjorden, på dei englekvite strendene, på dei glade juletankane i den hoppande båten, på dei kvite julelengslene i dei ståkande og strevande hyttene «utmed havet».

Den første som vi møtte i land, var guten vår. Glede var det på båe sider. Om honom er det stuttaste å seie at han la til gards då han var stø på at tausa var kome seg uti marka; Holls-kona hadde fortalt at kalvkjøttet visst og sant var gøymt på buret; i kjøket var det så mykje kvinnfolkprat og ståk at dei aldri hygde på anna enn seg sjølv; etter leiting og omsnuing i buret hadde han langt om lenge fått sjå ei tønne nedst i det store ladet med ein blodflekk på logga; der hadde han råka rett på; alle tønnene hadde han skipa i same laget, og kalvskrotten hadde han nedlåst i kista si og nøkkelen i lomma.

Gamlingen gjorde til og hengde fisken opp i naustet, trødde så opp vottane i fjæra og venta ei stund på han som var bortover. Då vi kom heim, trudde då kvinnfolka at vi hadde vore hjå gjestgjevaren alle tre, men vi hadde lite grein å gjere på julehandelen og fisket som dei spurte om. Ho Rakel fekk god greie likevel; ho visste at vottane som ho sakna, kunne fortelje. Då ho ikkje såg likt til dei, var ho bortpå trøya til husbonden, og det var tydeleg å kjenne kveitelukta. «Ja – ja,» tenkte jenta, «dei ville jage meg på fjøstaket; no skal dei sleppe å kome med sine naser der eg har kalvkjøttet; men akte deg, Ivar! Eg kunne vel gjere deg ei prette.»

Natta la si milde ned over dei trøytte tankar. Den kvila er søt når ein liksom får legge av seg all møde og lengsle i den vissa at neste morgon lèt eg den mørke døra att, og då står eg ved den lyse vegen som eg stunda så lenge på. Eg har aldri stått opp med den gleda som julaftans morgon heime. Rundt ikring kviskra det til meg: No er julaftan komen, sant og visst julaftan.

Men han Ivar vakna ikkje så glad, han. Husbonden hadde om kvelden spurt etter den andre naustnøkkelen, men han kunne slett ikkje finne den der nede som han trudde den var opphengt. Då alle var til svars, spurte han etter nøkkelen, men ingen hadde sett den, og budeia gav så rangvise svar at det var reint bort i hør og heim. Gamlingen drog mistanke på henne. Dei samråddes då, han Ivar og husbonden, at ein av dei laut vere i naustet heile dagen, mindre turte dei ikkje vere trygge. På morgonsida var det så mykje å lage med at dei hadde arbeid båe

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

to.

Då det lei til middags, gjorde ho mor meg til sjøen med matbod. Han far følgde med heim på timen; drengen skulle vere i naustet og gjete til gamlingen kom atter. – Guten var gagnleg til landsarbeid, men sjøen var han lite van med. I naust og båt såg han ikkje noko åfatt og visste ikkje å ta seg noko til. På det laget vart han no snart gåande arbeidslaus. Det var eit godt stykke heim; han far var òg alt noko gamal, det var 'kje ventande at han så snarleg skulle kome att. Fraus gjorde guten, og han tok så smått til og vart svang; han tenkte på middagsmaten om julaftan, den gode mølja, og det vart altfor langsamt her åleine. Skulle han vente, var det likast, meinte han, å gå opp i skippargarden. Den låg midt på sjøvegen vår; der kunne han sjå kvar og ein som anten gjekk eller køyrte til sjøen. Det var òg ein annen veg, Øvrevegen; men den var ikkje opptråkka, og ei jente kunne umogleg grynne seg fram i den djupe snøen, meinte han. Det er òg å seie at det var eit knot mellom honom og inngangstausa i Skippergarden. Ein stor jenteferel hadde han vore all sin dag, og den stunda han ingen tingen gjorde, kunne han nytte betre. – Med naustnøkkelen på seg strauk han vegen oppover.

Julaftan lyt alle sengekleda og all sengehalmen ut og nytt i staden i kvar ei seng. Då han Ivar kom drivande, råka han nettopp jenta si oppå låven; ho stappa halm i ein stakk. Der vart han no ståande; om han gjette godt på alle som kom og gjekk, det skal vere usagt; venteleg var det vel så ymist med det; men det veit eg visst at han tykte vel om seg, for der fekk han juletråd og luggeband, og der fortalte han om husbonden sin lovnad og ho om stordansen som skipperen skulle gjere tredjedagen og meir om slike ting.

Då gamlingen kom, møtte han drengen sin i skippergarden. Han lét ikkje vel om gjetinga hans; når han fór så åt, meinte han, kunne kvinnfolka snart gjort dei ei stygg prette – berre dei hadde vore utom seg. Det trudde den andre karen han skulle svare for.

Å vere utom seg var ingen betre laga til enn ho Stutt-Rakel. Det fekk husbonden vite då han lét opp døra. Det var tanken hennar at dei båe to ville gå heim i lag og få seg mat. Då eg fór med matbod, bar det av stad med henne òg, men den andre vegen; ho fælte ikkje for grynning. Så måtte ho ligge og lure under sjåtilet hjå ein av grannane, til han Ivar tok til på oppvegen. Det vart god tid til å skjere finnar og bein ned i den berekassen ho hadde med, og å gøyme flaket og

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

hovudet i ei gamal lofotkiste som stod oppå naustlemmen. Verre var det å kome seg heim så ingen kunne tale til henne på vegen. Ho måtte vere var. Derfor løynte ho seg attafor Vardhaugen til husbonden var nedover bakken, og endå venta ho til drengen var oppe i garden; då visste ho at mølja og guten hadde nok med kvarandre. Kassen vart godt gøymt, og jenta var ute på arbeid att.

Dei var så avtala, guten og gamlen, at kring nonsleite skulle han Ivar køyre til sjøen etter fisken og anna smått. Så lenge skulle han far vere gjetar. Medan guten bia på den stunda då kveita hans og kalvkjøttet til budeia skulle fram, fekk dei honom på låven; det var enno ikkje kasta og dryst etter dei siste framlag, og ho Rakel maste stadig på at låveloa endeleg måtte bli rein til jul; det var for Jomfru Maria si skuld, fortalte ho meg. Og når han stod med drøftinga, var han karen fin. Det stod ikkje lenge på før loa var reinsopa. Men så lei det òg så langt frampå at nonen ikkje var langt unna; han la greie på hesten og drog sleden fram. Som han stelte med dette, fauk ho Rakel inn med siste sengkledefanget og ville vite kvar han ville køyre no så seint. Det skulle ho snart få sjå; og no kunne han ikkje berge seg, men tok på å skreppe utav julekveita si. Han slapp å gå med naglebit i natt, meinte han, og firra på hesten, og av stad for han.

Heim kom han ikkje fullt så bratt i nakken. Alle stod ute på dørhella og skulle ta imot guten og kveita. Då han kom ned til naustet, bar han på husbonden at han hadde vore med og gjort honom pretta; men då denne spurte om han ikkje såg jenta heime, hygde han seg og gjekk ved at ho heldt på med arbeidet sitt alt ifrå han stod opp frå matbordet. Skulda hadde han sjølv, det såg han, og ingen kunne han leggje harmen på. Det vart mykje å svelgje no han stod midt inne i flokken av dei ertande og glisande gardsfolka. Ender og einkvar gongen murra han berre: «Kjeltringsty!» Men di meir han snudde den furtne og sære sida ut, di trøysamare vart det. Gamlen gav henne Rakel lovord og eit nytt ortstykke attpå fordi ho hadde vore slik ein greiing. No vart ho Stutt-Rakel høg, og då det vart spurnad om ho kunne fria seg, bad ho dei berre følgje med, så skulle det syne seg at det var anna folk i fjøset enn ved sjøen. Det gjekk fortare enn eg kan seie det å lange ladet ned og unna og få tønna oppslått; men då ho fekk botnen på kant og såg ned i den tomme tønna, vart ho så stutt og flat som ein koppartoskilling; men det lét ikkje ordet i jenta, for sjølvane stod attmed. Det var så løyeleg at eg aldri har sett maken, for ho stod der briskande høg og datt med ein gong så djupt ned, og ulykka var at drengen skulle gjere narr av henne, og han skulle få vere den

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

siste.

Husbonden dømte at dei hadde vore dugelege og djerve båe to; dei slapp med straff, men så skulle dei skjenke heile laget kvar sin gong. Han bad dei å fli seg; jula kom snart i garden.

Freden kom såleis i stand. Ifrå skjemt og moro skunda dei seg alle som ein til den rette helgargleda. Den friske einerlågen skylte bort all furting og småilske, og fine søndagsklede vermde berre kringom ein lys søndagstanke. Det vart sidan sagt at aldri hadde det vore slik hyggjeleg helg i huset, og det meinte mange låg mykje i den gaman som gjekk igjennom førebuing og tillaging; det var ein poesi i ventedagane, eit preludium framfor den store høgmessa.

Inne hadde ho mor kveikt julelys. Dei store stakane, krusa med sølvlokk og den snøkvite dreielsduken som hadde lege i den mørke kammerskista eit heilt år, hadde no kome seg fram og glima og glansa, og juleglede var det alt saman. Dei blanke veggane stod og såg ikring på stova som var så underleg stor i kveld, takka for glansen og tenkte på julegleda, og det kvite nybara golvet glodde og fortalte om ein grøn sumar under og opp av det kvite, kalde kledet. Alt saman hadde eit «Gledeleg Jul» til alt som kjært var, og til den kjære heimen og mest til dei kjære gamle. I slike stunder er det liv i ei helsing; heile hjartet ligg i ordet, og ønsket dreg då lenger, og sukken løfter under: Kjært var det òg å ta i mot svaret: «Takk, Gud gje deg det same!» – og så juleskjenk med sukkerkringle og godter og øl av kruset. Ja, det var glede i alt! Og så kom ho mor med gåver til tenestefolket, med julelys og julestompar til oss alle, og gamlingen gav oss lite grann med brennevin, så mykje at vi kunne traktere vennene våre i jula.

Så vart det prat om nokon bar «Julehornet»; vi måtte då syne oss fram; men alle hadde nye plagg på seg, han Ivar dei nye luggebanda, jenta eit nytt tørkle og ei fin rødhuve, og ho Else gjekk med ei dyr silkehuve; det tyet var «Berns-blom» ifrå styrmannsonen på Skei; berre ho mor og eg visste om det. Denne gåva var den første ifrå guten hennar; men ho var ikkje så glad den kvelden som ein skulle tru, helst ville ho ha seg unna og vere åleine og la dei glansfulle augo stire på ingen ting. Fager var ho som aldri før, der ho sat med den unge livsvona stigande i lett raude opp over andletet som ei dagsrand om våren.

Men budeia var ikkje sturande; ho var just i eit godt lag og hadde så mykje å fortelje, og eg var alltid huga på å lyde. Inga julenatt var ho i seng, fortalte ho; det

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

var så mykje å få vite då; ho ville no snart setje tinnfatet med vatn i under bordet, og i morgon tidleg skulle ho seie det på ein prikk kvarhelst i Lofoten det vart fiske i vinter; det var mykje å sjå på lyset; stundom brann det tvers av, det var eit stygt merke. Så fortalte ho om han Herr Petter som fekk bod julaftan ifrå kongen og skulle preike høgste juledagen i København; om skyssen han fekk, og om faren han var i midt på Stadshavet, og sidan fekk eg høyre om Herøypresten som var i eit storkarslag saman med Alstahaugpresten; der gjorde dei julespel, og han ifrå Herøy vart dømt av den andre til å gå til borgstova og kyssa legdkjerringa; det gjorde han, og ho fekk ein blank sølvpenning attpå, ho; men for Alstahaugpresten vart det leiare, for han skulle kysse henne som sto i døra; men der fann han ein dauding som han hadde gjort uro i grava berre for nokre kledefiller si skuld, og det hadde visst vorte ein annan dans, hadde ikkje Herøypresten, som kunne svarteboka frå perm til perm, fått henne vel og bra ned att. Og så fortalte ho om han Per i Kulvikjen som tok smellen ifrå børsa si på den måten at han skaut til måls tre gonger gjennom eit kyrkjebrød som han hadde gøymt usmelta i munnen då han var til altars; med den børsa skaut han alt som til var, og ho beit på draugen med, for det var ein vinter han låg i Skipåtsvær og slo sel at han seint ein kveld høyrde ein fæl styr utanfor bu-døra, men just som det skulle til å bryte seg inn, peika han med pipa ut gjennom dørgløtten og la til; etter eit stygt brak vart det stilt, og der kom aldri meir slikt til honom. Då det lysna, og han kom ut, låg der ei grøn sleipe over heile berget – og andre segner lét ho meg få vite; og eg lydde.

Det lei – kvelden kom. Julegrauten, kalvkjøttet og kveita var alt av bordet, og dei gamle salmebøkene låg ikring på den kvite duken og venta. I bortestova lét songen så friskt og trillande: «Store Gud og Frelsarmann!» Ei lita stund etter tok det til å stige opp ifrå Pål-stova, rullande i tunge og sterke kast: «Store Gud og Frelsarmann!» Så kom Holls-mannen vår, og den veike og haltande trilla hans slo lag med: «Store Gud og Frelsarmann!» Og endeleg kom gamlingen, litt bivrande, men støtt og tonefast, og så la vi vårt: «Store Gud og Frelsarmann!» inn i dette orgelkor. Heile grenda var eit Guds tempel.

*By og Bygd*, 1871, 6. band.

# På reina – over fjorden

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Ei lita tavle frå Nordland

Ifrå Stadsbygd og Namdalen og opp gjennom Helgeland og eit godt stykke nord i Salten veit dei så godt i kvart hus kva det vil seie å «ligge på reina» og «å segle fjorden». Dei orda ber i seg så mykje av nordlendingens glede og gaman, sorg og sut, elsk og otte at det kunne lønne seg å sjå på dei ein grann.

Det er ein kjent ting at den store stemna som no kvar vinter i tusen år har møtt fram til Lofoten, i grunnen har satt stempelen på heile livet i Nordland. Du kan lese «lofotferda» på dei fleste tiltak folk imellom, og kunne ein tolke tankane, vågar eg at merket skulle vere skirare å sjå. Ein veit lite kor stor makt ein fast levemåte med ei lang soge har på folket i ættene opp igjennom, og større vert ho di balsamare og hardare levemåten er. Og det kunne vel vere sant at ingen har det så utrygt og ufyseleg her i landet som nordlendingen når lofotferda kjem. Fisket kan ofte ha hugnad og hyggje endå det jamt og samt er strev og strid, våс og våde. Men sjølve reisa, nordvegen, er så ufjelg at eg lite kan tru at det andre stader i Noreg er så tung å ta brødet. Ein skal vite at det er hardaste vinteren nettopp i den tida hav-vêret og land-vêret og nordavinden strid som kvassast. Og så kjem det til at båtane ikkje er skip, og vegstykket for mange er over dei tjue mil, og at leia ligg fram gjennom stygge fjordkjeftar og inn under farlege fjell. Rotkneet attmed Støtt kan ein lite kome framom straks det er eit landvindskast, for vinden går i slike flager at segl ikkje er førande, og imellom kan det vere daudstilla.

Men det verste er endå att: Du kan segle trygt heile turen ein tre–fire døgn til dess du kjem «på reina». Då lyt du stanse og sjå deg endå tryggare vêr, og det kunne saktens hende deg det same som det gjekk så mang ein dugande kar, at du laut vente på fjordvêret innpå fjortendagane. Vestfjorden, eller som Lofotmannen seier, Fjorden; det vil seie fjorden framom alle andre – han kan setje age i gutane. Det er ein underleg fjord òg. Denne kjeften er utruleg brei, klemmer seg så fælt langt ut i Ishavet og synest vilje gape over all den styggedomen som grev seg opp der ute. Og så desse høge fjellgardane på båe sider som dreg seg meir og meir inntil kvarandre di lenger det ber inn i fjorden. Det synest vere laga urimeleg godt til å pakke uvêrsmakta i hop og gje henne større kraft.

Ja, det er stygt havstykke, denne fjorden. Ikkje ei øy, ikkje holmen, ikkje skjeret som alda kan bryte seg sund på. Nei, det er heile storhavet som du har

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

med å gjere frå du slepp land til du tek land ein plassen fram med den velsigna Lofotveggen. Og ei 6–8 mil skal du fare i eit einaste tak. Ein slepp å tenkje på hamn og hus. Her må det anten bere eller breste. Det bar ofte så til her at det brast, at dei finaste folk, den venaste von laut krabbe på kvelven, sitje der til sjøen til slutt slo dei bleike ned i den store gravgarden.

Vestfjorden er Nordlands største kyrkjegard, og det er vel få hus som ikkje skulle minnast at ein eller annan av skyldfolket tok sitt lik-laken under Vestfjordens våte venger. Det er sant om ein seier at nordlendingar er om den gravgarden. Er det då å undrast på at gamal og ung tenker på Vestfjorden med age og elsk!

Teksten etter Ove Bakken, 1934.

# «NYE» TEKSTAR AV JON KLÆBO

## Ei rispe frå Nordland

Folket i Dalsvåg sat no i kveldsseta. Det lei langt fram på hausten, og dei tenkte så smått på lofotferda; ein kunne sjå det på arbeidet som dei sat med. Borte ved omnen var kjerringa og batt sjøvottar medan ho ender og då stakk bort i vogga med foten sin. Den eine tausa skulle tre ein vev i skafta; den andre sat med ei stor hampdokke på rokkhovudet og spann sildegarntråd som karmennene skulle ha med på langferda til handarbeid når det vart landligge. Frampå golvet stod lampa, og der borte hadde mannen fatt på ein toskegarnstreng som nyleg var tatt ut or strekk; han skulle no setje teiner på. Tenestedrengen sat attmed og la i toskegarnnålene; men borte ved glaset stod han Karel og kvesste på ein lin-klave. Han var sjølvfostringskar og budde der i huset. På kjaken innmed det eine auget hadde han ein føflekk; såleis gjekk det til at han som oftast vart kalla «Karel med flekken». Det var mykje til jask og prat heile kvelden, som vanleg er når gutar og jenter kjem saman, og mannen sjølv, som var ein mykje trøysam kar, var ikkje borte, han heller. Mange visste det vel at han Karel hadde eit godt auge til ho som sat i veven; i kveld fekk han no høyre at folk hadde ansa det; det var ikkje fritt for at mannen i huset også erta desse to. Ho var retteleg ei gagnleg jente, og han Karel var no ikkje nokon uvendsleg glunt når det bar i båten, og så ville han gjerne gjere seg noko til og få henne på trua. Kona ho berre høyrte på;

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

men då det lei til koketid, spurte ho om nokon var so hæv å hente den uers-vola som hang nede i naustet; til kvelds skulle dei ha uer-skoltar og potates. Mannen skaut augo sine bort mot linklaven: «Han Karel er no ikkje frosen-forfælt,» sa han og smålo. Det kunne ein straks sjå at han der borte tykte mykje ille om å gå til sjøen så seint på kveld. Hadde ikkje ho i veven vore til svars, trur eg mest han hadde halde seg heime. Men no måtte han vere kar; han keikte på hovudet lite grann så han fekk glytta bortover: «Eg skal vel få kokeri heim,» sa han Karel, og no var han uvanleg frisk i målet; «berre legg 'pund gryta!» Dermed la han fila borti glaskista, kasta trøya på seg og fauk av stad. Men jentene gliste seg imellom; dei såg kor heit og raud han var då han la ut gjennom døra. Det var likt til at han hadde fått fart på seg; ein kunne høyre treklumpane hans nedover bakken. «Dette naustet er eit farkhol, med draugar og skrømt og så den likkista i nausttaket! Berre eg var vel og bra heime att!» Så tenkte glunten og song og tralla så høgt at du skulle tru det var ein heil ålmuge som for fram. Men no var han komen på nersida av naustet; det var langt det; men det verste var å gå inn. Han skaut nøkkelen i det gamle trelåset så hardt at han var nær ved å knase heile greia, og då han fekk fatt i luka, tok han så i at ho fauk lang lei bort i fjæra. No var han snøgg inn gjennom naustet bort til nabben; jau, der var vola opphengt; han hadde ho alt i handa. Enno hadde han ikkje høyrt noko, og no var han visst berga. Han tok til å bli glad og ville til å syngje. Den gamle haustskjeringssongen kunne høve, og dermed tok han i med sitt tjukke mæle: «Fra mennisken haver jeg vendt min hu». – Men han kom ikkje meir enn første lina. Med det same han skulle ha den andre foten over den høge dørstokken, var det ein kar som fata han i trøyekragen. Han Karel gløymte reint song og trall. Andletet vart med ein gong så kvitt som bleikt lerret, og heile kroppen dirra som eit lauvblad. «Kven er du for ein dævel?» ropa han, hiva ueren langt ifrå seg, spytta i nevane og ville til å nappa i han som attanfor sto. Men det var ikkje råd til å få tak på'n. Glunten vart endå meir redd og sint; han både huta og banna; den hin kroppen sa ikkje det grann; han slo ikkje heller; berre når han Karel ville ut over dørstokken, ville draugen ha han innover. Han røynte på så hardt at stiftane på den eine treklumpen vart dratt ut og overlêret gjekk sundt på den andre; men nei; det vart inga hjelp, det heller. Det var då reint fælt; han Karel tok til å gråte og lese, og så sette han den eine hoselesten mot veiteskia og den andre mot dørstokken, la så fram over med all makta si; sveitten sila nedover kinna, slik tok han i; jau, no

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

mona det. Draugen fekk då sleppe likevel; glunten kunne høyre kor det rivna i stampetyet der handtaket til trollet hadde vore. Og no bar det heimover. Han kunne tydeleg høyre trollet etter seg; di meir la han i veg; han var mest andsloppen då han fekk fatt i ytterdørklinka, og inn bar det, opp gjennom troppa og til sengs oppå loftet. Dei som i stova sat og venta på han som skulle hente ueren med sjøen, tykte greinleg heile verda var laus då han Karel som setjande. «Jøssøs då!» sa kjerringa. «Du får sjå opp kva som står på,» og mannen med lys i handa oppå loftet. Der fann han glunten i senga med fellen over hovudet, brennande heit og med stirrande augo. Eit vitug ord var det ikkje mogleg å få av han. Ut på natta fekk han nedfallssotta; han bar seg så fælt at det ikkje vart fred for nokon, og det tok nokre dagar før glunten vart god igjen. Dei som gledde seg til å få uer, måtte gjere seg nøgde med graut. Men då mannen morgonen etter kom til sjøen, stod naustdøra på vid vegg, uersvola bort i fjæra slengt der kråke og ramn sat og heldt gilde, treklumpane hans Karel opprivne, og attmed døra ein stor gangvad-ongel hengjande ned frå taket, til halvparten utretta og med ulltråd på odden og i agnhaldet.

*Svein Urædd*, 28. april 1869.

# Brev frå Nordland (1)

Så mykje kan eg skjøne av namnet ditt, at du er i skyld med oss nordlendingar, og det beinar så godt til at eg må tru du er ein traust og uredd kar, slik som den ekte nordlending lyt vere når han legg til havs. Du vil då ikkje harmast på skyldfolka dine, veit eg, når dei ender og då skulle kome reikande med nordavinden, med bøn om å få ro med deg. Kva gagn det er i oss, det veit eg no ikkje. Vi får røyne det når det ber til i ufyseleg vêr med bølgjeslag og brottskavlar. Kunne hende at det her oppe òg tok til å sprette kring dei gamle stubbane. Eitt kan eg likevel seie: Fedrane våre var gode nordmenn, og i dette stykket sveiper vi mykje på dei. Sant er det at vi har korta av orda så dei er stutte og kanskje ufagre; ikkje heller er vi så kringmælte som sørlendingar plar vere. Likevel er målet vårt norsk, og nordmannen sitt gamle hjartelag lever i bringa vår. Eg har høyrt gjete at ein bykar skreiv i Morgonbladet om oss at vi var halvdanskar eller kva det no var. Råkar du den kroppen, lyt du helse han at han fer med løgn, gjer han. Du skal sanne dette når det vert meir med folkeleg

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

opplysing, og folket lærer håtten sin. Då skal nordlendingane skipe seg på den båten der dei er best vant, og som høver dei best. Skal tru nordlandsglunten kunne trivast om bord på danskejekta?

I livet og stellet her nord i landet kan du sjå mange teikn til at vi ikkje så reint har gløymt kvar vi kom ifrå. Den lut av fedrearven som dei liksom ba oss akte på, tarv nordlendingen ikkje skjemmast ved å syne fram. Det seier no alle at båtane og jektene våre er tjodlege skip, og vene er dei òg. Nordlendingen har no alltid hatt det mest annsamt med å fli om båtar og børnskap, endå han ikkje er så låk ein landmann heller. Men sjøen er likevel den kjæraste vennen hans, og du kan ikkje undrast på at eg kjem til å tale om sjø og fiske. Du tykkjer då vel ikkje ille om å dra ut i været ei lita ferd. Sild og torsk har lenge vore nordmannen sine venner, veit du. – Kan hende det er første gongen du fer på denne leia; så er det kanskje best at eg først greier ut korleis landet skjer med seg. Vi tar skinnbrok og skinnstakk på og så utover fjorden til Åsvær og Lovund (oldnorsk: Lafund). Dei øyar og holmar du straks får sjå, ligg alle utanfor munningen av to fjordar, Rana og Sjona (i gamle dagar Raðund og Sjónin). Skilnaden mellom desse fjordane gjer eit fjell som er mykje høgt og bratt. Men det vert ikkje lenge før det luter seg ned og støyper seg i havet. Det er flåglendt og flatt innmed fjellet der som det går i sjøen, og her på ei fin slette står Nesna kyrkje. Fjellryggen løyner seg ikkje heilt bort. Ei mils veg utanfor Nesna ris han opp høgt, høgt i vêret, men sundslått, med tindar og hamrar. Det er Tomma (oldnorsk: Tumba). Ja, det er merkelege nutar desse Tomm-tindane. Atter krøkjer fjellet seg djupt under den våte fellen. Du må segle mot nordvest innpå to mil; så løfter det seg atter: Det er Lovund.

Ho ser vørdnadsfull ut, som ei dronning. Kantane og den kvasse toppen er bortslipa, og ovantil må ho visst ha ei hallande slette. På flaket mellom Tomma og Lovund kan du sjå mange kransar av smærre øyar. Dei høyrer til Lurøy gjeld, som i gamle dagar var rekna i hop med Raudøy halvfylke, medan Nesna og øyane sør for Rana høyrte til Herøy halvfylke. Lovund står som ein merkestein, lutande utmed storhavet. Utanfor sviv auget ditt over den vide blåmyra. Nokre mil beint i nord kjem synet til å møte Træna (oldnorsk: Þriðnar) med sine tre kvasse tindar. Men denne merkelege øyflokken må naudsynleg hengje i hop med ein fjellkjøl lenger nord. No er det å seie at Sjona dreg til havs på nordsida av Tomma og Lovund, medan Rana sig ut på sørsida. Skal du så få greie på Åsvær, må du snu deg mot sør. Utanfor munningen til Rana ser du Dønna (før Dunøy). Ho er vel

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

sine to mil lang frå sør mot nord og har to kyrkjer, Dønnes (Dynjarnes), anneks til Nesna, og Vika, som høyrer til Herøy gjeld. Rana får ikkje gå rakt ut til havs; ho vert nøydd til å svinge med den eine armen noko meir imot nord, og med den hine lenger mot sør. På utsida av Dønna er det ikkje så fritt for øyar, holmar og skjer. Her råkar du no Åsværet så ikring ei mil beint ut frå Dønnodden. Såleis kjem det på lag i line med Lovund; men det er såpass som to mil mellom båe væra. Mot vest ser du berre det blå havet, men snur du deg mot sør, kan du ei mils veg frå Åsvær sjå Skipåsvær.

*Svein Urædd*, 10. februar 1869.

# Brev frå Nordland (2)

Eg vil halde meg til Åsvær. Det var ikkje alltid at her var så folksamt. Dei to grannane som her bur, klaga på framandfolk om våren når dei skulle rekkje egg, og om hausten når moltebæra skulle plukkast; elles kom det jamt nokon om sommaren til utrors for å dra uer. Stundom kunne dei sjå ein sjølvannanmann snu att og fram mellom dei mange holmane i tanke om å lure seg på kobben. Då det tok til å mørkne, og dagen vart stuttast, hende det òg at ein gamal skyttar våga seg ut i været; han ville stad å sjå kobbekjerringa når ho skulle på land og føde borna sine. Mang ein gong kom draugen til han midt på natta. Skyttaren måtte då alltid ha børsa si attmed seg, og fekk han så skott på det fæle trollet, fann han morgonen etter ei grønn sleipe på berget utanfor bu-døra. Uvandt er det å seie at draugane no ikkje kunne trivast i desse utværa då alle holmar og øyar er så fullpakka med kristent folk. Du ser forbina på denne mengd av skip og båtar, – naust, brygger og saltehus. Hamn er her, som stor og god er. Om du ikkje kan sjå dei ytste skjer og båar for rokk og sjøvêr, er det endå smult vatn inni dei smale sunda. Dei har mura opp steingardar og sett ned ringar.

Fiskarane frå dei næraste sokna er jamnast skipa tre og fire mann på fire- og halvfirerommingar; men så har dei ein seksroring til å hyse skrotet sitt på; i framskoten under løftinga er stova deira tillaga, og kjøkkenet er i framrommet. Notlaga har enten farty med seg, eller så har dei tinga hus på land. Det er no ikkje berre karmenn som skal til værs. Tenestejenter og framvokstgutar skal ut på ganing og salting, og den kvinna som ikkje tykkjer om å stå med slikt råslag, lyt vere med som kaffekjerring. No kjem du til smøret i grauten. «Dei toskete

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

nordlendingane» må vel i fisketida få smake på frukta av det sørlandske kulturtre, veit eg. Derfor finn du der ute drikkarhus, dansebuer, positivspelarar, lotteri og mykje anna slikt.

Dei har spurt om det var storsild her i gamle dagar, og det er vel ikkje så greitt å svare. I Egil si soga (kap. 10) kan du lese om Torolv Kveldulvson som budde på Sandnes, inn og sør av Dønna:

> Torolv var svær til å sopa til seg av all den rikdom der da var på Hålogaland; han hadde folk i sild'vær og på skreifiske; sel-vær var det òg nok av, og egg-vær, – avdrått av alt slikt let han føra til seg.

Kanskje det er rettast her å tenkje på sommarsilda, feitsilda, som dei fiska etter slåttonna utover. Det er no visst og sant, storsilda har ikkje i manns minne vore kjent i desse væra før 1865. Men det var ikkje mange som fekk vite om det då, og ikkje hadde folket kringom så storbeinte garn. Men neste sommar vart det fælt til styr og ståk med å binde garn, sette opp hus og bu seg til. Og då det vart vinter (66–67), kom det ein stor allmuge saman til å helse på gjesten. Det året kom silda så grastjukt at det vart så reint for lite av salt og tre og farty. Det var noko for spekulantar og pengemenn. Dei skunda seg med tilboda, og på holmane i Åsvær, Skipåsvær og Lovund reis opp det eine gilde huset etter det andre. Kjøpmenn sørfrå Bergen, Stavanger og Haugesund ville også ha sin del av fangsten. Men då det lei til jul (67–68) slo fisket reint ifrå. Silda var under land, det var greitt; men landvindsrokk og frost nekta ho å stige opp i sjøen, og folket å kome på sjøen. Det vart då reint låkt med fisket; i Lovund var det noko likare. Ikkje underleg at folket her før jul tenkte på sildvêret med von og otte. Men folksamt vart det; du skulle tru at kvar einaste holme var ei migmaurtue. Denne vinteren drog eg til Lovund. Silda kom den niande desember, og den natta var eg så heppen å ha nokre lenkjer ute. Då eg neste morgon hadde avtint, vart det ti kvarttønner. Ikkje mange hadde garn ute den natta. Di fleire sette den dagen. Men no kom uvêret, djuphavvind og sjøbord så det var ulikt å ansa børnskapen, og mange var det som miste heile lenkjer med garn og iler. Eit båtmannskap frå Nesna gjeld bleiv, seier dei. – Vi tente i år 50 dalar til manns; jamnast var det 20 –30 dalar på karen; det skulle vere dei som fekk innpå 100 dalar. I Lovund var ikkje så mange farty; derfor fór jamt og samt to eimbåtar og nokre jekter med laussild til Åsvær. Med gamalåret var også fisket til endes. Etter nyttår var det

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

berre notmennene som bala med å ta opp den innestengte silda. – Du kan tru vi sakna mykje heimen vår då helga kom. Det vart ingen julegraut, inga kalvkippe, inga kveite; ikkje kunne ho mor få lese bøna for oss julekvelden, og borte var vi frå den lyse, fagre kyrkja vår. Men så heldt vi kor under tjeldet, og «Storegut» og andre bøker hadde vi tatt med. Du skulle høyre, kjære Svein! Kor vent det er når alle båtlaga syng kveldsongen. Det er som vore heile været ei syngjande kyrkje.

*Svein Urædd*, 17. februar 1869.

# Brev frå Lofoten

Det gjorde hugen min glad at den første brevvekslinga var høveleg i bladet ditt. Du har tatt på med eit stort og alvorsfullt arbeid; du vil sjå til å få alle menn i Noreg inn i den lyse fylkingen som held saman kring folket sitt eige merke. Ja, berre vi kunne halde traust i hop! – Nokre ord om utvær og uvêr, øyar og øydeholmar har også litt å seie, for dei ber bod frå norske menn og kvinner som fekk den livsgåva å slite og streve på fjord og hav; den tanken og den livsstyrken som det balsame livet her oppe har fostra og oppkveikt, må kome inn i den stova der heile folket sit og aktar på rikdomen sin. Den glede du har gjort både meg og mange, skal bere fram den takk og velsigning som ein godt treng til når det er hardt og tungt.

Denne gongen kjem du til å høyre noko frå Lofoten. Nordlendingen sitt liv og lofotferda heng fast i hop. Igjennom heile året kjem tanken støtt tilbake til denne storreisa, og tidleg på hausten tek folket til med å bu seg. Denne ferda må vi ta på den hardaste tid av året. Det er eit hardt stykke, den nordvegen, og Vestfjorden er jamgod med heile vesthavet. Mang ein gjæv og gild glunt har slokna i denne djupe grava. Tanken om Lofoten ber age og redsle til gamlingen og mora, men framvokstringen lengtar fram til den dagen han kan kome i lofotbåten; får han berre vere med som tredjepart-kar eller halv-kar; han er likevel glad, for har han vore i langferd, så er han kar.

Det gjekk vel og bra med oss på nordvegen i år. Vi hadde tåleleg vêr. Det er sjølvsagt at den dagen vi sigla Vestfjorden, hadde vi ein snåp vind. Då det drog ut på ytteregga, fekk vi ein god grynning opp etter botnen. Det er nå jamnast så at han er sterk i Vestfjorden på vinterstid. Stundom er det søraust innmed landet,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

men når du kjem midtfjords, kan han vere ein 4–5 klør til bords av djuphavet med slik sjø og bølgjer at han vil bryte deg i søkk. Då røyner det på å ha ein bergeleg båt, og så må høvedsmannen og karane ikkje vere forfælde. Det må vere gløgge og sjøvande folk til å sjå det beste fjordvêr. Men stundom kan ikkje manneauget leite fram det skiftet i vêrlaget som snart kan leggje heile havet i oske.

Då vi vel var framkomne, rodde vi opp i været og helsa på oppsynet; vi skulle ha nummer på båten vår, må vite. Dei skrepte no mykje av dei gode utsynene for Stamsund og Steine i år. Men no syner det seg kor mykje ein kan lite på det slike karar seier. For dei har ikkje vit på det sjølv, og når dei spør fiskarane, er det mange som lyg dei så fulle at det ikkje er høyrande på. Ikkje har det vore gode syner her i vinter, og ingenting har det vorte; vi har drive med garn og line, men det har ikkje vorte noko vidare av heile vinteren. Det har ikkje vanta på uvêr og ulukker. Midtvinters hadde vi ei landlege på åtte dagar. Det var berre rokk kvar einaste dag. Då kan du tru vi hadde det trøysamt på land. Eg laut då jamt lese høgt om kveldane, og det gjekk då tidt slik at eg las heile kula i søvn før eg slutta.

Ein laurdag skulle vi ut og dra opp garna til helga; vi fór ut åtte mann, og vel var det at vi var godt mennte, for han la slik til at dei måtte segle på land kvar ein kjeft; det var visst ein to–tre båtar frå desse væra som kollsegla; ein båt frå Henningsvær fekk ein sjø som kravmol heile greia nettopp som folket vart berga. Vi fekk garna våre, men det var eit sprettsjøvêr. – Ein dag sidan smurte karane våre – åtte mann på åttringen – av stad for å dra lina; eg vart på land og skulle egne ein stamp line til å få i sjøen ein annan gong. Det vart ikkje lenge roleg til arbeidet. Gluntane måtte fort ta hyret på seg. Ein linemann ovanfrå været hadde trilla seg om innafor holmane. Dei dreiv på kolvet ein halv time; så fekk vi ansa dei frå land, og då var vi ikkje seine. Stakkars folk, dei skreik og ropa til vi kom kloss til kolvet. Dei vart då berga alle mann.

Folket talar fælt mykje med kvarandre om søndagssetting; nokre trur det er rett, andre at det er synd. Eg stod ein dag og høyrte på ein senjaværing som disputerte med ein politi. Den hin kroppen meinte det var synd å setje børnskapen søndagskvelden, politien trudde det var som det skulle vere. Men i lag med anna toskut som han kom med, sa han òg at søndagen var til minne om Kristi Himmelfart. Dei må vere gjæve karar i tru og kristendom der nede i hovudstaden. Denne karen var ein løytnant.

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Sommarmål-dagen kjem snart; nokre drar då på Finnmarka, nokre til den kjære heimen. Det siste settet kallar vi kringlesettet; ho mor og borna, veit du, skal ha litt kaffi, sukker, kringle og slikt noko av lofotfolka sine. Vi er meinte på snart å klave opp og seie velfar til Lofotfjella. Far no òg så vel og takk for denne gongen.

Ivar

*Svein Urædd*, 21. april 1869.

# TILLEGGSMATERIALE – TEKSTAR *OM* JON KLÆBO

# Eit minneblad (Olaf Lofthus)

*Av Olav Lofthus*

Ein mann som både målsaka og mykje anna godt og sant i livet venta seg hjelp av, er i haust gått til kvile. Denne mannen heitte Jon Klæbo.

Dei som har lese «Frå by og bygd» vil hugse ein diktring kalla «Den draumen min» som ein gong sto her i tidsskriftet, likeins «Til jul, ei lita tavle frå Nordland» og «Ho Dun-Sesel», to forteljingar om livet nord i landet. Desse stykka som har bore ymse merke, er skrivne av Jon Klæbo, ved sida av mykje anna som han har skrive på andre stader. Eit av dei største skrivne arbeida hans er «Nogle Ord til Minde om A. O. Vinje» som han skreiv for «Bergens Tidende». Han var ein av dei som kjente Vinje best, og han hadde tatt på seg å bere fram eit heilt stort livsbilete av den avlidne diktaren; men hans eige liv rakk ikkje til – nummer 12 av stykka om dette emnet skreiv han dei siste fjorten dagane han levde. Framhaldet lyt ein annan ta i arv etter han.

Jon Klæbo var fødd på garden Glein i Nesna i Nordland. I første ungdomsåra sine rodde han lofotfisket; men trongen dreiv han til å lære meir enn han kunne få greie på frå båten eller i fiskarhytta. Så kom han på seminaret i Troms og vart seinare lærar på ein guteskule i Kristiania. Samstundes las han til examen artium, og etter at han hadde fått artium og tatt andre-eksamen, tok han til å studere teologi. I denne tida var han mykje med i det litterære livet og var kjent som ein av dei beste pennane på den frilynte, nasjonale sida. Men kroppen var

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

ikkje så sterk som ånda. Ein brystsjukdom tok til å tære på han, og så reiste han til Hardanger og vona i det vêrlaget der inne på Utne å vinne att helsa si. Sjølv hadde han aldri trua på at han ville kome seg, og den 29. august flytte han til ein rolegare heim, kring 35 år gamal, sakna av alle dei som hadde lært å kjenne denne fine, reine sjel med det frie syn på livet og vilkåra hos folket vårt, og ikkje minst i målmannsflokken – der vert hans stad vond å fylle. Gje vi hadde mange slike!

Mann som han vart sjeldan funnen,
hjartevarm og god til grunnen.
Vart han ikkje vigd til prest,
var han då i livet fest
mellom dei som lyset kveika,
mellom dei som varmast preika.

Å, han ville gjerne frelse
sjuke folket heim til helse;
sårt det i hans bringe brann,
at han ikkje lenger vann –
ville gjerne lenger skride
fram for lys og liv å stride.

Tungt er å slike miste,
menn som kunne runer riste
djupt i Noregs minnestein.
Få dei er, og ein for ein
ser ein alt i striden falle,
medan andre tar til halle.

Slokna er eit lys or landet –
blankt det skein, men no brast bandet.
Stutt var glansen – på hans grav
blømer då ein Arons-stav:
Det han gjorde, vil ei gløymast,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

men som arv av slekta gøymast.

*Frå By og Bygd*, 1874.

# Jon Klæbo i Hardanger (Margreta Lutro)

Ove Bakken leverte ei rad tekstar til dette spesialnummeret av bladet og skriv i innleiinga til forteljinga om Klæbos opphald i Utne følgjande:

Medan eg arbeidde med Jon Klæbo, kom eg òg i kontakt med *Margreta Lutro* i Hardanger. Det er ei kone med stor hug for bygdehistorie og folkeminne. Ho er med i eit historielag for Hardanger og har skrive ikkje så lite i eit tidsskrift dei gjev ut.

Margreta Lutro er fødd i 1872, så ho minnest ikkje sjølv Jon Klæbo. Men ein eldre bror og ei eldre syster hugsar vel denne særmerkte nordlendingen, og dei har fortalt henne mykje om han.

Den utgreiinga som her følgjer, er eit utdrag or eit brev frå henne.

Utne er gamal gjestgjevarstad. Noko anna «Hotell» var her ikkje i Hardanger i fyrstninga av 1870-åra. Ho som då var vertinne i gjestgjevargarden, var den greie og dugande Torbjørg Utne, eller «Mor Utne» – landskjent for god mat og godt stell. Av andre kjente menn som også budde hjå «Mor Utne» i 70-åra, kan nemnast kunstmålar Vilhelm Peters og P. Chr. Asbjørnsen.

Jon Klæbo kom til Utne sumaren 1871. Han var då sjukleg og fekk til bustad loftet over tingstova, der det var fint utsyn over fjord og fjell og fritt og roleg av di tingstova stod skild frå sjølve gjestgjevarhuset.

Klæbo friskna bra til den første tida han var på Utne. Han vart etter kvart kjent med gardsfolket. Og dei tykte snart at han var meir liketil og skjønsam mot dei enn andre framande som også budde i gjestgjevargarden. Han snakka med born og ungdom når han trefte dei etter vegen, og med dei eldre rødde han så vitug om deira arbeid og strev, så han vart snart halden for å vere som eit gardsmenneske.

Om vintrane høvde det så til fleire gonger at Klæbo heldt skule for borna i staden for folkeskulelæraren som ikkje nettopp var av dei beste til å halda disiplin. Men for Klæbo var det ingen vanske. I timane var det stilt, og borna følgde godt med. I middagsstunda hadde dei før sprunge så langt frå skulestova

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

at læraren ofte måtte leita etter dei. Klæbo hadde ei lita bjølle som han ringla på når borna skulle inn att. Då kom dei springande med det same.

Det var tre smågutar Klæbo tok seg særleg av. Det var dei to eldste brørne mine: Johannes og Torgeir Utne, og så Lars Jørgenson Utne, seinare bilethoggar. Dei var då i 11–12-årsalderen. Lars var den yngste av ti søsken. Hos oss var det fleire små. Derfor var det rolegast i Midttunstova, og der var det då Klæbo heldt skule for desse tre smågutane dei vekene då det ikkje var folkeskule. Det var vel vanlege skulefag, kanskje helst bibel- og Noregssoge.

Landstadboka var just då tatt i bruk i Kinsarvik, og Klæbo lærte borna dei nye salmetonane. Alle julesalmane lærte dei. Særleg «Her kommer dine arme små» og «Fred til Bod for bitter Savn» song borna med liv og lyst så det ljoma i stova. Klæbo kunne ikkje synge for sjølv av di halsen var vond. Men han spela på fele, og stundom plystra han salmetonane. Dette tykte borna var underleg. Det var alltid sagt til dei at ikkje måtte plystre, for då kalla dei på «Styggemannen». No plystra Klæbo salmetonar! Når *han* som var så god og snill ein mann, kunne gjere det, så kunne det ikkje vere noko synd.

Om søndagskveldane kom Klæbo ofte opp i stova vår. Han hadde då fela med seg. Ho mor var glad i song og hadde god songrøyst. Der samlast då full den store stova både med born og vaksne, ja, inntil gamle menn. Stundom song dei, og ofte fortalte Klæbo eventyr. Då var det dørgande stilt i stova. Borna sat med store augo og saup kvart ordet, sette så i ein god latter innimellom.

I dei tre åra Klæbo var her, vart han etter kvart kjent med folket kring fjorden. Såleis var han med i tre bryllaup, eitt på Alvsåker og to på Utne. Til bryllaupet til skipskaptein Johan Utne, son til «Mor Utne», og frk. Johanna Garmann dikta Klæbo ei vise som vart trykt og utdelt til gjestene, men som no er vanskeleg å finne.

Til lesehuga ungdom lånte Klæbo bort gode bøker og blad. Tæringssjukdommen var ukjent her då, og ingen var redd for smitten. Heller ikkje vart det nokon etter som fekk denne sjukdommen.

Det var ikkje økonomisk vinning som dreiv Jon Klæbo til å ta seg av born og ungdom. Men konene tykte likevel monn i å gje han eit sokkepar eller ei korg med fine juleeple. Det var ein trong hos han sjølv til å gjere godt – berre godt for folket. Han skriv sjølv i eit brev: «Jeg må se til, om der over mine siste dage

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

kunne skyte en liten frukt.»

Frøet han sådde, har vakse og mognast. Austlids ABC og Austlids lesebok vart straks tatt i bruk i skulen i Kinsarvik. No er det berre landsmål som er bruka her i skule, kyrkje, herad og alle offentlege «kontor».

Alle dei som enno lever, og som hadde den lykka å vere saman med Jon Klæbo, har gøymt på dette lyse minnet som er kring 60 år.

Klæbo hadde ikkje noko sjukeleie. Han gjekk oppe til siste dagen, laurdag 29. august 1874. Gardsfolk og andre venner følgde han til grava på Kinsarvik kyrkjegard. Der reiste dei ein minnestein på grava til den nordlandsguten som dei hadde vorte så glad i – som her var frendelaus, men ikkje vennelaus.

I fleire år har no Kinsarvik ungdomslag samlast 17. mai og kransa grava til denne fine ungdoms- og norskdomsmannen.

Frå *Håløygminne*, hefte 4, 1933, s. 109–111.

# Noko om Glein – fødestaden til Jon Klæbo (Hans B. Klæboe)

På Jon Klæbo-kvelden som Håløyglaget i Oslo skipa til 6. mai i år, heldt sokneprest h.v. *Hans B. Klæboe* – ein brorson til diktaren – eit kåseri om *Glein*, heimbygda til Jon Klæbo, og livet der i midten av førre hundreåret. – Seinare skreiv soknepresten velvillig ned kåseriet etter minnet så eg [Ove Bakken] kunne få nytta det i arbeidet med Jon Klæbo. – Her følgjer nokre av dei mest opplysande bolkane i kåseriet.

*Glein* ligg på nordaustsida av den store, fagre Dønna rett ut for munningen av den lange Ranafjord. Glein er fleire smågardar på ei slette som hallar jamt ned mot sjøen. Ved arv og kjøp kom noko av den sentrale garden og det som no er oppdyrka av Gleinsmoen i Klæbo-ætta si eige alt i frå 1698 og har sidan høyrt til ætta.

Framom Glein ligg Skipfjorden som den gongen var den vanlege leia. Her drog alle båtane og fartya sørfrå nord til Lofoten og Finnmark i januar og attende same vegen heimetter i april, og elles alle tider på året, med fast hamn i Gleinsvågen som skjer seg inn på sørsida av Glein.

Her voks Jon Klæbo opp. Eg er berre 14 år yngre enn farbror min Jon Klæbo,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

så min eigen barndom og ungdom fell mest saman med hans.

Eit folkeferd så strevsamt og trottig, så vake som her på Dønna, er vanskeleg å finne. Her er ikkje velstand, her er stadig slit og strid for brødet og for livet. Småbruk og sjøbruk er det stadige yrket for alle. Frå tidlegaste morgon, «i otta føre dag», som dei sa, til seine kvelden var Jon Klæbo og dei to brørne og fire søstrene hans opptatt med arbeid. Men trur du no at dette arbeidslivet var ei keisam tredemølle, så tek du i miss. Her var humør, her var sprakande liv og lått midt i alvors slit.

Her fanst ingen landhandlar. All handel gjekk sørover og kom sørfrå: Bergen var den mektige handelsplassen heilt frå mellomalderen og hanseat-tida. Vår og haust gjekk dei vidgjetne stemnene til Bergen. Kvar vår eller forsumar kom *vårstemna*. Dei storvakre nordlandsjektene med det veldige storseglet og toppseglet drog sørover med tørrfiskladning til midt oppå masta, i strykande fart mellom fembøringar og mindre båtar. Storseglet hadde svarte rånokkar, for dei sørgde over «han hr. Petter», dvs. Petter Dass. I farmen hadde dei òg sildetønner, lever og trantønner – – – Alle skulle dei til Bergen.

Når dei så kom heim att, var dei lasta med alle slag saker: Ei mengd snøkvite tomtønner med krusty og steinty, med tyvarer og mykje rart: Bergenskringler, rugkavringar, spekulasje og godt – og ikkje å gløyme «bernsblom» – ei ekstra lita gåve til ho mor eller til kjærasten.

Til hauststemna var dei same tønnene fulle av sild og tran og fartyet elles lasta med kleppfisk og tørrkveitesekker, dunballar og meir dylikt.

Utom desse to straumane gjennom Skipfjorden vår og haust kom Bjørnsmarknaden i juli. Han var litt sør for Glein på Dønna. Her var den årlege lokalhandelstemna for Helgeland. Då kom Vefsnværingar, Ranværingar, Sjonværingar ut til Bjørn med storbåtane sine lasta med småbåtar oppe i rommet både framom og attom masta, så dei såg ut som små babelstårn. Her kom all slag trevirke, bøtter, stampar, river og innbu som det trelause Dønna ikkje kan skaffe seg sjølv. Men ute frå Rølvåg, ute frå øyane: Juløya, Træna, Åsvær, Havsteinen, kom dun og fjær, egg i mengd, moltetønner, tørrkveite og annan fysemat, smør, kjøtt, ost – – – Mest ei heil veke stod marknaden på, eit Eldorado for ungdomen, for dei som skulle selje, og dei som skulle kjøpe. Her fann dei unge gutane utifrå «bruretømmer», dei giftande jentene kåra her titt

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

den guten dei trudde på og tykte best om.

No finst korkje Bergensstemnene, nordlandsjektene eller Bjørnsmarknaden meir. Men alt dette fostra ein gong eit rikt og spennande folkeliv som skapte vokster og utlengt hos dei unge. No er alt som ein draum.

Men den store sentrale alvorssamlinga lever enno: Julehøgtida då dei bad farvel med lofotfolket som drog nordover i januar. – Jula var og er den høgheilage festen. Då gjekk ingen lut til nokon granne juledagen. Var det gudsteneste, tala dei knapt med kvarandre på kyrkjevegen. Samrøde og helsingar då vitna om mindre god folkeskikk. – Då kom òg det gode huslivet best fram, då åt husbondfolket saman med tenestefolket.

Det rådde ein stor vørdnad for far og mor. Jon Klæbo sa aldri *du* til foreldra sine, og mor mi og far min heller ikkje til sine foreldre. Med søskena mine kom skiftet. Vi vart lærte til å seie *du*. Mor mi fortalte at før konfirmasjonen måtte ho alltid stå attmed middagsbordet, og det var vanskeleg for henne, for ho var høgvaksen.

Dei visste nøye om kvarandre og vog dei ymse ættene nøye.

Glein hadde ein «vardhaug» oppfor Gleinsvågen, ein samlingsplass frå dei eldste tidene. Særleg samlast ungdomen her jonsokkvelden med bål og leik. Her har det vore ein kjempehaug med mange segner. Tenk på segna om Hestmannen og Lekamøya.

Ja, her er eit vake og gåverikt folkeferd – med ettertanke og judicium – – –

Frå *Håløygminne*, hefte 4, 1933.

# SAMLA OVERSYN OVER TEKSTAR AV JON KLÆBO

Tekstane som er samla og utgjevne i bøker, er merka med årstalet då boka som dei først stod i, kom ut. Tekstar trykt for andre gong i 1898 og kanskje for tredje gong i 1934, er berre oppført med første bokutgjevinga (1888) om dei var med der. Alle titlar er moderniserte.

Tekstar som er tatt med i utvalet her, er dessutan merka med *.

Oversynet viser at berre artikkelserien «Fortrolige brev fra en samtidig» og dei tre «breva» med «fiskerimeldingar» frå Lofoten ikkje er utgjevne i bokform,

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

om vi tar med den digitale utgjevinga som her ligg føre. Fordi Klæbo oftast signerte tekstane sine med eit pennenamn eller ein bokstav eller to, kan det sjølvsagt vere fleire tekstar i blad og tidsskrift i tidsromet 1868–1874 som ikkje er funne, eller som ingen med visse har kunna tilskrive han.

### Dikt

| | |
|---|---|
| For Nordland | 1888* |
| Nyttårshilsen til Helgeland | 1888* |
| En stemning på skolen | 1888 |
| Ved en elevs grav | 1888 |
| Nordland | 1888* |
| Ei gjenta | 1888 |
| Til proprietær Chr. Holmsen | 1888 |
| No kjem jul | 1888 |
| Ening gjør sterk | 1888 |
| Ho mor får lofotfolket sitt heim | 1888* |
| Sang til fedrelandet | 1888 |
| 17. mai | 1888 |
| Det gamle år | 1888 |
| Ho Sigrid med kyrkja | 1888 |
| Borte frå heimen | 1888* |
| Til Aasmund Olavson Vinje | 1888 |
| Gamle Ueland | 1888 |
| Den 17. mai l870 | 1888 |
| Cand.theol. J. Oluf Olsen | 1888 |
| Ved en skolefest | 1888 |
| Til postfullmektig Hjort | 1888 |
| Til min mor | 1888* |
| Til pastor Dometius | 1888* |
| Jul 1871 | 1888 |
| Den draumen min (I–III) | 1888 |
| Innmed land (I) | 1888* |
| Innmed land (II) | 1898 |
| Ei ny sørgjeleg vise | 1888 |
| Rimbrev til vossingen | 1888 |
| Apalen min | 1888 |
| Rullen | 1888 |
| Sporven | 1888 |
| Vi to | 1888 |
| Ei gran | 1888 |
| Uvêr | 1888 |
| Jakob Samsonson Haugse | 1888 |
| Nyttårshilsen | 1888 |
| Bønn for Norge | 1888 |
| 17. mai 1874 | 1888 |
| Til 'Banken' | 1888 |

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

| | |
|---|---|
| Livet | 1888 |
| Til henne (I–III) | 1888 |
| Vers-stubber (I–II) | 1888 |
| Nordlandsliv | 1898* |

I *Håløygminne*, 4, 1933 har Ove Bakken teke med fem dikt frå ei notatbok Klæbo hadde. Alle er frå tida medan han var i Christiania.

Når hjertet
En vårmorgen
Den 2. september 1867
Nyttårskvelden
Den gode hyrding

### Forteljingar

| | |
|---|---|
| Frå Hardanger | 1888 |
| To dagar i Nordland | 1888* |
| Til jul | 1888* |
| Ho Dun-Sesel | 1888* |
| Det skulle så vere | 1888 |
| På Reina, over fjorden | 1934* |
| Ei rispe frå Nordland | * |

### Brev

| | |
|---|---|
| Brev frå Nordland (I–II) | * |
| Brev frå Lofoten | * |
| Lofotfisket (I–II) | |
| Frå lofotfisket | |

### Bokmeldingar

| | |
|---|---|
| Ei dansk bok | 1888 |
| Frå Vestlandet | 1888 |
| Om 'Nokre salmar' | 1888 |

### Artiklar (kulturhistoriske og litteraturhistoriske arbeid)

| | |
|---|---|
| Trekk av det norske folks åndsliv | 1888 |
| Noen ord til minne om A.O. Vinje | 1888 |
| Fortrolige brev fra en samtidig | |

## LITTERATURLISTE

### Primærkjelder

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

Klæbo, Jon 1888. *Digte og Fortællinger samt A. O. Vinjes Livshistorie*. Kristiania: Mallings Boghandels Forlag. Utgjevar: H.G.Heggtveit

Klæbo, Jon 1898. *Songar og sogor*. Kristiania: Bertrand Jensen. Utgjevar: H. G. Heggtveit

Klæbo, Jon 1934. *Dikt*. Oslo: Olaf Norli. Utgåve ved Ove Bakken.

Klæbo, Jon 1869. Klæbo-tekstar i bladet *Svein Urædd*

Klæbo, Jon 1870. Klæbo-tekstar i bladet *Svein Urædd*

## Brev

Avskrift av brev frå Jon Klæbo til Anton Christian Bang mellom 1865 og 1871 frå Heggtveit-samlinga i arkivet ved Det teologiske Menighetsfakultet.

Avskrift av brev frå Jon Klæbo til Henrik Krohn, 15.04.1870, Universitetsbiblioteket i Bergen.

Avskrift av brev frå Jon Klæbo til Carl Johan Nielsen 27.03.1874 og 05.07.1874 i brevsamling 407 (Blix) ved Nasjonalbiblioteket i Oslo.

Alle breva er tatt avskrift av og i nokon grad kommentert av Anders Aschim.

## Sekundærkjelder

Aschim, Anders 2008. *Elias Blix: Ein betre vår ein gong*. Oslo: Det Norske Samlaget

Bakken, Ove, red. 1933. *Håløygminne*, hefte 4. Oslo: Hålogaland Historielag

Bang, Anton Christian 1909. *Erindringer*. Kristiania: Gyldendalske Boghandel

Coldevin, Axel 1980. *Dønna bygdehistorie*. Solfjellsjøen: Dønna kommune

Collett, J.P., red. 2010.*Universitetet i Oslo – en historie i bilder*. Oslo: UiO

Daae, Ludvig 2003. *Professor, dr. Ludvig Daaes erindringer og opptegnelser om sin egen samtid*. Oslo: Novus (Det norske språk- og litteraturselskap)

Gjerdåker, Johannes 2001. "John Klæbo.»*Hordaland* 5. mai, s. 5.

Heggtveit, H.G. 1888. «John Klæbo» i *Digte og Fortællinger*, 5–11. Landsmålsutgåve av same teksten i Klæbo 1898.

Klæboe, Hans B. 1933. «Noko om Glein – fødestaden til Jon Klæbo.» I *Håløygminne* nr. 4, 100–102.

Laumann, Svein u.å. «Ernst Ekmann – en lokal kunstner i steinarbeid.»

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com

http://loekta.net
Lofthus, Olav 1874. «Eit minneblad.» *Frå By og Bygd*, 1874
Lurøy lokallhistorie u.å. ”Carl Johan Nilsen Ulvøy»
http://www.luroy.folkebibl.no
Lutro, Margreta 1933. «Jon Klæbo i Hardanger» i *Håløygminne* nr. 4, 109–111.
Løkås, Ole 1949? «Jon Klæbo. Diktaren – læraren – norskdomsmannen.» *Jul i Hålogaland*, 11–13.
Opedal, Halldor O. 1965. ”Diktaren Jon Klæbo og Hardanger» i *Hardangerminne. Festskrift til Halldor O. Opedal*
Skei, Hans H. 1974 «Jon Klæbo – diktar og folkeopplysningsmann.» *Dag og Tid*, 9. mai. Også i *Vegen til bøkene*. Oslo: Aschehoug, 1993.
Stegane, Idar 1987. *Det nynorske skriftlivet*. Oslo: Det Norske Samlaget
Uppdal, Kristoffer 1920. *Altarelden*. Kristiania: Norli

---

Jon Klæbos *Nordlandsliv Tekstar frå Nordland* er lastet ned gratis fra bokselskap.no

Web2PDF
converted by Web2PDFConvert.com